

Tina Louise Ringstad Larsen

## **Byggeklossar i barnespråk**

**Om tre norske born si tileigning av funksjonelle kategoriar**

Masteroppgåve i nordisk språkvitskap

Trondheim, mai 2014

Institutt for språk og litteratur

Det humanistiske fakultet

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet





## **FORORD**

Det tok ei stund før eg klarte å bestemme meg for kva eg ville skrive om i masteroppgåva mi. Openberringa kom på konferanse i Tromsø under eit føredrag om barnespråk, eg var sold med ein gong. Eg hadde aldri vore på denne konferansen viss det ikkje hadde vore for hovudrettlearen min, professor Kristin Melum Eide, som huka tak i meg den første gongen me møttest og har vore der sidan. Tusen takk for god hjelp og støtte; ikkje berre har du vore ein framifrå fagleg rettleiar, du har òg tidvis fungert som coach og strikkeguru. Ein stor takk òg til rettleiar nummer to, professor Mila Vulchanova, for all fagkunnskapen du har delt og dei spennande prosjekta eg har fått vore ein del av gjennom deg.

Vidare vil eg takke professor Terje Lohndal for gjennomlesing av oppgåva og nyttige innspel undervegs, og Ragnhild Eik for fruktbare diskusjonar og hjelp når eg har stått fast. Eg har òg tatt for meg av ekspertisen som finst på instituttet (ISL), og retter difor ein takk til alle dei eg har plaga med spørsmål av ulik karakter, og til Eli Wold for god velkomst på instituttet samt velvillig hjelp med stort og smått.

"Gullrekka" på lesesalen har vore essensiell i heile mastertida; Anne Mette, Aleksander, Heming og Ragnhild, denne tida vil verte sakna. Ein særskilt takk til Heming, verdas mest tolmodige menneske: Det hadd itj vorri nå syntaks uten dæ! Vidare vil eg takke Brita Ramsevik Riksem og Heming Strømholt Bremnes for å ha korrekturlese oppgåva, og Astrid Kolind Riemer for hjelp med "gløshaugenting", som excel og grafar.

I tillegg har nokon av dei viktigaste menneska i denne tida vore dei fantastiske hundepassarane som har stilt opp litt titt og mest ofte. Spesielt har det vore mykje besøk hjå "kennel Tveit", "hundebarnehagen Mersland", mamma, bestemor, pappa og Marit, og god hjelp frå Mathilde og Tonje. Eg får det travelt med å "betale" tilbake all den hjelpa eg har fått frå dykk.

Det hadde ikkje vore noko å skrive oppgåve om utan informantane mine og den fantastiske innsatsen foreldra deira har lagt ned i eit halvt år med å gjere opptak og rapportere til meg. Eg bøyer meg i støvet og er evig takknemleg for den jobben de har gjort.

Til slutt må eg sjølv sagt seie at sjølv om eg har vore så heldig å ha eit heilt stjernelag rundt meg i prosessen med å produsere denne masteroppgåva, er alle eventuelle feil og manglar fullt og heilt mitt eige ansvar.

Trondheim, april 2014

Tina Louise Ringstad Larsen



## Innhald

<b>FORORD.....</b>	<b>iii</b>
<b>1 Innleiring .....</b>	<b>1</b>
1.1 Oppbygging og struktur .....	2
1.2 Rammeverk for oppgåva: .....	2
Generativ grammatikk og universalgrammatikken.....	2
1.3 Kva er det med C-domenet? .....	4
1.4 Kva kan barnet på 24 månader?.....	5
<b>2 Syntaktisk teori.....</b>	<b>7</b>
2.1 Minimalisme og generativ historie .....	7
2.2 Prinsipp- og parameter .....	7
2.3 CP-TP-VP-systemet .....	10
2.4 C-domenet.....	13
2.4.1 Splitta CP .....	14
2.5 T-domenet.....	16
<b>3 Teoriar om førstespråkstileigning .....</b>	<b>19</b>
3.1 Framhaldshypotesen hjå Poeppel og Wexler (1993).....	19
3.2 Modningshypotesen hjå Borer og Wexler (1987) .....	22
3.3 Platzack (2001) og det sårbare C-domenet .....	25
<b>4 Metode .....</b>	<b>27</b>
4.1 Korleis kan ein få tilgang til barnespråk? .....	27
4.2 Informantar.....	30
4.2.1 Informantkriterium og utveljing .....	30
4.2.2 Mine informantar .....	31
4.3 Forskingsetiske omsyn.....	32
4.4 Innsamling av og oversikt over data.....	34
4.5 Transkripsjon .....	35
4.5.1 CHILDES .....	36
4.5.2 Val for standardisering.....	36
4.6 Reliabilitet .....	39
4.6.1 Datainnsamling og transkripsjon.....	39
4.6.2 Analyse av spontan tale.....	41
<b>5 Resultat.....</b>	<b>43</b>
5.1 Eksklusjon.....	43

<b>5.2 Resultat tilhøyrande T-domenet .....</b>	<b>44</b>
5.2.1 Hjelpeverb .....	44
5.2.2 Setningsadverbial .....	46
5.2.3 Negasjon .....	46
<b>5.3 Resultat tilhøyrande C-domenet .....</b>	<b>48</b>
5.3.1 Kv-spørsmål .....	49
5.3.2 Topikalisering .....	50
5.3.3 Underordna setningar .....	53
<b>5.4 Individuell utvikling .....</b>	<b>55</b>
5.4.1 Tuva .....	55
5.4.2 Idun .....	56
5.4.3 Ylva .....	57
<b>5.5 Samandrag resultatkapittel .....</b>	<b>58</b>
<b>6 Analyse og diskusjon .....</b>	<b>59</b>
<b>6.1 Problem med hypotesane .....</b>	<b>60</b>
<b>6.2 Prediksjonar .....</b>	<b>61</b>
<b>6.3 Hjelpeverb .....</b>	<b>62</b>
6.3.1 Idun – med og utan <i>har</i> .....	62
6.3.2 Tuva – valfri infinitiv eller modaldropp? .....	63
6.3.3 Samandrag .....	64
<b>6.4 Negasjon .....</b>	<b>64</b>
6.4.1 Tre stadium av negasjon .....	65
6.4.2 Éin og éin paradigmemedlem .....	66
6.4.3 Valfri infinitiv .....	67
6.4.4 Samandrag .....	67
<b>6.5 Topikalisering .....</b>	<b>68</b>
6.5.1 Ylva .....	68
6.5.2 Tuva – topikalisering med kopulamangel .....	69
6.5.3 Tuva – topikalisering utan inversjon .....	70
6.5.4 Samandrag .....	71
<b>6.6 Underordning .....</b>	<b>71</b>
6.6.1 Idun .....	73
6.6.2 Tuva .....	75
6.6.3 Samandrag .....	76
<b>6.7 Kv-spørsmål .....</b>	<b>76</b>
6.7.1 Ikkje-lineær produksjon .....	76

6.7.2	Ulike typar kv-ord .....	77
6.7.3	Samandrag .....	77
<b>6.8</b>	<b>Samla utvikling av alle fenomena .....</b>	<b>78</b>
6.8.1	Linearitetsspørsmålet i ein splitta CP-modell .....	80
<b>6.9</b>	<b>C-domenet.....</b>	<b>81</b>
6.9.1	Samandrag .....	83
<b>6.10</b>	<b>Feilkjelder .....</b>	<b>83</b>
<b>6.11</b>	<b>Ein optimal hypotese .....</b>	<b>84</b>
<b>7</b>	<b>Konklusjon.....</b>	<b>87</b>
7.1	Svakheiter ved oppgåva og grunnlag for vidare forsking.....	88
<b>Litteraturliste .....</b>		<b>89</b>
<b>VEDLEGG</b>		
	<b>Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeskjema til informantar.....</b>	<b>1</b>
	<b>Vedlegg 2: Skjema utdelt til foreldre/føresatte av informantane med spørsmål om utfyllande opplysingar om informanten.....</b>	<b>3</b>
	<b>Vedlegg 3: Ytringar nytta i oppgåva og som utgjer dei samla resultata.....</b>	<b>6</b>
	<b>Vedlegg 4: individuell utvikling av målspråklik og ikkje målspråklik bruk av setningsnegasjon .....</b>	<b>10</b>

## **Samandrag**



## 1 Innleiing

Tidleg barnespråk er annleis enn vaksenspråk, det er meir eller mindre sjølvsagd (Meisel 2011:37). Samstundes er tidleg barnespråk prega av stor intern variasjon, som i (1), der båe ytringane er uttalde ved same alder.

- (1) (a) *Nå Ylva litn og kan ikke kaffe*  
(b) *No ferdig*  
Ylva 2;1.17<sup>1</sup>

Desse faktuma gir opphav til ei rekke spørsmål, som kva lingvistisk kjennskap barnet har til å byrje med, korleis ein kan forklare utviklinga frå barnespråk til vaksenspråk, og kva språkutviklinga til barnet kan seie oss om generelle lingvistiske evner. Spekulasjonar om korleis born lærer eller tileignar seg språk daterer seg fleire hundreår attende, men først i dei siste hundre åra har det vore ein enorm framvokster av systematiske studiar av språkutvikling (Shatz 2007:1). Denne masteroppgåva føyer seg inn i rekka og freistar å utforske språktileigning og –utvikling hjå tre norske born mellom om lag 24 og 30 månader ved å nytte nyinnsamla data og relevante teoriar om språktileigning for analyse.

Datagrunnlaget for denne oppgåva er eit korpus eg har samla inn med jamlege opptak av desse tre borna i eit halvt år. Hovudformålet i oppgåva er å presentere essensielle delar av dette datamaterialet, samt å foreta ein syntaktisk analyse av det for å sjå om det best kan forklarast av framhaldshypotesen, som reknar med ei syntaktisk ikkje-lineær utvikling, eller modningshypotesen, som reknar med ei syntaktisk lineær utvikling. Under dette høyrer individuelle skilnader i språket til, som synt i (1), og vidare fem språklege fenomen: hjelpeverb, negasjon, topikalisering, *kv*-spørsmål og underordning, som synt høvesvis i døme (2)-(6).

- (2) *hu ska trille trillebår*. Idun 2;4,  
(3) *Klaritj å oppå hytta*. Tuva 2;3.13,  
(4) *Da ska vi kos oss*. Idun 2;4,  
(5) *Kor e larvepuslespillet tenke æ på?* Idun 2;7.5,  
(6) *Dina syns at artig sitti attme mæ*. Tuva 2;3.

---

<sup>1</sup> Dette er standardnotasjon for barneytringar, med år;månader.dagar.

## **1.1 Oppbygging og struktur**

Innleiingsvis går eg gjennom rammeverket denne oppgåva er bygd på: den generative grammatikken. Vidare vil eg presentere det som er felles for alle dei tre sistnemnde fenomena i døma ovanfor (topikalising, *kv*-spørsmål og underordning), nemleg C-domenet, eitt av områda i språkstrukturen som alle desse tre er assosiert med, før eg skisserer eit generelt bilet til språket til born i den aktuelle alderen (24-30 månader).

Etter å ha innleidd oppgåva, byrjar eg med ei forklaring av den syntaktiske teorien som vil verte nytta i analysen, og der går eg mellom anna gjennom sentrale trekk ved minimalisme som analyseverktøy, CP-TP-VP-modellen og nokre ulike splitte CP-modellar. Vidare vil eg presentere relevante teoriar om språktilleigning, og då i hovudsak fokusere på skilnadene mellom to store tileigningsteoriar innan generativismen: framhaldshypotesen og modningshypotesen. Til slutt går eg gjennom ein meir konkret hypotese om førstespråkstileigning, som seier at C-domenet er sårbart både hjå dei borna denne oppgåva skal ta føre seg og hjå andre grupper av språktilleignarar.

I metodekapittelet (kapittel 4) presenterer eg informantane eg har nytta i dette prosjektet, samt går gjennom korleis eg har samla inn opptak og gjort transkribering. Sistnemnde kjem eg relativt grundig inn på, og skildrar vala eg har tatt for standardisering av transkripsjonane og korleis eg har knytt dei opp mot CHILDES<sup>2</sup> sine standardar. I kapittel 5 handsamar eg resultata ved først å syne kva eg har valt å ekskludere frå oppgåva, for så å ta føre meg dei fem fenomena eg nemnte i (2)-(6). Til slutt analyserer eg funna i den same rekkefølgja som i resultatkapittelet og diskuterer kva for hypotese av modningshypotesen og framhaldshypotesen som best forklarer funna. I tillegg gir eg ei vurdering av kor godt dataa mine passar med hypotesen om det sårbare C-domenet.

## **1.2 Rammeverk for oppgåva:**

### **Generativ grammatikk og universalgrammatikken**

Syna på språk og språktilleigning er talrike, og dannar eit mangfaldig bilet. Tidlegare tenkte ein seg at mennesket vart fødd som ein tabula rasa, som ei blank tavle utan innebygde idear og kunnskap (Locke i Sampson 2005:6; Åfarli 2000:9-12). Psykologivisten Steven Pinker har

---

<sup>2</sup> Child language data exchange system, ein språkdatabase eg vil omtale meir i kapittel 4.5.1.

eit syn på språket som er heilt i motsett ende; han meiner at språket er eit medfødd, menneskeleg instinkt (Pinker 1995).

Denne oppgåva har dei nativistiske brillene på. Med det meiner eg at det i denne oppgåva vert føresett at språket til dels er noko me er fødde med, slik som det vert hevd i det generative språksynet fronta av Noam Chomsky<sup>3</sup>.

Chomsky meiner at me menneske er fødde med ei språkevne som utgjer ein eigen del av hjernen. Denne språkkomponenten i hjernen er ein mekanisme for språktileigning, altså ei medfødd evne som gjer at erfaring vert omdanna til systematisk kunnskap om eit spesifikt språk. Hjå Chomsky vert dette formulert slik: "an innate component of the human mind that yields a particular language through interaction with presented experience" (Chomsky 1986b:3). Den nemnde språkkomponenten vert kalla *universalgrammatikken* (heretter: UG). Ein ser på UG som eit grammatikkjelett som er felles for alle menneske uavhengig av kva språk dei snakkar. Vidare er tanken, som ovannevnte Pinker òg er inne på, at grammatikken er fundert i mennesket som art. Noko som er artsbestemt, må vere likt for alle individ innan arten, og dette indikerer at grammatikken er universell (Åfarli 2000:30-31).

Det finst eit hovudargument for at språket, eller grammatikkjelettet, må vere medfødt, og som mellom anna vert kalla *poverty of stimulus*. Dette går ut på at språket er kreativt og infinitt, slik at me heile tida kan skape og forstå setningar og uttrykk me aldri har verken høyrt eller sagt før<sup>4</sup>. Dette er gjennom historia skildra av fleire ulike tenkjarar. Mellom anna la Platon fram følgjande problem: "Problemet med korleis vi kan vite så mykje som vi gjer, trass i at vi har så lite evidens som vi har" (Åfarli 2000:28). Som sagt ovanfor, vert det i denne oppgåva føresett at språket bygger på ein universell, medfødd språkkomponent som består av eit grammatikkjelett me kan bygge på med erfaring.

Det språket det i denne oppgåva vil vere snakk om, er det Chomsky kallar *I-språk*. I-språket er det internaliserte språket vårt og er motstykket til det eksternaliserte språket (*E-språket*). Desse omgrepene bygger vidare på termene *kompetanse* og *performanse* (Faarlund 2005:33). Performansen, eller E-språket, er den faktiske bruken av språket i konkrete situasjonar (Chomsky 1965:4). Vidare er E-språket ein konstruksjon som er uavhengig av

---

<sup>3</sup> Dette står i opposisjon til det som er ei anna relativt stor retning innan lingvistikken: kognitivisme, eller kognitiv lingvistikk. Ein av grunnhypotesane innan kognitiv lingvistikk er at språket *ikkje* er ei autonom kognitiv evne, og at språket ikkje er utprega distinkt frå andre delar av kognisjonen, men heller reflekterer generelle kognitive funksjonar (Croft & Cruse 2004; Evans & Green 2006). På bakgrunn av dette meiner dei kognitive lingvistane at språk vert tileigna ved bruk av sosiokognitive evnar (Evans & Green 2006:133-134), og meir spesifikt meiner til dømes tilhengarane av ein bruksbasert kognitivisme at barn lærer ord og strukturar gjennom frekvensen til desse i inputten (Tomasello 2009:75).

<sup>4</sup> "The linguistic input (stimulus) given to the child is not rich enough to account for what she (tacitly) knows" (Boeckx 2006:24).

hjernen og sinnet, og eit teknisk konsept for språk<sup>5</sup> (Chomsky 1986b:20-21). Fordi E-språket er det som faktisk kjem ut i tale og/eller skrift, vert det i generativ grammatikk gjerne oppfatta som sekundært til, men og som ein inngang til, I-språket og UG, ettersom sistnemnde er studieobjektet innan generativismen (Åfarli 2000:30). I-språket, eller kompetansen, til språkbrukaren er nemleg kunnskapen språkbrukaren (implisitt) har om språket sitt (Chomsky 1965:4), og ein idé om (*a notion of*) språket som eit system i sinnet til den enkelte språkbrukaren (Chomsky 1986:22). Det er altså I-språket som står i fokus i denne oppgåva, og E-språket vil verte nytta som ein inngang til dette.

### 1.3 Kva er det med C-domenet?

Som eg skal syne i denne oppgåva, er C-domenet litt spesielt i høve til resten av syntaksen. C-domenet er det øvste området i setningsstrukturen, og er difor ikkje berre involvert i syntaks; det er òg grensesnittet mellom syntaks, kontekst og diskurs. Jobben til C-domenet er med andre ord å knyte informasjonen i resten av setningsstrukturen saman med diskursen.

Viss ein reknar med eit modulaert kognitivt apparat, kan ein òg seie at det er C-domenet som på vegne av språkmodulen syntaks må interagere eller samhandle med andre språkmodular som semantikk, prosodi og pragmatikk for at begge sidene skal kunne fullt ut spesifiserast. Ein del grupper menneske, som små barn eller menneske med spesifikke språkvanskår (specific language impairment, SLI), har problem med språket (Platzack 2001), og desse problema syner seg gjerne å liggje i C-domenet, og spesielt i møtet mellom C-domenet som ein del av syntaksen og andre språkmodular (Hamann et al. 2001:183).

Tanken om ein modulbasert kognisjon innan generativ grammatikk føreset at språkevna er autonom og medfødd. Dersom språkevna ikkje var autonom og sinnet ikkje modulaert, ville språket og sinnet elles utvikle seg relativt homogent som eit resultat av allmenne erfaringsbaserte mekanismar (Chomsky 1980:41). Ein modulaer teori om sinnet går i staden ut frå at sinnet er delt inn i "innkapsla" modular som kvar inneheld ein spesifikk bit av kunnskap, som til dømes språk og underkomponentar av dette, og at desse modulane tar i mot input som dei sender til det sentrale kognitive systemet for vidare prosessering (Evans & Green 2006:41). Det sentrale systemet er naudsynt fordi det trengst kognitive mekanismar som ikkje er domenespesifikke for at dei autonome modulane skal få til å samarbeide. Til dømes nyttar me språket for å kommunisere noko om verda, og dette vil berre vere mogleg

---

<sup>5</sup> Dette peiker på den generelle tydinga språk har som eit kommunikativt reiskap nytta av ei viss folkegruppe med konsensus om språkbruken (Lewis 1979).

dersom taleproduksjonen også har tilgang til det me hører, ser, tenkjer eller hugsar om verda. Desse mekanismane er eit tverrsnitt mellom vertikale evner<sup>6</sup> og må difor vere mindre domenespesifikke (Fodor 1983:101-102). Fodor (1983) definerer modularitet slik:

"Roughly, modular cognitive systems are domain specific, innately specified, hardwired, autonomous, and not assembled. Since modular systems are domain-specific computational mechanisms, it follows that they are species of vertical faculties" (Fodor 1983:41).

Enkelte har hevda at Brocas område er ein veldig språkspesifikk del av hjernen, og til dømes meiner Platzack (2001:375) at ettersom C-domenet ser ut til å vere åtskild frå resten av syntaksen, kan det hende at Brocas område berre inneheld C-domenet, og dermed at syntaksen er splitta i fleire bitar. Samstundes er det andre som åtvarar mot å rekne med Brocas område som språkspesifikt: Hagoort (2006:246) hevdar at å rekne med det vil vere uriktig, og dermed òg at det er feil å tru at Brocas område berre inneheld éin subfunksjon av språket. I staden meiner han at ein spesifikk funksjon heller er distribuert utover fleire nettverk av område: "a one- to-one mapping between Broca's area and a specific functional component of the language system would thus be a highly unlikely outcome" (ibid.). Det er ikkje naudsynt å ta stilling til denne problemstillinga for mitt prosjekt, og eg vil difor ikkje diskutere dette vidare.

#### 1.4 Kva kan barnet på 24 månader?

Barnet byrjar tidleg å bable, og det første forståelege ordet vert produsert omrent mellom 12 og 20 månader (Karmiloff & Karmiloff-Smith 2001:62)<sup>7</sup>. Vidare kan eit gjennomsnittleg barn på 17 månader om lag 50 ord, og born ved 24 månader produserer alt frå 40 til 600 eller fleire ord. Når ordforrådet kjem opp i 150 ord, opptrer det ein gjerne kallar ein *vocabulary spurt*: Nye ord vert tileigna med mykje større hastigkeit enn før (ibid.:76). Eg kan med andre ord forvente at informantane mine med stort sannsyn er midt i ein slik "ord-sprint", noko som òg påverkar grammatikken i form av meir konsistente ordkombinasjonar og rikare morfologi (ibid.:77).

Ettersom variasjonen i hastigheita av tileigninga er så stor, er det eit stort spenn på kor langt born i alderen 24-30 månader har kome grammatiske sett. Guasti (2002:148) meiner den

<sup>6</sup> Det Fodor kallar *vertical faculties* er slike kognitive evner som er domenespesifikke, genetisk bestemte, og ikkje minst autonome (Fodor 1983:21), i motsetnad til *horizontal faculties*, som er evner som ikkje er innhaldsspesifikke, men som kan nyttast på tvers av innhald (ibid:10-14).

<sup>7</sup> Merk at alt eg presenterer i dette kapittelet dreier seg om produksjon. Forståinga er både tidlegare ute og mykje større enn produksjonen i så tidleg alder (Karmiloff & Karmiloff-Smith 2001).

lingvistiske kunnskapen eit barn på denne alderen har, er at det kjenner parameterverdia til kjerne/spesifikator-rekkefølgje, verbflytting og verdien til V2-parameteret i morsmålet sitt. Vidare kjenner det til dei morfologiske eigenskapane til verb, kva som kjenneteiknar agreement-trekket og ikkje minst kjenner det til både leksikalske og funksjonelle kategoriar<sup>8</sup>. Dette gjeld alle born på tvers av språk, og er ikkje ei evne som er avgrensa til eit spesifikt språk.

---

<sup>8</sup> Ei sentral todeling i syntaktiske kategoriar er den mellom leksikalske ord og funksjonelle ord. Leksikalske ord har semantisk innhald og gir mening til setninga (altså substantiv, verb, adjektiv og preposisjonar), medan funksjonelle ord og kategoriar er slike som har ein grammatiske funksjon av meir abstrakt tyding, så som tempus, modalitet, definitheit, tal, grad med meir (Corver & van Riemsdijk 2001). Skiljet mellom dei to kategoriene er ikkje noko ein er heilt samd om, og til dømes er det påpeikt i *Norsk referansegrammatikk* at sjølv om preposisjonar vert rekna som leksikalske ord, kan dei tidvis oppføre seg som grammatiske ord, spesielt i frasar som "stole på nokon", "glad for nokon" og "interessert i nokon" (Faarlund et al. 1997).

## 2 Syntaktisk teori

### 2.1 Minimalisme og generativ historie

Den tidlege generative grammatikken avløyste på 1950-talet strukturalisme og behaviorisme i det som vart eit paradigmeskifte<sup>9</sup> innan lingvistikken. Med *Aspects* (1965) introduserte Chomsky eit nytt sentralt problem innan lingvistikk, nemleg det å gjere greie for korleis born lærer morsmålet sitt (Boeckx 2006:17), og han påpeikte samstundes den tradisjonelle og strukturelle grammatikken sitt problem med at dei ikkje kunne forklare produktive syntaktiske prosessar (Chomsky 1965:5)<sup>10</sup>. Med andre ord kom det eit fokusskifte i lingvistikken frå den tradisjonelle grammatikken som var klassifiserande, deskriptiv og gjerne òg normativ, til den generative grammatikken som hadde ein eksplanatorisk ambisjon (Åfarli & Eide 2003:15-16). Det som vart interessant no, var å kunne forklare korleis språket vart generert i den internaliserte grammatikken (*ibid.*:16).

I 1981 lanserte Chomsky ein generativ syntaksteori kalla styrings- og bindingsteori (government and binding, GB), som i all hovudsak gjekk ut på innføringa av ein generell flytteregel om at alle konstituentar kunne flyttast rundt i setninga under føringa av strenge generelle (parametriske) prinsipp<sup>11</sup> (Åfarli & Eide 2003:20). I tillegg gjekk ein i GB-teorien ut frå ein djupstruktur og ein overflatestruktur, der djupstrukturen vart bygd opp av element frå det mentale leksikonet og utgjorde startpunktet for flyttingar og den vidare derivasjonen, som til slutt resulterte i ein overflatestruktur. Overflatestrukturen hadde på si side eit grensesnitt både mot logisk form (LF), altså den semantiske tolkinga, og fonetisk form (PF), den fonetiske tolkinga (Åfarli & Eide 2003:37).

### 2.2 Prinsipp- og parameter

Styrings- og bindingsteorien, og seinare versjonar av denne, vart sidan kalla prinsipp- og parameterteorien (heretter P&P) (Faarlund 2005:19). Dei parametriske prinsippa nemnde ovanfor hører til prinsipp- og parameterteorien, og ifølgje denne er prinsippa dei generelle lovane som ligg til grunn for alle språk, medan parametrane er innstillingane dei ulike

<sup>9</sup> Ein kan òg velje å sjå inntoget til generativ grammatikk som ein ny vitskapsdisiplin, og ikkje eit paradigmeskifte (Faarlund 2005:21-22).

<sup>10</sup> Chomsky påpeiker at ein innanfor den tradisjonelle lingvistikken var klar over at språk hadde eit kreativt aspekt, men at dette ikkje vart tatt omsyn til, og han meiner sjølv at "It is only when supplemented by a universal grammar that the grammar of a language provides a full account of the speaker-hearer's competence" (Chomsky 1965:6).

<sup>11</sup> GB-teorien er ein tidleg versjon av prinsipp- og parameterteorien, som vil verte omtalt i 2.2 (Boeckx 2006).

prinsippa kan ha, og desse parametrane vert sette basert på erfaring (Boeckx 2006:3; Platzack 2010:48-49). P&P-teorien er på denne måten eit svar på to av føresetnadene ved UG: Den første føresetnaden er at ein UG-teori må vere kompatibel med alle eksisterande og potensielle/moglege grammatikkar, og den andre at UG må vere restriktiv nok til at det kan vere mogeleg for desse grammatikkane å utvikle seg på bakgrunn av særdeles avgrensa prov/input (Chomsky 1993 [1981]:3). Som svar på desse føresetnadane meinte Chomsky altså at UG måtte innehalde nokre grunnleggjande prinsipp<sup>12</sup>, som kunne bidra til ei monaleg innskrenking av valmoglegeheitene i grammatikken, men med parameter som kunne verte innstilte på bakgrunn av erfaring (Chomsky 1993 [1981]:3-4).

Prinsipp- og parameterteorien er i følgje Boeckx (2006:16) grunnmuren til minimalismeprogrammet; P&P låg til grunn for utforminga av minimalismeprogrammet, og er ei naudsynt ramme for korleis minimalismeprogrammet skal verte forstått (Platzack 2010). P&P-teorien hadde etter kvart ein del umotiverte antakingar, og minimalismen vaks fram ved å freiste å betre nettopp dette; det kom eit krav om ei meir økonomisk skildring av grammatikken (Lasnik & Lohndal 2013:56). I forlenginga av dette er arbeidshypotesen til minimalismen at universalgrammatikken har eit fullkome design (Boeckx 2006:4)<sup>13</sup>, og at berre det høgst naudsynlege er ein del av språket, hjå Chomsky kalla "virtual conceptual necessity". Arbeidshypotesen er òg formulert som ei rørsle om "minste innsats" (least effort), som vil seie ei retning bort frå overflødige element i både derivasjonar og representasjonar (Chomsky 1995:129-130)<sup>14</sup>.

Ein konsekvens av dette er altså at syntaksen, i minimalismen, vert rekna for berre å innehalde slikt som kan verte motivert av uttrykk og innhald (Chomsky 1993:3; Platzack 2010:52-53). Dei tidlegare representasjonsnivåa frå GB-teorien, djupstruktur og overflatestruktur, er teoriinterne meir enn dei er naudsynte, så det er berre grensesnitta mot fonetisk form (PF) og logisk form (LF) som er behaldne (Boeckx 2006:72). Chomsky summerer det minimalistiske designet slik:

---

<sup>12</sup> Eit døme på eit slikt generelt prinsipp er at alle språk må ha eit særtrekk for finitheit i byrjinga av ei setning, medan det er parametrane som avgjer om finittheita er uttrykt fonologisk eller ikkje (Platzack 2010:49).


<sup>13</sup> Denne hypotesen vert kalla *the strong minimalist thesis*, og er i følgje Boeckx (2006:4) sannsynlegvis for sterkt. Likevel egnar han seg godt som arbeidshypotese, fordi han set kraftige rammer og difor gjer det lettare å sjå kva han spår feil og kva som stemmer (*ibid.*). Dette kan i siste instans lette moglegeita til å falsifisere han, noko som er i tråd med vitskaplege ideal.

<sup>14</sup> Økonomisering er eit nøkkelomgrep innan minimalismen, og Chomsky omtalar to typar økonomiprinsipp, eitt for representasjonar (*Full interpretation – FI*) og eitt for derivasjonar (*last resort*, eller *siste utveg*). FI går ut på at representasjonane som vert forma i løpet av derivasjonen bør vere eit minimalt antal syntaktiske objekt, og at eit kvart slikt objekt må vere tolkbart anten semantisk (LF) eller fonetisk (PF) (Chomsky 1993:32; Chomsky 1995:194). *Siste utveg* seier at ein kort derivasjon er å føretrekke framfor ein lang ein, og at berre dei naudsynte operasjonane skal finne stad; "a step in a derivation is legitimate only if it is necessary for convergence – had the step not been taken, the derivation would not have converged" (Chomsky 1993:32).

"a theory of language that takes a linguistic expression to be nothing other than a formal object that satisfies the interface conditions in the optimal way. A still further step would be to show that the basic principles of language are formulated in terms of notions drawn from the domain of (virtual) conceptual necessity" (Chomsky 1995:170).

Innan minimalismen går ein altså ut frå ei rekke generelle retningslinjer som passar på at overflødige element ikkje finst i derivasjonen eller representasjonen (Chomsky 1995:130), og at lingvistiske uttrykk er optimale realiseringar av grensesnitttilhøva (Chomsky 1993:5).

(7) <sup>15</sup>



Vidare går sjølve derivasjonen føre seg på ein annan måte enn ein tenkte seg i GB-teorien, ettersom dei to nivåa overflatestruktur og djupstruktur er fjerna. Den minimalistiske derivasjonen vert i staden driven framover av *spleis* (*Merge*) og *flytt* (*Move*)<sup>16</sup>(Sjå (7)) (Åfarli & Eide 2003)<sup>17</sup>.

Kjernen i minimalismeprogrammet inneholder tre grunnpilarar: "economy conditions on derivations and representations, the consequences of virtual conceptual necessity, and the search for unity and symmetry in syntactic operations and representations" (Boeckx 2006:83).

<sup>15</sup>Figuren er ein variant av den som finst i Platzack (2010:62).

<sup>16</sup> Den syntaktiske derivasjonen med spleis og flytt byrjar med at ein plasserer dei aktuelle rot- og affikselementa i ein ordboks (*numeration* hjå Chomsky). Vidare nyttar ein operasjonen *spleis* (*merge*) for å smelte saman to av desse elementa til ein frase, som igjen kan byggjast ut gjennom å verte spleisa med eit nytt element frå ordboksen. Frasen, eller delar av frasen, kan så verte plassert på ein annan stad i setninga enn han vart sett inn, *flytt* (*move*) (Faarlund 2005:62; Platzack 2010:53-55). Denne flyttinga er gjerne motivert av trekk, fordi trekka må verte evaluerte, og dette kan dei oppnå gjennom flytting (Hornstein et al. 2005:293)(sjå også fn. 17). Når ordboksen er tom, er me framme ved *realiseringspunktet* (*spell-out*), som òg er grensesnittet mot innhalds- og uttrykksida av setninga (høvesvis konseptuelle/intensjonelle system og senso-motoriske system) (Platzack 2010:53-55). Fonetisk form (PF) er kontaktpunktet mot dei senso-motoriske systema, altså den fonetiske realiseringa av setninga, medan logisk form (LF) er kontaktpunktet mot systema for konseptuell struktur og språkbruk. LF gir altså det semantiske innhaldet som er bestemt av syntaktisk struktur (Chomsky 1995:131; Faarlund 2005:62-63).

<sup>17</sup> I tillegg introduserte ein med minimalismen såkalla abstrakte *trekk*. Desse trekka er byggesteinane i syntaksen, og det som driv den minimalistiske derivasjonen framover (Adger 2003:22). Trekk kan vere anten evaluerte eller ikkje-evaluerte, og derivasjonen vert driven framover av at eit ikkje-evaluert trekk må samsvarast med eit evaluert trekk (Platzack 2010:65-66). Eit ikkje-evaluert trekk vert kalla ein *sonde* (*probe*), og sonden søker etter eit tilsvarande evaluert trekk (*mål*) i c-kommanderingsdomenet sitt for å kunne verte eliminert (ibid.:67).

## 2.3 CP-TP-VP-systemet<sup>18</sup>

Innan generativ grammatikk reknar ein med at språket er hierarkisk og gruppert i frasar. Ei årsak til at ein ikkje går ut frå at språket er lineært, er dei vanskane det ville skape ved skildring av flytting internt i setninga. Følgjande døme demonstrerer dette:


- (8) (a) Han som har briller, er overtydd om at eg kan sjonglere.  
(b)\*Har han som briller, er overtydd om at eg kan sjonglere?  
(c) Er han som har briller, overtydd om at eg kan sjonglere?

(Åfarli & Eide 2003:24-27).

Dataa i (8) syner for det første at nokre ord høyrer tettare saman enn andre. "Han som har briller" må høyre saman ettersom setninga vert ugrammatisk om ein flyttar desseorda kvar for seg. Ei slik ordgruppering er ein frase. For det andre syner dette at det må vere eit hierarki i setninga som seier at somme ord og frasar er overordna og at andre er underordna; det er jo ikkje det fremste verbet i setninga som flyttar fram i (8c), men det hierarkisk høgaste (Åfarli & Eide 2003:24-27).

I generativ grammatikk reknar ein med at frasane er strukturerte i eit X'-skjema. Ein tenkjer seg at ein frase inneholder ein kjerne, som er det viktigaste leddet i frasen og som ein oftest ikkje kan utelate. Kjernen projiserer opp til frasenivå og bestemmer såleis kategorien til heile frasen. Resten av frasen modifiserer kjernen, og desse modifikatorane vert kalla spesifikator eller komplement til kjernen. Ettersom ein i tillegg til dette legg til grunn at frasestrukturen er binær, har X'-skjemaet tre nivå: X, som er kjernen, X', som er mellomleddet og XP som er det maksimale frasenivået (Lasnik et al. 2000:129), som vist i (9)<sup>19</sup>.

(9)




<sup>18</sup> Ein kan òg nytte nemninga IP (Inflectional Phrase) i staden for TP, og dette er spesielt vanleg i den internasjonale litteraturen. Når ein nytta IP, inkluderer gjerne denne nemninga både TP og AGR(eement)P, som altså er ein eigen projeksjon for subjekt-verb-kongruens (Platzack 2010:144-145). I og med at dette ikkje vedkjem norsk, er det giengs å nytte TP i norsk litteratur, og difor er det slik eg vil giere det i denne oppgåva.

<sup>19</sup> Figuren er henta frå Åfarli og Eide (2003:27-32).

Vidare er det slik at ein gjerne reknar med eit CP-TP-VP-system i den generative syntaksen. Dette systemet vil ligge til grunn for denne oppgåva og fortener difor ein kort gjennomgang. Med utgangspunkt i X'-skjemaet er ei heilt enkel setning ei verbfrase, som i (10)<sup>20</sup>.


(10)



Denne strukturen vert kalla ein leksikalsk projeksjon, fordi han veks opp frå eit leksikalsk innhaldsord (Chomsky 1986a:2-4; Åfarli & Eide 2003:60).

Over VP ligg TP, som er ein funksjonell projeksjon. Funksjonelle projeksjonar kjem frå grammatiske funksjonselement som ein reknar med ligg lagra i det mentale leksikonet på same måte som leksikalske morfem. TP veks opp over det grammatiske funksjonselementet som utgjer tempus (altså presens eller preteritum). Når det gjeld tempus i norsk er det slik at det berre er eitt finitt verb per setning, og dermed òg eitt tempusaffiks per setning. Dette tempusaffikset vert plassert på det første verbet i verbsekvensen som i (11a). Når verb og tempusaffiks skal koplast saman, går ein ut frå at dette skjer ved at verbet flyttar opp til affikset, meir bestemt det abstrakte trekket (11b) (Åfarli & Eide 2003:56-62).


(11) (a)




---


<sup>20</sup>Figuren er inspirert av Åfarli & Eide (2003:41).

(b)



Hovudproblemet med å berre rekne med TP og VP, er at subjunksjonen i undersetningar ikkje har nokon plass i dette systemet. Difor må det finnast ein subjunksjonsprojeksjon over dette, og denne projeksjonen er CP (*complementizer phrase*) (Chomsky 1986a:6). I undersetningar står det altså ein subjunksjon i C, medan i hovudsetningar tenkjer ein seg at det finitte verbet flyttar hit frå T. Tanken bak sistnemnde er mellom anna at subjunksjonen og det finitte verbet konkurrerer om å stå i C, og at dei blokkerer for kvarandre så berre éin av dei kan stå der (Åfarli & Eide 2003:70-74). I tillegg reknar ein med at det står ein språkhandlingsoperator i C i hovudsetningar. Språkhandlingsoperatoren er eit abstrakt element som har verdiar svarande til språkhandlingstypane påstand (deklarativsetningar), spørsmål (interrogativsetningar) og ordre (imperativsetningar), og som vert henta inn i syntaksen på linje med grammatiske og leksikalske element (Chomsky 2002:123). Ei enkel framstilling av CP-TP-VP-skjelettet er som modellen i (12).

(12)



Her er det tre element frå det mentale leksikonet som motiverer heile skjelettet til setningsstrukturar: C inneheld ein språkhandlingsoperator, her representert ved deklarativsetning, T inneheld eit tempuselement som her er presens, og V inneheld altså grunnforma av verbet (Åfarli & Eide 2003:83).

## 2.4 C-domenet

C-domenet er den delen av den syntaktiske strukturen som vert projisert av C, altså C og SpecCP (Chomsky 1986a:11; Platzack 2010:91). C er den høgaste funksjonelle kategorien i strukturen, og, som nemnt i 1.3 er C-domenet grensesnittet mellom syntaks, kontekst og diskurs, i kraft av å spesifisere sender, mottakar, ny eller gammal informasjon, som alle er relevante for korleis setninga vert utforma (Platzack 2010:98). Jobben til C-domenet er å stenge av T-domenet, altså TP og frasane under TP (sjå kapittel 2.5), for så å knyte informasjonen i T-domenet saman med diskursen (ibid.:365).

Ein kan anten tenkje på C-domenet som bestående av fleire eigne projeksjonar eller som éin C-projeksjon, der denne eine projeksjonen då gir opphav til dei ovannemnde C og SpecCP. Dersom C-domenet er samansett av éin kjerne (C) og éin spesifikator (SpecCP), er det slik at denne spesifikatoren, altså fundamentet<sup>21</sup> i setninga, vanlegvis inneheld eit subjekt eller eit adverbial, men posisjonen kan òg innehalde andre element, som til dømes spørjeord og objekt (Platzack 2010:104-106). Funksjonen til fundamentleddet kan variere; eit trykklett subjekt i SpecCP er den nøytrale ordstillinga, men subjektet kan òg vere trykktungt (Eide 2011:189-191). Det finst med andre ord store grammatiske fridomar når det gjeld kva ledd ein skal ha i SpecCP, men fordi C-domenet, som nemnt, er kontaktpunktet mellom syntaks og pragmatikk, set pragmatikken enkelte avgrensingar (Platzack 2010:106). I tillegg til alle dei mogelege ledda fundamentet kan innehalde, kan det òg potensielt vere tomt, noko som ofta førekjem i ja/nei-spørsmål. Andre tilfelle der fundamentet er tomt er ved fundamentellipse og imperativiske setningar (Platzack 2010:107).

Sjølve kjernen, C, er ein *typeplass*, staden i strukturen som avgjer om setninga me har ei hovudsetning eller ei underordna setning, ut frå om det som står her er eit finitt verb eller ein subjunksjon (Platzack 2010-101). Norsk er eit V2-språk som har verbet på andre plass i setninga (den Besten 1983:95-96; Eide 2011:179), slik at verbet med andre ord høyrer heime i C, der det får finittrekk. Finittheit er skildra i Platzack (2010:34, 91) som "förankringen av

---

<sup>21</sup> Omgrepet fundament vert nytta i Platzack (2010) etter Paul Diderichsen, og nemner plassen før det finitte verbet i hovudsetningar, altså SpecCP (ibid.:104).

ett yttrande i talarens här och nu" og forklart i Eide (2013:31-32) som at eit verb med [+finit]-trekk hektar seg opp mot *S* (der *S* er talehandlinga eller utsegnshendinga)<sup>22</sup>. Vidare er den typiske tydinga til finitheit i litteraturen i dag morfologisk uttrykt tempus og kongruens på verbet (Eide 2013:25) og så lengje desse trekka er morfologisk uttrykte, kan ein rekne med eit fritt domene (*ibid.*:1-2)<sup>23</sup>.

#### 2.4.1 Splitta CP

For å summere opp så langt er det slik at C-domenet gjer seg gjeldande i *kv-spørsmål*, underordning, subjunksjonar og lignande partiklar, finitheit og V2 (Eide & Sollid 2007:24), og at det i tillegg har oppgåver utover det reint syntaktiske; det knyter saman syntaks, semantikk og pragmatikk. C-domenet rommar òg ei rekke funksjonar utover dette: Rizzi (1997:281) tar føre seg fire element som typisk opptrer i den såkalla venstreperiferien av setninga: interrogative pronomen, relativpronomen og det han kallar "*topics and focalized elements*". Han meiner desse elementa har eigne projeksjonar, og at C-domenet dermed er delt, eller splitta, inn i projeksjonane *Force*, *Topic*, *Focus*, *Topic* og *Finiteness*, som i (13).

- (13) [Force<sub>P</sub> Force [Top<sub>P</sub> Topic [Foc<sub>P</sub> Focus [Top<sub>P</sub> Topic [Fin<sub>P</sub> Finiteness [IP .....]]]]]]] (Rizzi 1997:297).

Force og finitheit er obligatoriske projeksjonar (*ibid*:325) og er på kvar sin ende av C-domenet; force står øvst og er kontaktpunktet mot utsida av setninga, og avgjør såleis kva type setning det skal vere (*ibid.*:283), som nemnt i 2.4<sup>24</sup>. Finitheit er den nedste projeksjonen i C-domenet og grenser mot TP. Denne projeksjonen inneholder heilt enkel finitheitsinformasjon om temporale forhold (*ibid.*:283-285) og lisensierer tempus og modus i TP.

Topikalising-fokus-systemet er til stades berre viss det trengst og vert klemt inn mellom force-finitheit-systemet. Topikalising er når eit element som uttrykker kjend

---

<sup>22</sup> Vidare vil dette seie at det er det første verbet i setninga som må vere fritt, for grunna prinsippet om relativisert minimalitet, kan ikkje tempusaffiks hoppe over element i kjeda, men må binde seg til det nærmaste elementet av ein gitt kategori (Eide 2013:31-32).

<sup>23</sup> Det finst ein del unntak som gjer at det kan vere problematisk å gå ut i frå dette, som til dømes at det kan finnast fritt domene med abstrakte, men ikkje uttrykte, tempus- og kongruenstrekk og at den nemnde finitheitsforklaringa dermed ikkje er universell (Gretsch & Perdue 2007:436). Desse unntaka vil ikkje verte diskuterte i denne oppgåva.

<sup>24</sup> Platzack (2010:101) kallar altså dette ein typeklass, medan hjå Chomsky (1995) vert det kalla *specification of Force*, altså informasjonen ein subjunksjon uttrykker om kva type setninga er – spørsmål, deklarativ og så vidare (*ibid.*:240).

informasjon vert flytta fremst i setninga, medan fokus inneber å flytte fram eit element med ny informasjon, gjerne for å gi eit kontrastivt uttrykk (Rizzi 1997:285)<sup>25</sup>.

I Rizzi (2001:289) utvidar han den splitta CP-en med ein eigen projeksjon for *Interrogative*, fordi på italiensk – som Rizzi tar utgangspunkt i – må det vere plass til noko etter *Force* men før *Topic*. Den oppdaterte CP-en ser dermed slik ut (dei nye projeksjonane er markerte med grått):

- (14) [CP [ForcePForce [TopPTopic [IntPInterrogative [TopPTopic [FocPFocus [TopPTopic [FinPFiniteness [IP .....]]]]]]]]] (ibid.)

Rizzi påpeiker likevel at dette ikkje gjer at *Force* vert ein eigen projeksjon for deklarativar, sjølv om det no er introdusert ein eigen projeksjon for interrogativar. Vidare er det slik at han meiner at *kv*-element i overordna setningar har plass i spesifikatoren til *Focus*, medan det i underordna setningar har ein lågare posisjon<sup>26</sup> (Rizzi 2001:291).

Rizzi sin CP-modell er, som nemnt, i hovudsak utvikla både for og med utgangspunkt i italiensk, og Westergaard og Vangsnes (2005) har utvikla ein modell for splitta CP for norsk. Dei C-kjernane dei reknar med for norsk er følgjande:

- (15) [CPInt(errogative) Top(ic) Foc(us) Wh Fin(iteness) [IP...]  
(Westergaard & Vangsnes 2005:129)

I denne antar dei at *wh*-kjernen høyrer til *Focus*-området, og vidare reknar dei med ein eigen *Interrogative*-kjerne der Rizzi sitt originale forslag heitte *Force*. Dei tenkjer seg at setninga vil vere interrogativ dersom denne kjernen er til stades, og dersom kjernen er fråverande kan setninga vere deklativ (ibid). Westergaard og Vangsnes reknar vidare med at dei fem ovannemnde kjernane har kvart sitt EPP-trekk som gjer det naudsynt at den aktuelle kjernen vert leksikalisert eller synleggjort.

Ifølgje Salvesen (2013:151) er det vanleg å rekne med at verbet i hovudsetningar i V2-språk står i *Force* for å syte for at verbet faktisk hamnar på andre plass i setninga<sup>27</sup>, og tatt i omsyn at norsk er eit asymmetrisk V2-språk som har V2 i hovudsetningar og SVO i underordna setningar, er det ei moglegheit at det finitte verbet har same plass i syntaksen som

<sup>25</sup> Rizzi (2001:287) skil ut tre ulike typar *topic*, som syner både syntaktisk og intonasjonelt at dei høyrer heime i venstreperiferien i setningsstrukturen. Dei tre typane er *a-topics*, som introduserer eit skift i diskursen ved å lansere noko nytt inn i samtalen, *c-topics*, som introduserer eit alternativ i diskursen, men ikkje noko som får nyt fokus, og til slutt *g-topics*, som gjentar informasjon som allereie finst i diskursen (ibid.:54-59).

<sup>26</sup> Det vert ikkje definert kva posisjon dette er, berre påpeikt at han må vere lågare enn *Focus*.

<sup>27</sup> I dette høvet har Force-kjernen eit EPP-trekk som gjer at verbet må stå på denne plassen (Salvesen 2013:151).

subjunksjonen. Årsaka til dette er at plassen til det finitte verbet i hovudsetninga er den same posisjonen som subjunksjonen okkuperer i underordna setningar, og såleis er verb-flytting til denne posisjonen i underordna setningar utelukka. Det vil seie at viss målet til subjunksjonen er *Force*, må dette vere målet til det finitte verbet òg (Salvesen 2013:151-152). På den andre sida finst det grunnar til å gå ut frå at det finitte verbet må stå i *Fin*, nemleg at me på norsk nyttar venstredislokering, altså som i følgjande døme: *Mora mi, hu gikk på skolen med Jan Terje* (ibid:153). Dette inneber at det etterfølgjande verbet her ikkje kan havne i *Force*, for denne posisjonen er då opptatt av dei setningsinitiale komponentane, og verbet må difor kome i *Fin*<sup>28</sup> (Salvesen 2013:154-155). Dersom det faktisk er slik at subjunksjon og finitt verb har same mål, må dette tyde at dei båe står i *Fin*, men det er likevel verdt å merke seg at ifølgje Lohndal (2009:228) kan subjunksjonen leksikalisere anten Fin- eller Force-kjernen, ut i frå kva subjunksjon det er.

Det finst med andre ord ei stor mengd moglegheiter for korleis eit splitta-C-domene kan sjå ut, og dette vil eg kome nærare inn på i analysekapittelet. Eg vil i hovudsak nytte den splitta-CP-modellen, men eg har òg forklart ein forenkla CP som kan vere grei å nytte dersom det ikkje er torv til å nytte alle projeksjonane.

## 2.5 T-domenet

T-domenet<sup>29</sup> er bygd opp rundt den funksjonelle kjernen T(empus), som er berar av eit tidstrekk  $\tau$  som vert nytta for å forankre verbet i tid i finitte setningar (Platzack 2010:133-134, 168). T-domenet er vidare plassen for hjelpeverb, negasjon og setningsadverbial (ibid.:145, 156). Plassen til eit ikkje-negert setningsadverbial er typisk før negasjonen og negerte setningsadverbial (Platzack 2010:159). Fordi setningsadverbialen ikkje er eit argument, har det ikkje ein så fast plass i strukturen som det eit subjekt (SU), direkte objekt (DO) eller indirekte objekt (IO) har (Åfarli & Eide 2003:87). Eit SA i norsk må verte adjungert på toppen av eit hierarki av V-projeksjonar (ibid.:90-91), og vert altså, med dette synet, venstreadjungert til T', og unntaksvist til TP (ibid.:93).

Vidare står negasjonen i T-domenet. Negasjonen er anten ein setningsnegasjon som negerer sanninga i ei heil setning, eller ein konstituentnegasjon som seier at setninga er sann med unntak av den negerte konstituenten og såleis utgjer ei kontrastiv tyding, som i "Ikkje ein

---

<sup>28</sup> Sjå Bianchi og Frascarelli (2010) for ein meir detaljert diskusjon om dette, samt ei grunngjeving for at verbet ikkje hamnar i *Foc*. Eg vil ikkje nytte meir plass på dei enkelte argumenta for dette her.

<sup>29</sup> Som sagt i fotnote 18 vil eg halde meg til nemninga TP og T-domene i denne oppgåva. Difor vil eg, for ordens skuld, òg oversette IP til TP der IP er den opphavlege nemninga i den gjeldande teksten.

fersken, men eit eple var det eg åt"<sup>30</sup>, eller "Eg åt ikkje ein fersken, men eit eple". Det er vel og merke ulike måtar å analysere plasseringa til negasjonen på. Platzack (2010) reknar med at T-domenet er splitta som i Pollock (1989) og han tenkjer seg difor dei maksimale projeksjonane T(empus)P og Neg(asjon)P<sup>31</sup>. Det vil seie at han går ut frå at negasjonen i svensk er ei fullt utbygd frase (NegP) (Platzack 2010:157) med ein fast plass i det syntaktiske skjelettet (ibid.:158). På den andre sida påpeiker Åfarli og Eide (2003:97, 99) og Holmberg og Platzack (1995:17) at det er vanskeleg å motivere ein slik analyse for norsk (og skandinavisk). Holmberg og Platzack (1995:17) meiner at det ikkje finst evidens for å analysere negasjonen som ein del av sjølve skjelettet, og reknar det difor som meir sannsynleg at negasjonen vert adjungert inn i setningsstrukturen på lik line med andre SA.

Det siste eg nemnde som ein del av T-domenet, er hjelpeverb. Hjelpeverba skil seg frå hovudverb av fleire årsakar. Mellom anna vert dei haldne for å høyre til i funksjonelle kategoriar (Platzack 2010:155) til motsetnad frå hovudverb som er leksikalske, og dessutan har dei ikkje eigen argumentstruktur og såleis ingen påverknad på talet på argument i setninga (Åfarli & Eide 2003:131). Hjelpeverba står vanlegvis saman med eitt hovudverb eller eit anna hjelpeverb. I høve der det berre er eitt hjelpeverb i setninga, har dette tempusbøyning og står på V2-plassen i C, såframt setninga er ei hovudsetning. Er det fleire hjelpeverb i setninga, har eitt av dei tempusbøyning og står i C. I undersetningar skal hjelpeverbet stå etter setningsadverbial og negasjon (Platzack 2010:145).

Det følgjer av kontekstkravet til hjelpeverba at det etterfølgjande verbet til eit hjelpeverb har ei spesifikk form; dersom hjelpeverbet er modalt, er kravet at det etterfølgjande verbet har infinitivsform, medan viss hjelpeverbet er perfektivt, må det etterfølgjande verbet ha forma perfektum partisipp<sup>32</sup> (Åfarli & Eide 2003:141). I denne oppgåva følgjer eg Åfarli og Eide (2003:133-134) si inndeling av hjelpeverb, der dei perfektive hjelpeverba er *bli/verte* og *være/vere*, som både fungerer både som kopulaverb og for å danne passiv av aktive verb, i tillegg til *få* og *ha*, som vert nytta til å lage samansette tempusformer. Vidare er det modale hjelpeverb, som anten syner sanningsverdien til ytringa eller seier noko om det som vert ytra er tillatt, naudsynt eller mogleg (Eide 2005:4).

---

<sup>30</sup> Dømesetninga er mi omsetjing av "I was eating not a peach (but an apple)" (Adger 2003:176).

<sup>31</sup> Pollock (1989) reknar med dei tre projeksjonane AgrP, TP og NegP, men Platzack nyttar ikkje AgrP som ein eigen projeksjon for svensk.

<sup>32</sup> Det finst unntak til dette, til dømes i samansettinga "kunne prøvd", men eg kjem ikkje nærare inn på slike unntak i denne oppgåva.



### 3 Teoriar om førstespråkstileigning

I det følgjande skal eg presentere eit utval generative hypotesar som gjer ulike prediksjonar om førstespråkstileigning. To av hypotesane, framhaldshypotesen (full competence hypothesis), som eg har henta frå Poeppel og Wexler (1993) og modningshypotesen som eg har henta frå Borer og Wexler (1987), seier noko generelt om språkstileigning, medan den tredje hypotesen eg skal presentere, Platzack (2001) sin hypotese om det sårbare C-domenet, spår noko om nettopp C-domenet. Eg vil legge fram både allmenn informasjon om hypotesane og i tillegg freiste å utkrySTALLISERE nokre prediksjonar eg skal nytte til å analysere datamaterialet mitt i kapittel 6.

#### 3.1 Framhaldshypotesen hjå Poeppel og Wexler (1993)

I hovudsak går framhaldshypotesen ut på at barnet frå veldig tidleg av har tilgang til heile strukturen til universalgrammatikken, medrekna funksjonelle projeksjonar som CP, TP og DP<sup>33</sup> (Borer & Rohrbacher 2002:124; Kedar 2007:33). Det vil seie at forholdet mellom barnespråk og vaksenspråk er i kontinuitet, altså at den fundamentale kognitive arkitekturen i språket heile tida er på plass, og at det dermed ikkje er noko skifte frå ein barnegrammatikk til ein vaksengrammatikk (Lust 2006:6). Dette er i tråd med nullhypotesen i utviklingspsykologi om at dei kognitive mekanismane hjå born og vaksne er identiske (Pinker 1996 [1984]:7). Framhaldshypotesen står i opposisjon til teoretikarar som meiner at barnespråk inneheld berre projeksjonar av leksikalske kategoriar (nomen, verb, preposisjon og adjektiv), og eventuelt noko tempus og kongruens (Poeppel & Wexler 1993:1). Meir om sistnemnde følgjer i 3.2.

Framhaldshypotesen kan nyttast til å gjere prediksjonar heilt frå barnet har byrja å kombinere ord:

“(...) at the stage at which the child knows how to combine words to yield larger rule-governed meaningful units, she has full competence with respect to the principles and processes governing the clause. Therefore, on the Full Competence Hypothesis, it is impossible for the child who is producing significant combinations of words to be lacking the capacity to instantiate functional categories” (Poeppel & Wexler 1993:18).

Barnespråket inneheld både manglar og tilsynelatande feil. Det er gjerne funksjonelt materiale som manglar og som ikkje vert nytta målspråklikt. Dette er det i hovudsak ikkje

---

<sup>33</sup> Det er verdt å merke seg at det er ulikt kor langt teoretikarane går i å påstå at funksjonelle projeksjonar er til stades. Både Borer og Rohrbacher (2002) og Poeppel og Wexler (1993) ser ut til å meine at alle funksjonelle projeksjonar, inkludert TP og CP er til stades frå byrjinga, medan til dømes Lust (2006) ser ut til å ha ei tilnærming der dette går føre seg meir gradvis, med ei stevvis kartlegging av parametriske verdiar.

usemje om, men der modningshypotesen (som eg skal omtale i neste avsnitt) meiner at dei funksjonelle projeksjonane ikkje finst enno hjå små barn, meiner ein innanfor framhaldshypotesen at "feil" (ikkje-målspråklike ytringar) og manglar nettopp er prov for at funksjonelle projeksjonar er til stades. Dette forklarer dei med at "feil" berre er parameter som enno ikkje er spesifisert i samsvar med målspråket. Det vil seie at barnet berre bryt språkspesifikke reglar, medan det aldri vil bryte ein regel i universalgrammatikken (Kedar 2007:33-35). Forklaringa på dette fenomenet kallast *The grammatical mapping paradigm*, altså at barnet gradvis og gjennom erfaring må finne ut av parameterkonfigurasjonane i målspråket og samsvare dette med UG (Lust 2006:62-63).

Når det gjeld manglar i språket, argumenterer Borer og Rohrbacher (2002:126) for at det fråverande funksjonelle materialet er eit prov *for* at funksjonelle kategoriar finst, og ikkje *imot*. Dette motiverer dei med at når barnet nyttar synlege funksjonelle projeksjonar, som til dømes kongruensmarkørar, er det i all hovudsak i tråd med målspråket. Det vil vidare seie at fråværet av både synlege kongruensmarkørar og anna funksjonelt materiale sannsynlegvis kjem av eit ønskje hjå barnet om å unngå å nytte morfonologiske former det ikkje har tileigna seg skikkeleg, noko som berre er mogleg ved at barnet har implisitt kunnskap om nettopp funksjonelle kategoriar (Borer & Rohrbacher 2002:127). Poeppel og Wexler (1993:20) påpeiker at "absence of evidence for some category does not constitute evidence for its absence", og summerer slik argumentasjonen eg har gått gjennom ovanfor.

Den nemnde implisitte kunnskapen heng saman med den filosofiske argumentasjonen for framhaldshypotesen, nemleg at barnet er nøydd til å ha a priori-kunnskap om funksjonelle projeksjonar for i det heile å vite at det finst slikt som tempusmarkørar og kongruens; utan å vite dette ville barnet heller ikkje vite kva det skulle gjere med eit funksjonelt morfem (Borer & Rohrbacher 2002:126-129). Det vil seie at framhaldshypotesen eignar seg godt til å forklare barnespråkstileigning fordi han ikkje har noko problem med å forklare korleis manglande språkelement vert innlærte eller utviklar seg gjennom modning, som kan vere problematisk å forklare i andre tilnærmingar (Poeppel & Wexler 1993:11). På den andre sida har framhaldshypotesen eit problem med å forklare korleis ulike lingvistiske fenomen vert trigga. Dette vil eg omtale i kapittel 3.2.

Akkurat korleis barnet koplar riktig funksjonelt morfem med riktig projeksjon, kjem ikkje klart fram verken hjå Poeppel og Wexler (1993) eller Borer og Rohrbacher (2002), men ettersom førstnemnde reknar med ein del læring i språkstileigningsprosessen, og sistnemnde reknar med ein prosess der morfema vert samstemde med projeksjonane, meiner eg det gir meining å tenkje seg at dette går føre seg gjennom ein hypotesetesting- og

korrigeringsprosess. Spesielt Borer og Rohrbacher (2002) understrekar at funksjonelle morfem som oftest vert nytta i samsvar med målspråket, og det er difor sannsynleg at hypotesetestinga er ein underliggjande prosess og ikkje ein som er uttrykt. Dette ser eg som ein motsetnad til deterministisk språklæring, som vert forklart i kapittel 3.2.

Barnet har altså eit vaksent, eller vaksen-aktig, grammatisk system, og det vil ta utgangspunkt i rota til eit ord, og berre eller stort sett nytte rota fram til fleire element i bøyingsparadigmet er innlærte og barnet klarer å samstemme den morfonologiske representasjonen med dei riktige kjernetrekka, og slik setje riktig form på riktig stad i syntaksen. Prediksjonen her er altså at *når ei bøyingsform vert nytta, vert ho nytta i samsvar med målspråket*. Vidare predikerer framhaldshypotesen at *ved tvil om korrekt bruk av bøyning, form eller flytting, unngår barnet det elementet som utgjer tvilshøvet. Altså skal det vere fråvære både av flytting og bøyning heller enn feil i Spell-Out*. Av dette følgjer dessutan òg at determinativ og subjunksjonar kan ventast å vere utelatne frå språket heilt til barnet veit korleis den fonologiske realiseringa til kvart spesifikke element skal vere og kor ho skal plasserast (Borer & Rohrbacher 2002:136).

Borer og Rohrbacher (2002:141) reknar med at (fonologiske representasjonar av) bøygde verb tar del i eit bøyingsparadigme som korresponderer til kvar sin syntaktiske trekk-kombinasjon. Dei tenkjer seg at barnet tileignar seg denne kunnskapen for ein paradigmemedlem om gongen, og at det difor er ein prediksjon at *bruken av ikkje-bøygde eller minimalt bøygde verbformer sameksisterer med bruken av fullt ut spesifiserte verbformer*. Dette peikar vidare på prediksjonen om at *barnet har fråvære av både tempusfeil og kongruensfeil samstundes som det har korrekt bruk av finitte verbformer, noko som tydar på at dei korresponderande funksjonelle projeksjonane finst i det tidlege språket (her: IP og underkomponentane til IP; TP og AgrP)*<sup>34</sup>.

Viss eg utkristalliserer det som no har vorte skrive om framhaldshypotesen, vil eg seie at ein rimeleg prediksjon er at ulike projeksjonar kan manifestere seg på ulike tidspunkt, og at

<sup>34</sup> Ei mogleg realisering av framhaldshypotesen er Roeper (1999) si postulering av parallelle grammatikkar. Her omtalar ikkje Roeper parallelle grammatikkar berre i samband med tospråklegheit, men i eit kvart høve der "To eigenskapar som ikkje kan forklarast av éin grammatikk finst i same språk" (ibid.: 3, mi omsetjing). Denne påstanden vert kalla *teoretisk tospråklegheit*. Når det gjeld barnespråkstileigning, vil hypotesen om teoretisk tospråklegheit kunne gi ei ny forklaring på kvarfor skiljet mellom ulike stadium i språkstileigningsprosessen har uklaare grenser, og ikkje klare skiljelinjer som ein kanskje skulle vente seg (ibid.:49). Med parallelle grammatikkar tenkjer ein seg at språkutviklinga og tileigninga går føre seg ved at barnet har ein medfødd *minimal standardgrammatikk (MDG)*, som inneheld eit sett med standardar som alle språkbrukarar innehavar, og følgjande ikkje har noko språkspesifikk informasjon (Roeper 1999:14-15). Samstundes med at MDG eksisterer, kjem ein fase der barnet har ein meir eksplisitt grammatikk, og at det har valfridom til å bytte mellom desse to grammatikkane. Til slutt forkastar barnet den minimale grammatikken til fordel for den eksplisitte grammatikken og sit att med ei obligatorisk form (Roeper 1999:5, 49). Det er altså dette som i periodar vil kunne gi ein sameksistens av minimale og fullt ut spesifiserte formar.

utviklinga av den syntaktiske strukturen ikkje er lineær. Dette er den prediksjonen eg hovudsakeleg vil nytte i analysedelen i denne oppgåva for å kunne skilje analysen av resultata frå modningshypotesen. Årsaka til dette vil eg kome nærmare inn på i analysekapittelet.

### **3.2 Modningshypotesen hjå Borer og Wexler (1987)**

"From a more general point of view, why should the linguistic system be the only system which is fixed at birth and which doesn't mature?" (Borer & Wexler 1987:130). Dette sitatet forklarer kort kva modningshypotesen går ut på, nemleg at berre nokre av universalgrammatikken sine prinsipp er tilgjengelege for barnet til å byrje med, og at dei andre prinsippa utviklar seg og modnast over tid på lik linje med andre biologiske funksjonar<sup>35</sup>. Ein analogi er til dømes kjønnsmodninga som går føre seg først i ungdomsåra, og som ein ikkje kan seie er noko tillært. Enkelte prinsipp er såleis genetisk koda til å "kople inn" på ulike tidspunkt av modningsprosessen (Borer & Wexler 1987:124; Radford 1990:7; Wexler 1998).

At funksjonelle kategoriar og ord i ingen eller liten grad er til stades i performansen i barnespråk, er det brei semje om. Til dømes meiner Radford (1990:263) å kunne prove at tidleg barnespråk er eit leksikalsk-tematisk system som ikkje inneholder funksjonelle projeksjonar. Argumenta som vert nytta for at funksjonelle projeksjonar ikkje er til stades i byrjinga, er til dømes at tidlege underordna setningar ikkje inneholder subjunksjon og at CP dermed ikkje finst, og vidare at mangel på hjelpeverb og kongruens er prov for at TP ikkje finst. Eit tredje argument er at mangel på determinativ provar mangel på DP (Borer & Rohrbacher 2002:124). Det er uklart kva alder modningshypotesen meiner markerer skiljet mellom å ha funksjonelle kategoriar og ikkje, men Poeppel og Wexler (1993:19) set alderen 2;6 i sin omtale av denne hypotesen.

I følgje modningshypotesen heng språkmodninga saman med den generelle kognitive modninga. Nokre ord og språklege kategoriar – spesielt dei funksjonelle - er meir komplekse enn andre, spesielt semantisk og konseptuelt, og barnet må både modnast kognitivt og få ein brei lingvistisk bakgrunn for å forstå desse (Radford 1990:266-268). Nokre delar av systemet må altså vere på plass før andre delar kan utvikle seg. Til dømes må leksikalske kategoriar vere på plass før barnet kan forstå og utvikle funksjonelle kategoriar (Radford 1990:268).

---

<sup>35</sup> Weinberg (1987:174) påpeiker at det heilt essensielle i modningshypotesen er påstanden om at delar av den grammatiske kompetansen til barnet ikkje er modna i dei tidlegaste stadia av språktileigninga. Ho meiner det er viktig å forstå at den generelle kognitive modninga ikkje er tilstrekkeleg for å forklare språktileigninga, og at ein difor må nytte seg av grammatikkinterne modningsprinsipp (ibid.:184, fn. 3).

Radford har vidare ein meir spesifikk hypotese om at barnespråket er samansett av det ein i vaksenspråket kallar småsetningar (small clauses), som manglar C og T (Radford 1988:7), nett som modningshypotesen predikerer. Han forklarer småsetningar som subjekt + predikat-strukturar med den kanoniske strukturen [NP XP]. NP er her subjektet medan XP kan representere ein projeksjon av ein av dei fire leksikalske kategoriane (*ibid.*)<sup>36</sup>. Ettersom småsetningar ikkje har C og T, har dei heller ikkje noko tempus- eller kongruensmarkering (Radford 1988:8).

Småsetningar i vaksenspråk inneholder subjekt og predikat, og dannar såleis ein proposisjon (grunnlaget for å kunne verte ein påstand viss ein tilsett temporal forankring) (Åfarli & Eide 2003:176-177). Diagnosen på at småsetningar ikkje har C, er at dei ikkje kan verte innleidde av ein subjunksjon, og det som syner at dei manglar T, er at dei ikkje kan ha nominativsubjekt viss dei skal vere grammatikalske, noko som berre er mogleg viss subjektet ikkje står i T, der det vert tildelt eit nominativ-kasus (*ibid.*:180-181)<sup>37</sup>. Småsetningar kan vidare vere både verbale eller nominale samt adjektivfrasar eller preposisjonsfrasar (*ibid.*:182).

Dei borna Radford refererer til i denne artikkelen er rundt 19-25 månader (Radford 1988:11). Radford går ut frå at barn på to år ikkje har *kv*-flytting (*wh*-movement) fordi dei ikkje har noko C-domene, og dermed ikkje nokon spesifikator til C (*ibid.*:43). Vidare går han òg ut frå at infinitivsmerket finst i T (i engelsk), og ettersom han meiner å kunne dokumentere at born ikkje nyttar infinitivsmerket, meiner han òg at dei ikkje har T (*ibid.*:16).

Eit viktig vilkår som ligg under modningshypotesen er at (språk)innlæring er deterministisk. Med dette meiner dei at moglegitene barnet har å velje mellom når det skal bygge ein grammatikk er veldig få, og dermed vil grammatikktilleigninga verte meir effektiv. Deterministisk språktilleigning står i kontrast til ein teori om hypotesetesting og korrigering. I staden bygger barnet på sine eksisterande lingvistiske evner etter kvart som fleire lingvistiske evner vert modna, og ikkje etter kvart som det får fleire eksterne språklege prov (Borer & Wexler 1987:131).

---

<sup>36</sup> Småsetningane er vist her i klammer: Vi hørte [henne gråte på rommet sitt] (Åfarli & Eide 2003:175), og frå barnespråket gir Radford (1988) døme som "Want [teddy drink]" (Daniel 1;9) og "That one go round" (Bethan 2;1) som er barnespråksekvivalenten til vaksenytringa "Let [that one go round]" (*ibid.*:12).

<sup>37</sup> Når det gjeld kasus og Radford sin hypotese, argumenterer han for at born ikkje har kasusmarkering i det heile. Informantane hans nyttar formar som *me* og *him* som subjekt i småsetningane sine, men han meiner at dette ikkje er så konsekvent gjort at ein kan prove kasusmarkering med det, samt at han finn genitivsfrasar som er det han kallar *bare NP-ar* (altså ikkje bøygde). Med dette som evidens seier han altså at "[...] forms such as *me*, *him* etc. are simply *caseless* in child speech, that is they are not the 'Objective' form, but rather the *only* form of the relevant pronouns used by the child at this stage" (Radford 1988:25-26).

*Triggerproblemet* er derimot eit problem ved tidlegare nemnde framhaldshypotesen. Hypotesen kan ikkje forklare kvifor det tar ei viss tid mellom at barnet får tilgang på visse språklege data og at denne kunnskapen triggar ei parameterinnstilling som så kjem til syn som korrekt bruk av det aktuelle språkelementet. Forklaringsproblemet, meiner tilhengjarar av modningshypotesen, ligg i at framhaldshypotesen må rekne med lingvistiske teoriar om til dømes markerheit og intern rekkefølgje for å forklare tileigningsrekkefølgja, medan det reit faktisk ikkje er noko lingvistisk motivasjon bak desse (Borer & Wexler 1987:126). Med modningshypotesen kan triggerproblemet verte forklart med at modning av lingvistiske så vel som ikkje-lingvistiske kapasitetar heng tett saman, og at det til dømes kan vere den veksande hukommelseskapasiteten som gjer at noko data først byrjar å virke etter ei viss tid, spesielt i meir komplekse setningar (Borer & Wexler 1987:128-130). Modningshypotesen kan altså forklare kvifor språket utviklar seg i ei viss rekkefølgje, noko framhaldshypotesen ikkje utan vidare kan, som i dømet med at leksikalsk-tematiske system som ein standard utviklar seg før funksjonelle-ikkje-tematiske<sup>38</sup> (Radford 1990:289).

Det er viktig å merke seg at modningshypotesen *ikkje* går ut frå at språket vert utvikla og modna (berre) gjennom læring. Dette er fordi ei rein læringsforklaring av språkutviklinga vil ha problem med å forklare fenomen som kvifor barn tileignar seg somme uregelrette verb like tidleg som regelrette, sjølv om dei burde vere vanskelegare å lære i kraft av å vere meir komplekse og ikkje passe inn i den regelrette forma<sup>39</sup>. I tillegg kan ikkje læringsforklaringa, dersom ho inneber hypotesetesting, forklare korleis eit meir komplekst system utviklar seg ut frå eit mindre komplekst system<sup>40</sup>(Radford 1990:266-268).

Modningshypotesen argumenterer i hovudsak for ein av desse tre alternativa: 1) at det ikkje finst funksjonelle projeksjonar i barnespråk i det heile, altså at den høgste noden i treet er VP<sup>41</sup>, 2) at dei hierarkisk lågaste funksjonelle projeksjonane finst, som til dømes TP<sup>42</sup>, eller

---

<sup>38</sup> Leksikalsk-tematiske-system inneheld projeksjonar av dei fire primære leksikalske kategoriane (substantiv, verb, adjektiv og preposisjon), og har det ein kan kalle ein kanonisk argumentstruktur, som gir ytringar som "Me want have ball" (Radford 1990:46-47, 290). Dei ikkje-tematiske systema inneheld på den andre sida funksjonelle kategoriar (determinativ, hjelpeverb, subjunksjonar) og projeksjonane deira. Desse gir strukturar som "I want to have the ball" (*ibid.*).

<sup>39</sup> Men merk at desse uregelrette verba gjerne er veldig frekvente.

<sup>40</sup> Her nyttar Radford argumentasjon frå Fodor, om at dersom læring går ut på hypotesetesting, må hypotesen vere klar til å verte testa, og at dette vert vanskeleg å forklare ettersom hypotesen då må finnast før han har vorte lært (Radford 1990:46-47, 290).

<sup>41</sup> Mellom anna Radford (1990) forfektar dette synet.

<sup>42</sup> Meisel og Müller (1992) er blant dei som meiner dette.

3) at barnespråk inneheld éin underspesifisert funksjonell projeksjon<sup>43</sup> (Borer & Rohrbacher 2002:123-124).

Eg vil samla sett forstå dei ovannemnde argumenta ved modningshypotesen som Poeppel og Wexler (1993:2): Tileigninga av syntaktisk kunnskap skjer ved at funksjonelle kategoriar stegvis og lineært vert lagde til i det syntaktiske repertoaret på veg mot ein vaksen grammatikk. Det vil altså seie at dersom modningshypotesen er korrekt, forventar eg at projeksjonane kjem ein etter ein i hierarkisk rekkefølgje, ettersom dei ulike projeksjonane altså krev eit ulikt modningsnivå av andre kognitive ferdigheiter.

Ifølgje modningshypotesen vil det òg vere slik at ulike spesifikke konstruksjonar som ikkje ser ut til å likne på overflata, vil modne samstundes fordi dei har den same underliggjande biten av kompetanse, og denne komponenten vert modna samstundes (Borer & Wexler 1987). I Borer og Wexler (1987) er dette til dømes modninga av moglegheita til å danne A-kjeder, som ligg under passivkonstruksjonar. Friedmann og Lavi (2006) meiner at setningar som krev ulike typar flytting vert tileigna bokvis: Først vert A-flytting tileigna, deretter A-bar-flytting, og til slutt V til C-flytting<sup>44</sup>.

### 3.3 Platzack (2001) og det sårbare C-domenet

Platzack (2001:364) skriv om ei gruppe språkbrukarar han kallar C-gruppa. Dei som høyrer til denne gruppa produserer syntaks på nivåa under C-domenet i tråd med målspråket, men dei oppfyller ikkje målspråkstrukturen<sup>45</sup> i C-domenet. Små barn på eit tidleg stadium av S1-tileigning er medlemmar i C-gruppa<sup>46</sup> (ibid:369-370).

Platzack gir følgjande døme på syntaktiske konstruksjonar som involverer C-domenet: obligatorisk finitt verb, som i norsk (og like eins i svensk) står i Fin-kjernen i C-domenet (som skildra ovanfor i 2.4.1) og V2, altså kravet om at verbet står som andre element i ei deklarativsetning. Vidare høyrer det obligatoriske subjektet heime i C-domenet, og *kv-*

---

<sup>43</sup> Dette finn ein mellom anna i Clahsen (1991). Ein kan forstå dette som førekost av éin kategori som liknar på det som seinare vil verte TP, eller både AgrP og TP, men ikkje CP (Poeppel & Wexler 1993:2).

<sup>44</sup> A-flytting er flytting av syntaktiske konstituentar til argumentposisjonar, medan A-bar-flytting er flytting til ikkje-argumentposisjonar. V til C-flytting er verbflytting frå V til T for å samle eller sjekke verbøyingsa, og vidare til C for å ivareta V2-kravet i V2-språk (Friedmann & Lavi 2006:211).

<sup>45</sup> Ein målspråklik språkproduksjon vert her definert som at ein har maksimum 2% feil på ordrekkefølgje i målspråket (Platzack 2001:365).

<sup>46</sup> Det vert ikkje definert når det tidlege stadiet er, men døma Platzack (2001) nyttar er frå born opp til omkring 3 år, og såleis vil det vere naturleg å rekne med at det tidlege stadiet går opp til denne alderen.

elementet i *kv*-spørsmål, umiddelbart etterfølgd av det finitte verbet<sup>47</sup> (Platzack 2001:367-368).

S1-borna gjer ifølgje Platzack feil på fleire av desse punkta (men ikkje i noko høve over 10% feil). Han finn at dei bryt regelen om V2, at dei ikkje alltid har finitt verb, at dei utelet subjekt i posisjonar der eit synleg subjekt er forventa i samsvar med målspråket, og at dei manglar innleiande *kv*-element der dette skal finnast<sup>48</sup>. I tillegg er det påfallande at dei ikkje gjer feil med konstruksjonar som tilhøyrer T-domenet (ibid:369-370).

Hamann et al. (2001) skriv om tyske born med *specific language impairment (SLI)*, og argumenterer for at den syntaktiske produksjonen hjå desse borna nettopp peiker på at dei har ein svikt i C-domenet, noko som gjer at dei mellom anna har problem med grensesnittet mellom syntaks og diskurs, nærmere bestemt at dei har problem med å forankre ytringa i diskursen (ibid.:183-184). Dei finn vidare det same som Platzack når det gjeld T-domenet; borna med SLI gjer ikkje feil her (ibid.:187).

Det Hamann et al. (2001) tar til inntekt for eit manglande – eller sviktande – C-domene, er at informantane deira ikkje mestrar V2, at dei nesten aldri gjer ting som å setje eit objekt i fokus ved å setje det i front i samsvar med målspråket, og at dei har store problem med *kv*-spørsmål. Vidare set dei negasjon og setningsadverbialet *auch* ('også') på riktig stad, noko som indikerer riktig bruk av T-domenet, medan dei ikkje konsistent produserer underordna setningar som er målspråklike. Born som har problem med det ovannemnte har gjerne òg problem med å kople syntaksen til diskursen, noko som mellom anna kjem til syne gjennom at dei har problem med samansett tempus, altså at dei har problem med å forstå hendingsekvensen som ligg i den samansette tempusforma (Hamann et al. 2001:187).

Det vil seie at ved å nytte hypotesen om det sårbare C-domenet for å sjå på dataa mine, vil eg forvente at datamaterialet mitt inneheld klare teikn på eit stabilt T-domene og at informantane har problem med C-dominale konstruksjonar.

---

<sup>47</sup> Til alle desse punkta høyrer velforma unntak som ikkje vil verte diskuterte vidare her.

<sup>48</sup> For detaljerte resultat sjå Platzack (2001:369).

## 4 Metode

Eg vil byrje dette kapittelet med ein generell gjennomgang av metodar ein kan nytte for å forske på barnespråk. Eg skriv heilt kort om eksperimentelle metodar, men fokuserer mest på innsamling av spontan tale, med dei utfordringane og positive sidene dette har, fordi det er sistnemnde eg har nytta som metode i mitt prosjekt.

Vidare presenterer eg informantane mine etter ein gjennomgang av kriteria eg hadde for å velje desse. Eg vil òg gå gjennom dei forskingsetiske omsyna eg har tatt, kvifor etikken har vore viktig, og i detalj korleis eg har tatt vare på anonymiteten til alle involverte mellom anna i transkribéringsprosessen og ved riktig oppbevaring av data.

Etter dette gir eg eit overblikk over korleis innsamlinga av språklege data har gått føre seg, før eg gir ein kort introduksjon til CHILDES-prosjektet og går meir detaljert inn på kva val eg har gjort under transkriberinga og kvifor. Til slutt ser eg på reliabiliteten i datainnsamlinga (under dette transkribering) og analysen av dataa.

### 4.1 Korleis kan ein få tilgang til barnespråk?

Som nemnt i delkapittel 1.2 er det I-språket som er forskingsobjektet i denne oppgåva og i tradisjonen ho føyer seg inn i. Ettersom I-språket er utilgjengeleg ved direkte observasjon, må ein nytte E-språket som ein inngang til den underliggende realiteten for å kunne "[...] konstruere ein modell av dei mekaniske prosessane som gir opphav til det vi observerer" (Descartes forklart i Åfarli 2000:61).

Ved å følgje det ovannemnte, er data det første ein opplagt treng for å kunne nå inn til mekanismane bak barnespråket. Eg var nøydd til å nytte data frå born fordi forskaren må nytte informantar i tilfelle der han/ho ikkje kjenner det aktuelle språket så godt, og dermed ikkje har intuitiv kunnskap om språket, slik som eg som voksen ikkje har om barnespråk<sup>49</sup>. Gjennom å samle inn talespråksdata, for så å analysere språket og lage hypotetiske modellar for korleis grammatikken som genererer språket kan "sjå" ut, har ein moglegheiter for å få tilgang til barnespråk.

Det er fleire måtar å skaffe data på, og det er fleire område av språket å studere innan språktileigning. Grovt sett kan ein dele desse inn i tre: talepersepsjon, språkproduksjon og språkforståing. Dei to sistnemnde handlar høvesvis om kva born seier og kva born forstår, og

<sup>49</sup>Eg omtalar barnespråk som eit anna språk enn vaksenspråk i denne samanhengen, noko eg har belegg for å gjøre i og med at fleire teoretikarar ser på barnespråk som eit eige språk skilt frå vaksenspråket, som til dømes "Pivotspråk" (Roepel 1999:3).

desse to – til forskjell frå talepersepsjon – dreier seg om evna barnet har til å kople saman grammatikk og diskurs til tyding. Språkforskinga har i det store og heile konsentrert seg mest om produksjonen av språket og har i seinare tid hatt ei dreining mot å studere forståinga (Karmiloff & Karmiloff-Smith 2001:10). Crain og Thornton (1998:4) forfektar ein komplementær metode med eksperiment som undersøker både forståing og produksjon. Dei meiner dette er den beste måten å avsløre born sin lingvistiske kompetanse på. Vidare hevdar dei at framkalla produksjon generelt sett er den beste måten å få tilgang til denne kompetansen på fordi ein då raskt kan få tilgang til mykje relevant data, og dermed vurderer dei dette som ein betre metode enn å nytte spontan produksjon (*ibid.*).

Trass at mange no vel å studere språkforståing, og trass det ovannemnte synet til Crain og Thornton (1998), har eg i mi oppgåve valt å fokusere på spontan produksjon. Dette er fordi eg meiner det framleis manglar mykje slik data frå norsk før me kan få studert norske born sin spontane taleproduksjon skikkeleg, og dessutan fordi det finst spontan produksjonsdata (i varierande mengde) frå andre språk som eg kan samanlikne med og såleis nytte dataa mine i eit tverspråkleg perspektiv.

Eg har no så vidt vore inne på at det finst fleire ulike metodar ein kan nytte for å studere språktilleigning. Éin metode er å gjere opptak av språkbruken til barnet i naturlege situasjonar, for så å transkribere og analysere det, eller i alle fall dei aspekta ved det som er aktuelle, nett som eg gjer i denne studien. Ein kan velje ein meir eller mindre naturleg framgangsmåte for denne metoden: ein kan til dømes la barnet prate heilt fritt, eller ein kan leggje til rette for ein særskild språkbruk, anten i avgrensa situasjonar eller ved å nytte materiale som bøker og leiker (Kristoffersen & Simonsen 2012:7). Med denne metoden vil ein spesielt kunne undersøke produksjonssida av språket.

Ein annan måte å undersøke språkbruk på er ved å nytte eksperiment. Eksperimenta vert designa av forskaren for å kunne gi svar på noko heilt spesifikt, som til dømes om barnet kan nytte preteritumsendingar (Kristoffersen & Simonsen 2012:7). Ein eksperimentell metode, som til dømes eye-tracking, kan nyttast for å undersøke både språkproduksjon- og forståing (cf. Karmiloff & Karmiloff-Smith 2001:37), og har ein fordel ved at det ikkje er ein like ressurskrevjande metode som innsamling av spontan tale. Samstundes er det ei ulempe at barn ikkje alltid samarbeider som planlagt, og at situasjonen språket vert produsert i, er veldig kunstig (Kristoffersen & Simonsen 2012:8). Eksperimentell språkforsking er ikkje aktuelt for min studie, og eg vil difor ikkje gå nærmare inn på det her, men heller sjå meir på den metodologiske sida ved innsamling av spontan tale, som altså er det eg har gjort i dette prosjektet.

Innsamling av spontan tale<sup>50</sup> er ein særdeles ressurskrevjande metode; det tar lang tid å samle inn sjølve dataa, og enno lenger tid å transkribere opptaka. Små barn vil ikkje alltid samarbeide når det kjem ein forskar inn i heimen (Kristoffersen & Simonsen 2012:7), eller viss dei forstår at foreldra vil ha dei til å gjere noko (prate på ein opptakar). I tillegg er ein nøydd til å vere merksam på at ein som forskar ikkje påverkar barnet eller foreldra når ein skal gjere opptak av fullstendig naturleg tale, og foreldra må passe seg for ikkje å påverke barnet. Ei anna utfordring med denne metoden er å analysere dataa. Barnespråket er gjerne ganske annleis enn vaksenspråk, og dette kan vere ei potensiell feilkjelde både under transkribering og analyse. Dette kjem eg nærare inn på seinare i kapittelet.

Sjølv om ei slik innsamling av barnespråksdata er krevjande, kan denne metoden gi gode og viktige resultat. Longitudinelle studiar av naturleg tale kan mellom anna gi verdifull informasjon om utviklinga i spesifikke lingvistiske system over tid (Lust 2006:133), og samstundes får ein ved naturleg tale studert korleis språkbruken er i ein naturleg situasjon.

Ei ulempe ved analyse av data frå spontan taleproduksjon er at ein kan risikere å ikkje finne spesifikke konstruksjonar i språket til barnet. Dette kan vere fordi den pragmatiske eller kognitive konteksten i situasjonane det er gjort opptak av ikkje har motivert nettopp denne konstruksjonen (Lust 2006:133), men det kan òg vere fordi barnet ikkje har den spesifikke konstruksjonen i språket sitt. Spørsmålet vert altså om barnet ikkje kan det, eller om ein ikkje har opptak av at barnet seier det (Johannessen 2003:147). Faktum er i alle fall at det er relativt stort sannsyn for at ein del konstruksjonar manglar i opptakssituasjonen, for viss ein reknar med at barnet ein gjer opptak av er vakent og pratar ti timer om dagen og ein samlar inn éin til to timer opptak i veka av den spontane talen til barnet, fangar dette berre opp éin til to prosent av all talen til barnet. Sjølv i korpus som har tettare opptakshyppigkeit får ein maksimalt tak i om lag ti prosent av talen (Rowland et al. 2008:2). Dette vert diskutert meir inngåande seinare i kapittelet.

Av avgjerande relevans for denne masteroppgåva var sjølvsagt å skaffe spontan tale frå norske born i den aktuelle alderen. Problemet var at det finst ytst få korpus som inneheld norsk barnespråk, samt at noko av det som finst er vanskeleg tilgjengeleg. CHILDES-databasen inneheld transkripsjonar og opptak av to norske born, Nora og Tomas, og desse hører til Simonsen-korpuset. Vidare er det samla inn eit barnespråkskorpus i Tromsø, men dette er ikkje tilgjengeleg for allmenn bruk. Følgjeleg ville eg samle inn data og lage eit lite

---

<sup>50</sup> Her tar eg berre føre meg spontan tale det er gjort opptak av og ikkje dagboksføring av spontan tale, som var ein meir populær metode å nytte før ein hadde god tilgang på opptaksmedium (Behrens 2008xi-xiv).

korpus sjølv fordi eg trong noko eg hadde fri tilgang til samt at eg ville ha noko oppdatert (Simonsen-korpusa er frå 1980-talet), og noko som ikkje var nytta mykje frå før.

## 4.2 Informantar

### 4.2.1 Informantkriterium og utveljing

For å velje informantar måtte eg ta omsyn både til kva som var forskingsmessig best og til kva som ville la seg gjere i løpet av perioden eg hadde til å jobbe med prosjektet. Nokre kriterium har vore mindre relevante, spesielt dei som mest omhandlar E-språk, som til dømes demografiske kriterium (Lind et al. 2000:28). Samstundes har eg inkludert eitt enkelt mål på sosioøkonomisk status (SØS), nemleg utdanningsbakgrunnen til informantane sine foreldre. Eg har innhenta denne informasjonen slik at andre forskrarar som er interesserte i å sjå på samanhengen mellom språkutvikling og SØS seinare har moglegheita til dette. Den sosioøkonomiske statusen spelar gjerne ein rolle for utviklinga til barnet på fleire område, deriblant språk. Det har vorte synt at born frå familiær med høg SØS gjerne klarer seg betre på desse områda enn born frå familiær med lågare SØS (Hoff et al. 2012:590), og tradisjonelt sett har utdanningsnivå har vore ein klassisk post i utrekninga av SØS (ibid.:591).

Hjå born med normal språkutvikling, skal mykje av C-domenet vere kome på plass ved fylte tre år. På dette tidspunktet byrjar barnet å kunne kople både subjekt-dropp og tredje-personspronomen opp mot diskursen på riktig måte (Hamann et al. 2001:183). Det vil seie at den aldersgruppa som tilfredsstilte ei byrjande utvikling av C-domenet som forskingsfenomen og som samstundes sannsynlegvis ville ha eit såpass utvikla språk at det var mogleg å finne passande ytringar i det, var mellom 24 og 30 månader. Med informantar på under 24 månader kunne eg ikkje vere sikker på at dei prata nok til at eg ville finne tilstrekkeleg med opplysingar i språket deira, og med informantar som var over 30 månader kunne eg risikere at dei hadde utvikla språket såpass mykje at eg gjekk glipp av nettopp den utviklinga eg ville sjå på. Ein annan fordel med å nytte denne aldersgruppa er at det i framtidig forsking vil vere mogleg å samanlikne dataa med andre språk, fordi dei fleste longitudinelle studiar av barnespråk konsentrerer seg om språkutviklinga nettopp i denne alderen (Behrens 2008:xxvi).

Eg ville undersøke språket til born med normal språkutvikling, og kriteria eg la til grunn for å kunne gå ut frå at informantane mine hadde ei slik språkutvikling, var dei same som Kristoffersen og Simonsen (2012) brukte som standard i si språkinnsamling<sup>51</sup>:

- Ikke hyppig kontakt med andre språk enn norsk
  - Født etter 36. uke
  - Total lengde på sykehousopphold ikke lengre enn fire uker
  - Ingen alvorlige, velbegrundede bekymringer fra foreldre om barnets språkutvikling
- (Kristoffersen & Simonsen 2012:21)

Eg har fått foreldra til informantane til å svare på det same spørjeskjemaet som Kristoffersen og Simonsen nytta, for å få svar på desse kriteria. I tillegg har eg spurt meir inngående om problem med hørsel og øyre samt fleire detaljar om kor mykje barnet omgåst med andre born: førstnemnde fordi slike problem kan verke inn på språkutviklinga og difor ville vere viktig å vite om, og sistnemnde fordi barnets leikekameratar kan ha stor påverknad på språket. Spørjeskjemaet er vedlagd oppgåva som vedlegg nummer 2.

Når det gjeld kor mange informantar eg har valt å inkludere i prosjektet, landa eg på tre, fordi eg trong eit lite nok tal til at det kunne få plass i prosjektramma, men samstundes ønskja eg fleire å samanlikne, og fann dermed at tre var eit passeleg tal. Alle informantene mine er jenter, noko eg må påpeike ikkje er heilt optimalt. For å syna mangfaldet i språkutviklinga samt å kunne sjå på kjønnsskilnadar i språktilleigninga, burde eg ha inkludert nokre gutter som informantar òg. På den andre sida produserer gjerne gutter språk seinare enn jenter (Karmiloff & Karmiloff-Smith 2001:59-60), og kanskje var det difor med jenter som informantar eg hadde best sjanse til å få studert nettopp dei trekka ved utviklinga eg ville, fordi gutter ved same alder moglegvis ikkje hadde kome så langt enno.

#### **4.2.2 Mine informantar**

Alle informantane er anonymiserte og har fått fiktive namn. Dei fiktive namna vert nytta gjennomgåande både i oppgåva og i transkriberinga. Det vil seie at det berre er i opptaka ein finn dei faktiske namna deira.

---

<sup>51</sup> Desse kriteria skulle syte for at informantane var einspråklege born som lærte norsk og som ikkje hadde kjende helseproblem som kunne innverke på den normale språkutviklinga (Kristoffersen & Simonsen 2012:21).

#### **4.2.2.1 Ylva**

Ylva var 2 år og 1 månad (2;1) då me byrja å gjere opptak og kartleggje språket hennar. Ho er fødd og oppvaksen i Trøndelag, men er dialektpåverka frå fleire hald. Mor til Ylva kjem frå Nord-Noreg og far frå Vestlandet. Samstundes går Ylva i barnehage kvar dag, og der vert det prata andre dialektar. Ho har òg noko kontakt med kjenningar av familien som pratar engelsk. Ylva har nokre faste leikekameratar på sin eigen alder. Mor og far bur saman, og båe er universitetsutdanna, med høvesvis høgare og lågare grad.

Ut i frå opplysingane eg har om Ylva, tilseier alt at ho skal ha ei normal språkutvikling; ho er til dømes ikkje fødd for tidleg, har aldri hatt kronisk øyrebetennelse og har heller ikkje problem med øyra eller høyrsla. Ho har ingen sysken.

#### **4.2.2.2 Tuva**

Det første opptaket av Tuva vart gjort allereie då ho var 1 år og 10 månader (1;10.17). Ho er fødd og oppvaksen i Trøndelag, og båe foreldra hennar er òg oppvaksne på om lag same stad som ho sjølv. Ho er einebarn, og er ikkje i regelbunden kontakt med andre språk enn norsk. Tuva går i barnehage kvar dag, og har der leikekameratar i alderen 3 til 5 år. Mor og far til Tuva bur ikkje saman, og ingen av dei har høgare utdanning. Opplysingane om Tuva tydar òg på ei normal språkutvikling.

#### **4.2.2.3 Idun**

Idun var 2 år og 3 månader (2;3.12) då det første opptaket av ho vart gjort. Ho er fødd og oppvaksen i Trøndelag, og har ein far frå Austlandet og ei mor som primært pratar trøndersk, men som er oppvaksen på Svalbard. Idun går i barnehage kvar dag og leikar med born i alderen 10 månader til 3 år, samt at ho har faste leikekameratar på sin eigen alder på fritida. Vidare har ikkje Idun regelbunden kontakt med andre språk enn norsk. Både mor og far har universitetsutdanning, høvesvis høgare og lågare grad, og dei bur båe saman med Idun. Idun oppfyller dei ovannemnte krava for normal språkutvikling.

### **4.3 Forskingsetiske omsyn**

Det å nytte informantar som ikkje kan samtykke til å vere med i ei undersøking, og som må ha foreldre til å samtykke, kan openbert gi vanskar ein ikkje kjem over i innsamling av data

frå vaksne. I det følgjande vil eg kort forklare korleis eg har gått fram for å halde undersøkinga mi etisk god og forsvarleg.

Når det gjeld ivaretaking av anonymiseringa til informantane og familiane deira, har eg halde meg til dei forskingsetiske retningslinjene for samfunnsvitskap, humaniora, juss og teologi laga av dei nasjonale forskingsetiske komiteane<sup>52</sup> (NESH mars 2006). Eg har til dømes gitt foreldra til informantane informasjonsskriv slik at dei har fått god forståing av kva prosjektet har gått ut på, kva som har vore hensikta med forskinga og at deltakinga har vore frivillig med moglegheit for å trekke seg ut frå prosjektet når som helst utan grunngjeving, i tråd med NESH sine punkt 8 og 9 (NESH mars 2006).

Ettersom mine informantar er born på om lag to år, hadde eg å gjere med ei gruppe med manglande samtykkekompetanse. Det vil seie at deira føresette måtte samtykke for dei, og at eg har vore sikker på at det ikkje har vore, eller kjem til å verte nokon risiko eller belasting for borna å delta i prosjektet, i tråd med punkt 9 hjå NESH (mars 2006:13-14). Det er sjølvsagt noko etisk problematikk knytt til å nytte born som ikkje kan samtykke til si eiga deltaking; sjølv om foreldra samtykker kan det oppstå interessekonflikt mellom barn og føresette seinare, der barnet ikkje er einig i det som har gått føre seg. Dette må ein vege opp mot kor viktige born er i forskinga, og om det er heilt naudsynt å nytte til og med heilt unge born i språkforskinga. For å kome dette mest mogleg i møte, har eg nytta ein metode for datainnsamling som passar aldersgruppa, og som ikkje gir dei noka direkte ekstrabelastning, samstundes som eg har vore underlagt kravet om konfidensialitet (jf. NESH mars 2006:17, pkt 12).

Fordi eg handsamar personopplysingar gjennom heile den tida forskingsprosjektet mitt varer, har eg meldt prosjektet til Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD), og fått det godkjent i og med at eg lagrar alle opplysningane i tråd med retningslinjene deira (NESH mars 2006:14-15, pkt 10). Det inneber mellom anna at til å byrje med er alle namn bytte ut med eit nummer, og koplinga mellom namn og nummer ligg kryptert i ei eiga digital mappe. Vidare er berre dette nummeret nytta, og deretter bytt ut med eit fiktivt namn. I tillegg er alle papir med sensitive opplysingar lagra forsvarleg i eit låst skap, og i høve der desse er ført inn elektronisk, er dei lagra i ei eiga kryptert digital mappe<sup>53</sup>. Opptaka av borna er òg lagra kryptert. Den krypterte lagringa medfører at ein treng tilgang på eit passord for å få tilgang på

---

<sup>52</sup> <http://www.etikkom.no/retningslinjer/NESHretningslinjer/06> [lese 30.04.2013]

<sup>53</sup> Her har eg nytta eit krypteringsprogram som tillet at filene er skjult med mindre ein går inn i krypteringsprogrammet og kan både passordet og prosedyren for å opne den aktuelle mappa.

filene, og dei krypterte mappene er vidare lagra på ein ekstern harddisk som er utilgjengeleg for uvedkommande.

NSD har avslutta oppfølginga av prosjektet og gitt løyve til at eg kan lagre alle dataa. Dette grunna at alle dataa er anonymiserte samt at dei framleis vert lagra forsvarleg. I og med at det korpuset som er innsamla både er ein del av resultatet for denne oppgåva og samstundes er eit viktig bidrag til vidare forsking på norsk barnespråk, var det av stor verdi at NSD gav løyve til dette.

#### **4.4 Innsamling av og oversikt over data**

Innsamling av data vart gjort på den måten at foreldra til kvar av dei tre borna fekk utlevert ein opptakar. Med denne gjorde dei sjølv opptak i kvardagssituasjonar som til dømes under kveldsmaten, under leik eller medan dei leste i bok. Målet var at opptakssituasjonane skulle vere heilt naturlege for borna, og difor at dei personane som gjorde opptaka skulle vere kjende for borna. Som oftast var det ein av foreldra som gjorde opptak. Opptaka vart gjorde i bolkar av varierande lengde, alt frå om lag eitt minutt til ein time av gongen, og det er varierande kor mange barneytringar kvart opptak inneholder. Det er ikkje ein sjølvsagd samanheng mellom lengda på opptaket og talet på barneytringar det inneholder. I utgangspunktet skulle foreldra gjere opptak med jamne mellomrom slik at det skulle vere mogleg å følgje språkutviklinga regelmessig, men dette har ikkje latt seg gjere grunna faktorar som sjukdom og reising. Difor varierer det for kvar informant kor ofte det er gjort opptak.

Tuva er den informanten det har vorte gjort opptak av over lengst tidsperiode, frå ho var 1;10.17 til ho var 2;8.21. Det er òg ho det er flest transkriberte opptak av, nettopp fordi det hjå ho har vore mogeleg å sjå på utviklinga over lengst spenn i tid. Likevel er det Ylva det finst desidert flest opptak av, som tabell 1 syner. Idun er den informanten som har vore med over kortast tidsrom, men ho har produsert langt fleire ytringar i dei transkriberte opptaka enn dei to andre informantane har i sine<sup>54</sup>.

Nettopp desse skilnadene gjer at eg kan få nytte av dei ulike informantane i ulike høve, og difor har eg valt å nytte ytringar frå alle tre på lik linje, i staden for å nytte éin som hovudinformant og dei andre to som kontrollgruppe, slik planen opphavleg var.

---

<sup>54</sup> Dette er grunna individuell variasjon mellom informantane, og dermed at Idun jamt over pratar meir enn dei to andre.

Tabell 1

Namn	Antal opptak	Filer	Alder	Transkriberte opptak	Barneytringar i transkriberte opptak
Tuva	29	TA011017-	1;10.17-	10	634
		TA020821	2;8.21		
Ylva	76	TB020109-	2;1.09-	5	398
		TB020811	2;8.11		
Idun	39	TC020312-	2;3.12-2;9.2	5	986
		TC020902			
SUM	144		1;10.17- 2;9.2	20	2018

#### 4.5 Transkripsjon

Ettersom eg samanlagt har om lag 30 timer opptak frå informantane, var eg nøydd til å gjere eit utval av dette som kunne transkriberast. Å transkribere, spesielt barnespråk, er eit mødesamt arbeid i utgangspunktet, og det tar enno lenger tid dersom ein skal sikre seg å følgje ein gitt standard til punkt og prikke. Eg har, som synt i tabell 1, opptak frå litt ulike aldrar hjå dei tre informantane. Difor hadde eg, som eg ser det, to alternativ når eg skulle gjere eit utval av dataa: Eg kunne anten gjere eit tverrsnitt av ein bestemt alder og plukke ut opptak frå denne alderen hjå alle tre, eller eg kunne sjå på den individuelle utviklinga ved å plukke opptak frå byrjinga, midten og slutten av opptaksperioden til det enkelte barnet. Problemet med førstnemnde, å gjere eit tverrsnitt, var at eg då til dømes ikkje ville fått transkribert korpus frå tidlegare enn 2;3, som er alderen for det første opptaket frå den siste informanten, og i tillegg at det ikkje finst opptak frå dei same aldrane for alle informantane. Somme er det gjort opptak av såpass sporadisk at det ikkje ligg føre opptak for kvar månad. Eg meiner difor at det beste alternativet var å velje ut tre individuelle aldrar som best mogleg kunne spegle utviklinga til den enkelte informanten. Dette må eg seie med eit etterhald; den siste alderen eg har valt å transkribere for alle informantane ved er 2;7, sjølv om det finst opptak av Ylva fram til 2;8 og Idun fram til 2;9. Dette valet gjorde eg fordi eg informantane etter dette hadde kome forbi den alderen eg i utgangspunktet ville sjå på, nemleg opp til 30 månader (altså 2;6, ein månad før transkripsjonsslutt). Eg transkriberte til 2;7 for å ha ein ekstra månad ettersom eg ikkje kunne vite på førehand om språket til informantane følgde normalen for utviklinga.

#### 4.5.1 CHILDES

Transkripsjonsmetoden eg har valt å bruke, er den som er standardisert i CHILDES<sup>55</sup>. CHILDES vart grunnlagd av Brian MacWhinney og Catherine Snow i 1984 og er ein del av det større prosjektet TalkBank, som er oppretta med det formål at språkforskurar kan samle inn språkdata ved å nytte ein felles standard for etikk, tekst-, video- og audioformat samt transkribering (MacWhinney 2007). Målet med dette er at ein kan dele på dei dataa ein har, og dermed innan barnespråksforskinga få tilgang til meir data frå fleire born i fleire aldrar, som snakkar fleire språk (MacWhinney 2000b). At det i ettertid vil vere lett for andre språkforskurar å gjere nytte av mine data, er også noko av grunnen til at eg valde denne transkriberingsstandarden. Samstundes såg eg det òg som nyttig å følgje ein velkjend og mykje brukt standard, som har vore under stadig utvikling for å verte mest mogleg optimal.

Transkriberingsstandarden, CHAT<sup>56</sup>, er stadfesta i ein manual som kontinuerleg vert oppdatert elektronisk (MacWhinney 2000a). Sjølv om det finst ein overordna felles standard, må forskaren velje nett kva standard innanfor denne ho skal ha for sitt prosjekt. Til dømes må ein finne ut om det er relevant å ha fonologisk koding, morfologisk koding, ortografisk koding og så bortetter, og ein må vere klar over at vala ein gjer for transkribering, har implikasjonar for seinare analysar av dataa (Behrens 2008:xxiii) For mitt prosjekt har eg òg vore nøydd til å definere ein passeleg standard for transkribering, og ei skildring av denne kjem i det følgjande.

#### 4.5.2 Val for standardisering

I likskap med Anderssen (2005:14) har eg hatt visse utfordringar med transkripsjonen grunna at alle dei tre informantane (og dei fleste foreldra) pratar noko anna enn standardmål, og eg har vore nøydd til å gjere ein del vurderingar i samband med dialektale former.

Eg kunne valt å markere alle dialektformer ved koding i tråd med CHAT-manualen (MacWhinney 2000a:51), men eg meiner at dette ikkje ville vore føremålstenleg i og med at ei svært stor mengd av ord har dialektale former og at det dermed ville vore for tidkrevjande å merke alle<sup>57</sup>. Dette er òg lista opp som ei løysing i CHAT-manualen i høve der "the speakers have strong dialectal influences" (MacWhinney 2000a:51), og som manualen tilrår, har eg

<sup>55</sup> Child language data exchange system (<http://childepsy.cmu.edu/>).

<sup>56</sup> CHAT er eit akronym for *Codes for the Human Analysis of Transcripts* (MacWhinney 2000a:14).

<sup>57</sup> Anderssen (2005:14-15) hadde òg problem med å halde eit ortografisk ideal grunna dette: "[...] the Tromsø dialect varies considerably from the standard in the nominal domain, both with regard to plural marking and with regard to definiteness", samt at den morfologiske markeringa på verbtidene gjerne er annleis enn i standardmål. Dette gjeld òg for trøndersk.

presisert i "innleiinga"<sup>58</sup> til kvar transkripsjon at eg ikkje har standardisert dialektformer til verken bokmål eller nynorsk. Dette valet er det same som er gjort i transkriberinga av ScanDiaSyn-korpuset; der har ein òg valt ein lydnær transkripsjon for å ta omsyn til uttalen og dialekttrekka til informantane, men for å gjere ScanDiaSyn-korpuset søkbart har ein og omsett ytringane til ein ortografisk transkripsjon med utgangspunkt i bokmålsnormalen (Johannessen et al. 2009:3).

Ettersom eg har hatt relativt avgrensa tid til å transkribere, har eg prioritert å transkribere for dette prosjektet si nytte. Det vil seie at eg ikkje har koda særleg mykje for spesifikke fenomen, til dømes morfologi og fonetikk, og heller ikkje ulike ordklassar eller samansette ord og så bortetter. Dette vil sjølvsagt kunne føre til at den noverande transkriberinga er mangelfull for andre typar bruk, som til dømes om ein skal sjå på fonetiske fenomen eller er interessert i å søke opp morfologiske trekk. CHAT-standarden er heldigvis bygd slik at ein berre kan gå inn seinare og leggje til det ein eventuelt måtte vere interessert i, for i tillegg til hovudnivået (*main tier*) der sjølve ytringa står, kan ein leggje til fleire underordna nivå (*dependent tiers*) som inneheld mellom anna kommentarar til ytringane eller ting som skjer under opptaket, fonetiske transkripsjonar og morfologisk koding.

Hanne Simonsen sitt Nora-korpus er transkribert med morfologisk og fonetisk koding, på denne måten<sup>59</sup>:

- (16) \*HAN: *nei hvilken bok er det da?*  
\*NOR: *ww [= her name]+sin@gm+bok-en@defm.*  
%*xpho: xxx sin IbukhEn*<sup>60</sup>

Det er fleire årsaker enn avgrensa tid til at eg har valt å ikkje transkribere ortografisk, altså til ein av dei norske skriftspråkstandardane: Barnespråk er vanskeleg tilgjengeleg og det er ikkje alltid enkelt å vite kva ei barneytring eigentleg tyder. Ved å transkribere ortografisk kunne det ha oppstått høve der eg måtte leggje inn mi eiga tolking av kva som vart sagt. Til

<sup>58</sup> Innleiinga er oppbygd på ein spesifikk måte, og inneheld informasjon om deltakarane i gjeldande opptak, samt kven som har transkribert, kva audio- eller videofil transkripsjonen er gjort ut frå, kort forklaring av situasjonen i opptaket og kommentarar til andre relevante tilhøve.

<sup>59</sup> Henta frå transkriptdatabasen til Brian MacWhinney sitt CHILDES-prosjekt, fil *nora2.cha*.

<sup>60</sup> Det Nora (NOR) seier er markert morfologisk i den same linja som ytringa hennar står i. *ww* kan til dømes tyde noko som er uforståeleg, og dei vidare markeringane seier noko om morfologien, som *@defm*; denne markerer at morfemet (eller ordet) som står framføre er definitt. Neste linje (*tier*) syner den fonetiske delen av ytringa. Ei vidare forklaring av bruken av teiknet @ følgjer døme (19).

dømes kan det vere uklart kva verbform barnet nyttar, i og med at ytringane gjerne er enklare enn vaksne sine og det difor ikkje alltid kan lesast ut av kontekst, som her:

- (17) *Æ ha den* [Ylva 2;1.17].

I denne ytringa er verbet uttrykt som ein infinitiv, men det er uklart om Ylva her meiner at ho *har* noko i presens, eller at det manglar eit uttrykt modalverb som til dømes *Æ ska ha den*. Skulle eg transkribert ortografisk og halde meg til ein rettskrivingsstandard, måtte eg tatt stilling til dette, medan eg ved å transkribere meir lydnært, ikkje har vore nøydd til å tolke ytringane på denne måten.

Det eg vidare har valt og har vore konsekvent i bruken av gjennom transkriberinga, er følgjande:

Alle avbrytingar er markerte, både dersom ein person har avbrote seg sjølv eller andre, og gjentakingar eller omstart på same ytring er markerte, med standardnotasjonane +/, ?// og +<. Dette gjer at ein kan nytte dette korpuset slik som det er koda no til å sjå etter til dømes turtaking. Dialektale trekk er ikkje markerte med IPA-transkripsjon, men circumfleks og palatalisering er gjennomgåande markert med høvesvis dobbelt vokal og -j-ending, slik:

- (18) *Ma-annj spisa xxx ?* [Tuva 2;00.20]

I tillegg har eg markert spesielle ord som borna nyttar med notasjonen @g, som til dømes

- (19) *Å vil påmåma@g* [: komma] [Tuva 2;00.20].

Funksjonen til @ er at ein kan søke opp spesifikke konstruksjonar i korpuset, nemleg dei konstruksjonane som er markert i kombinasjon med @. I dette høvet er det fonologisk avvikande ord eller ytringar som altså vert markerte med ein g inntil søketeiknet @. Vidare har eg markert eigne ord som er felles for heile familien med notasjonen @f(altså søketeikn pluss teikn for familiespesifikke ord), som her:

- (20) *Spise opp bæsse@f* [: bestemor] sin xxx [Tuva 2;03.13]

For å overhalde anonymiseringa i transkripsjonen, har eg bytt ut alle namn som opptrer i ytringar dersom desse er namna på nære familiemedlem, og eg har ekskludert irrelevante

og/eller private vaksne dialogar og markert desse med *www*, i tillegg til at informantane, som nemnt tidlegare, har fått fiktive namn.

## 4.6 Reliabilitet

### 4.6.1 Datainnsamling og transkripsjon

Som tidlegare nemnt var det foreldra sjølve som gjorde opptak. Eg samla inn opptaka fleire gongar underveis i perioden for å sjekke om lydkvaliteten var grei og for å ha oversikt over kor mykje opptak som var gjort, samt om det som var på opptaka var det eg hadde ønskja. Til dømes ville eg ikkje ha mange personar til stades i opptakssituasjonen som skapte støy og gjorde det vanskeleg å høre kva barnet sa.

Eg var *som oftaast* ikkje til stades når opptaka vart gjorde, men det er eitt unntak til dette: Ein av informantane er eit barn eg har nær tilknyting til og omgåst til vanleg. Her er det ved somme høve eg sjølv som har gjort opptak av barnet. Sjølv om eg prøvde å ikkje påverke informanten til å kome med ikkje-spontane ytringar, har eg ingen garanti for at eg faktisk ikkje har vore forstyrrande i den naturlege taleproduksjonen, og eg er òg klar over at dette *kan* gi ei viss partiskheit i analysen av ytringane til denne informanten. Samstundes gjer sannsynlegvis kjennskapen til denne informanten at eg betre forstår kva ho seier og meiner.

I dei opptakssituasjonane eg ikkje var til stades, har fordelen vore at barnet og/eller foreldra ikkje kunne verte påverka gjennom personleg kommunikasjon med meg, og dermed seie det som vart "forventa" av dei. Samstundes var borna i sitt naturlege miljø, og det var ingen utanforståande til stades under opptaka. Det vil seie at den naturlege talen som er på opptaka etter alt sannsyn er så naturleg og spontan som mogleg. Likevel tar eg høgde for at foreldra tidvis har prøvd å oppmuntre barnet meir enn normalt til å ytre noko. Dette er ein observasjon eg har gjort gjennom å høre på opptaka: Dersom barnet ikkje seier noko, prøver gjerne foreldra å oppmuntre det til å prate, og tidvis har eg mistenkt at foreldra – medvite eller umedvite – prøver å få ekstra komplekse eller lange ytringar, eventuelt nye ord, ut av barnet for opptaket sin skyld. Dei har gjerne spurt barnet: "*Kan du seie .....?*", og dersom barnet då gjentar det som vart sagt, er spørsmålet kor spontan ytringa til barnet eigentleg er.

Det kan, på den andre sida, vere ei ulempe at eg ikkje var til stades då opptaka vart gjorde, fordi det kan verte vanskeleg når ein transkriberer å høre kva barnet seier til ei kvar tid når ein ikkje har vore der då opptaket vart gjort, og det heller ikkje finst notat frå situasjonen som skildrar konteksten. Dette kan svekke reliabiliteten til transkripsjonen, fordi

ein kan kome til å skrive det ein *trur* vart sagt, sjølv om det ikkje stemmer med røynda. Opptaka vert tatt vare på, og dette utgjer ein moglegheit for å reliabilitetssjekke bakgrunnen for transkripsjonane (Behrens 2008:xiv), men ettersom anonymiteten til informantane òg skal ivaretakast på ein god måte, vil ikkje sjølve opptaka verte allment tilgjengelege.

Roger Brown (1973b) og teamet hans gjorde seg denne erfaringa då dei samla inn data frå dei tre borna Adam, Eve og Sarah. Dei hadde éin person til å gjere opptak og prate med det aktuelle barnet, medan ein annan hadde ansvaret for å transkribere på staden og samstundes notere viktige hendingar og objekt, slik at det seinare skulle vere enklare å forstå kva ei ytring hang saman med. Når ein kjenner til den aktuelle konteksten, vert det lettare å forstå det som vert sagt. På denne måten kan ein òg sleppe å eliminere så mange ytringar fordi dei er uforståelege. Brown formulerer denne erfaringa slik: "...transcription from tape of the speech of children at an early age, even when it is relatively intelligible child speech, needs the assistance of memory of the scene and a written record made on the scene" (Brown 1973b:336)

Ifølgje Anderssen (2005:15-16) ville den mest reliable måten å transkribere på involvere tre personar: To som transkriberer det same opptaket uavhengig av kvarandre, og éin som påfølgjande sjekkar transkripsjonane og eventuelt avgjer kva som er mest riktig dersom det er høve der dei to transkripsjonane ikkje er samsvarande. Dette krev sjølvagt at ein har nok økonomiske og menneskelege ressursar, og i sitt prosjekt sytte Anderssen i staden for reliabiliteten ved å la ein erfaren transkribør gjere ein sjølvstendig transkripsjon av 100 tilfeldig utvalde ytringar, for så å sjekke samsvaret mellom desse og den opphavlege transkripsjonen.

I mitt prosjekt har det ikkje vore ressursar til å ha fleire transkribørar enn meg sjølv, og eg må difor ta høgde for at det kan ha vorte gjort feil under transkriberinga. Feil som kan ha oppstått, er til dømes skrife feil ved at ein har tastat feil under innskriving av ordet utan å ha lagt merke til det. Vidare er det sjølvagt tvilstilfelle der ein ikkje er sikker på kva barnet eigentleg seier, og der spørsmålet vert om ein skal merke ytringa som uforståeleg eller skrive det ein trur vert sagt. I fleire slike tvilstilfelle har eg gått ut frå konteksten til ytringa og til dømes tyda ho etter den vaksne si føregåande ytring.

Samstundes er det òg eit spørsmål om kva som er viktig å transkribere og kva ein kan utelate. Eit døme på noko som kan verke som uviktig å notere, er små lydar som barnet seier mellom ord. Informantane i dette prosjektet nytta ein del slike lydar i byrjinga av opptaksfasen, og eg inkluderte dei i transkripsjonen fordi det verka som om dei brukte desse

lydane som erstatning for funksjonsord. Det kan likevel hende at det er andre ting eg har sett som uviktige og dermed ekskludert, som eigentleg burde vore notert i transkripsjonen.

#### 4.6.2 Analyse av spontan tale

Eit overordna problem ved analyse av opptak av spontan tale er at uansett kor mykje opptak ein har, vil ein aldri ha tilgang på heile rekkevidda av det språkbrukaren kan produsere (sjå også 4.1). Det vil seie at det alltid vil vere mykje språkproduksjon utanfor det ein faktisk får analysert, slik at det – spesielt i eit lite datamateriale – er ein risiko for at ein over- eller underestimerer frekvensen av fenomenet ein vil analysere (Rowland et al. 2008:18). Dette er spesielt aktuelt for mitt datamateriale, ettersom den transkriberte delen av korpuset, og såleis den delen som dannar grunnlaget for analysen i denne oppgåva, til saman er på tre timer, i gjennomsnitt éin time per informant. I følgje Tomasello og Stahl (2004) treng ein, for å få opptak av eit målfenomen som opptrer relativt hyppig (til dømes ti gongar om dagen), å gjere opptak i éin time i veka for å få samla eitt høve av dette målfenomenet (10 gongar om dagen = 70 førekommstar per 70 timer = 1 produksjon av fenomenet per time). For meir sjeldne fenomen må ein altså gjere meir opptak enn dette (Rowland et al. 2008:4). Vidare er det slett ikkje sikkert at målfenomenet opptrer med heilt jamne mellomrom; det kan oppføre fleire gongar på éin time og ingen gongar på fleire timer (*ibid.*). Dette er sjølv sagt ei feilkjelde både vegar, og ein kan ende opp med å rekne med for mange eller for få eksemplar av målfenomenet samanlikna med kor mange barnet eigentleg produserer, avhengig av kva for ein av timane ein har opptak frå. Det vil med andre ord vere ein stor risiko for at eg har underestimert eller overestimert frekvensen av dei språklege fenomena eg har sett på<sup>61</sup>.

---

<sup>61</sup> Det finst metodar ein kan nytte for å rekne ut ein sannsynleg frekvens eit språkleg fenomen har jamt over. Ein kan rekne saman talet på feil av fenomenet ein ser på, til dømes hjelpeverbsfeil, for så å dele dette på det totalet talet kontekstar som krev hjelpeverb, altså produksjon av hjelpeverb i samsvar med målspråk pluss hjelpeverbsfeil (Rowland et al. 2008:8). Dette har eg ikkje gjort i denne oppgåva fordi det ville krevje mykje tid, samtidig som det transkriberte materialet er såpass lite at eg ser det som meir nyttig å foreta ei slik utrekning viss eg seinare får transkribert meir av opptaka. Vidare har eg fokusert ein del på debuttidspunktet til språkfenomena i opptaket, og ikkje berre på førekommst.



## 5 Resultat

I det føregåande har eg skildra ulike måtar ein kan prøve å illustrere framvoksteren av C-domenet på, og med bakgrunn i fenomena typisk assosierte med dette domenet (sjå 2.4 eller 3.3) har eg valt å leite etter følgjande fenomen i korpuset: *kv*-spørsmål, underordning og subjunksjonar, setningsadverbial, negasjonar, og topikalisering (merk at ikkje alle desse høyrer heime i C-domenet, men dei bidrar til å syne eksistensen til det). Dette kapittelet er inndelt slik at eg først går gjennom kva ytringar eg har ekskludert frå totalen, for å gi eit bilet på kor mange barnespråksytringar korpuset eigentleg inneheld. Vidare går eg systematisk gjennom dei ovannemnde fenomena, og presenterer talet på ytringar som inneheld det aktuelle fenomenet samt trekker fram særskilt interessante ytringar. Underveis vil eg òg kort diskutere kvifor eg har gjort dei vala eg har med omsyn til mellom anna vektlegging og eksklusjon.

### 5.1 Eksklusjon

For å vite kor mange ytringar eg totalt sett hadde å velje mellom, var eg nøydd til å ekskludere dei eg av ein eller annan grunn meinte ikkje høyrde heime i denne oppgåva. Eg vil igjen understreke at eg berre har sett på produksjon og ikkje på forståing. Det eg har vore ute etter er spontan taleproduksjon av ytringar på minimum to ord. Eg har difor ekskludert ytringar på berre eitt ord, delt inn i svarord og andre typar ord, samt ytringar med to eller fleire ord der berre eitt av orda har vore forståelege, det eine av dei to orda har vore eit svarord eller helsing som hei og ha det, eller der eitt ord har vorte gjentatt fleire gongar. Døme på dette er *ball ball ball* (Tuva 2;00.20), *hei Kitty* (Tuva 2;03.13), *xxx bjørn*<sup>62</sup> (Ylva 2;1.17) og *ja du* (Idun 2;5.16).

Vidare har eg ekskludert uforståelege ytringar, der dei fleste berre står som *xxx*, men der nokon er lengre setningar som inneheld enkelte forståelege ord men totalt sett så mykje uforståeleg (*xxx*) at det ikkje er råd å få noko ut av ytringa. I tillegg fekk ikkje reine sitat (merka som [cit]) vere med. Sitata som er ekskluderte kjem frå songar eller bøker, og eg har ikkje rekna dei som spontan, naturleg tale, som i dette dømet: *ikke gjør som mora di sier, Jens* (Ylva 2;1.17). Berre lyd, ofte i form av nynning og synging utan ord, er òg ekskludert, saman med identiske gjentakingar av føregåande ytring. Det siste som er ekskludert, er eigentleg hendingsskildringar som vert koda med &= (til dømes &=*singing* og &=*laughs*), men fordi


---

<sup>62</sup> *xxx* er koden for uforståeleg, altså noko som ikkje har vore mogeleg å tyde under transkriberinga.

desse i transkriberingsformatet til CHAT skal stå som eigne ytringar, har eg vore nøydd til å luke dei ut.

Dessutan er det slik at eg ikkje ser på finitheit i denne oppgåva, sjølv om finitheit tradisjonelt har vore særrelevant i denne typen studiar<sup>63</sup>. Årsaka til at eg har valt det heilt bort, er at eg vurderer det som eit spesielt omfattande fenomen, som kunne fylt ei heil masteroppgåve for seg sjølv<sup>64</sup>. For å unngå å berre kunne røre nokre få overflateområde ved finitheit, har eg valt å nytte plassen på å omtale dei andre fenomena desto meir og late finitheitsspørsmålet stå ope for vidare forsking.

Diagram 1



## 5.2 Resultat tilhøyrande T-domenet

I kapittel 2.5 syntetegnate eg at hjelpeverb, ikkje-negerte setningsadverbial og negasjon vert sagt å høyre til T-domenet på norsk.

### 5.2.1 Hjelpeverb


Diagram 2 syner korleis førekomensten av synlege hjelpeverb er hjå kvar enkelt informant i det transkriberte korpuset, og ein ser her at Ylva og Tuva tidleg produserer nokre hjelpeverb, ved hovesvis 2;0 og 2;1, og deretter at alle informantane seinare i opptaksperioden, mellom 2;3 og

<sup>63</sup> Døme på dette er Wexler (1994), Wexler (1998), Meisel (1991), Meisel og Müller (1992), samt nyare studiar frå mellom anna Gretsch (2006) og Westergaard og Bentzen (2010).

<sup>64</sup> Dette tyder sjølv sagt ikkje at dei fenomena eg faktisk handsamar er lite komplekse, i eit prosjekt med større rammer enn dette skulle dei òg optimalt sett fått meir omtale.

2;7, jamt over har høg førekomst av hjelpeverb. Totalt sett i korpuset finst det to ytringar utan synlege hjelpeverb. Desse er ikkje representerte i diagrammet, men eg omtalar dei nedanfor. I det følgjande presenterer eg døme på ytringane som inneheld hjelpeverb, og kva typar ytringar dei finst i. Merk at det ikkje ligg føre transkripsjonar frå 2;2 og 2;6.

Diagram 2



Tuva har fem ytringar med synleg hjelpeverb ved alderen 2;0, der ikkje alle har målspråklik ordstilling:

- (21) *Har itj kommi Magnus bilde.* Tuva 2;0.20<sup>65</sup>

Ho har éi ytring utan synleg hjelpeverb ved same alder:

- (22) *Tuva hoppe mere sånn.* Tuva 2;00.20. Sannsynleg mål: *Tuva vil hopp mere sånn*<sup>66</sup>.

Vidare har ho 18 ytringar med synleg hjelpeverb ved 2;3, der alle har målspråklik ordstilling, men éi av ytringane manglar subjunksjon:

- (23) *Æ treng ikke [å] ha på.* Tuva 2;3.00<sup>67</sup>

Dei siste tre ytringane hennar med synleg hjelpeverb er to ved 2;4.19 og éi ved 2;7.01, og desse er målspråklike<sup>68</sup>.

<sup>65</sup>Alle ytringar, også dei som ikkje er nemnde i sjølve oppgåva, er vedlagde i vedlegg 3.

<sup>66</sup>Årsaka til at eg meiner dette er ei ytring med ikkje-realisiert hjelpeverb, er at ho seier dette om ei intendert handling, altså noko ho skal eller vil gjere, og ikkje om noko ho gjer akkurat no. Det vil seie at presens ikkje hadde passa med konteksten her. I tillegg er høve som dette observert hjå andre, noko eg vil diskutere vidare i 6.3.2.

<sup>67</sup>*Treng ikke* er her eit modalverb som ikkje er nøydd til å ha infinitivsmerke (Åfarli & Eide 2003:133, 141). Likevel syner ei uformell akseptabilitetsvurdering blant fleire trondarar at alle ville nyttta infinitivsmerke i dette høvet, og eg vil difor rekne med at subjunksjonen å manglar her.

Av Ylva sine totalt 26 ytringar (der alle har synleg hjelpeverb) er to ikkje-målspråklike:

- (24) (a) *Nå Ylva litn og kan ikke kaffe.* Ylva 2;1.17. Sannsynleg mål: *Nå e Ylva litn og kan ikke drikke kaffe.*  
(b) *Jeg vil ha hårstrikket æ [e] stor jente.* Ylva 2;5.29

Idun har éi ytring utan synleg hjelpeverb der det er obligatorisk i konteksten.

- (25) *Det e gutt som [har] kasta opp i treet.* Idun 2;4

### 5.2.2 Setningsadverbial

Setningsadverbial (SA) er så godt som ikkje-eksisterande i det transkriberte korpuset. Adverbet *berre* er brukt noko, men bruken av det verkar tidvis vilkårleg; det ser ut til å vere tilfeldig kva det modifiserer. I desse døma ser det ut til at det er ein konstituentmodifikator slik at det ikkje modifiserer heile proposisjonen i setninga, som det ville gjort dersom det sto som eit SA:

- (26) (a) *Ja, bare ungan vil ha på derre dress.* Tuva 2;3.00  
(b) *Bare litt yoghurt.* Ylva 2;1.17

I følgjande døme kan *berre* sjå ut til å vere eit setningsadverbial:

- (27) *Æ kan gi dæ i boksen bare at det e mere kakao og melk og sånn.* Ylva 2;5.29

Likevel vel eg å ikkje ta dette med som eit setningsadverbial, fordi det verkar meir sannsynleg at det er ein form for samansett subjunksjon: *bare at*. Eventuelt kan ein seie at dette vert nytta i likskap med det engelske *except*, som vert nytta anten som preposisjon eller konjunksjon (Oxford English Dictionary). Dette analyserer eg grundigare i 6.6.

### 5.2.3 Negasjon

Negasjon finst i dei første transkripsjonane frå Ylva og Idun (høvesvis 2;1.17 og 2;4), og hjå Tuva ved 2;00.20. Det inkluderer både konstituentnegasjonar og setningsnegasjonar. Det fullstendige biletet ser ut som i tabell 2. Ytringane med konsituentnegasjonar inneheld i hovudsak to ord, som *Ikke no* (Tuva 2;3.00), *Ikke den* (Ylva 2;1.17) og *Ikke syltetøy* (Tuva 2;4.19). Det kan difor verte vanskeleg å seie om desse oppfyller dei syntaktiske krava til målspråket, fordi ein ikkje har evidens for om dette til dømes berre er to ord som er heilt

---

<sup>68</sup> To av ytringane er elliptiske: *Kan itj drikk* (Tuva 2;03:13) og *Vil ikke grill* (Tuva 2;4.19), men eg reknar desse som målspråklike i og med at elliptiske setningar òg høyrer heime i vaksenspråket (Nygård 2013).


enkelt sett saman, eller om desse to orda inngår i ein meir kompleks syntaktisk konstruksjon med fleire syntaktiske element som ikkje er realiserte. Når det gjeld ytringane med setningsnegasjon, meiner eg det er fruktbart å gjere ei inndeling i målspråklike og barnespråkaktige ytringar med setningsnegasjon.

Tabell 2

	Setningsnegasjon	Konstituentnegasjon
Tuva	32	7
Idun	10	0
Ylva	23	7

Diagram 3 syner inndelinga av setningar med negasjon i ulike kategoriar for alle informantane. I det følgjande presenterer eg ytringane som ligg bak tala i dette diagrammet.

Diagram 3



Det finst fire ytringar med uriktig fronta negasjon:

- (28) (a) *Ikke æ kakk dæm.* Tuva 2;03.13
- (b) *Ikke scooter sitti på æ.* Tuva 2;03.13
- (c) *Ikke Karius og Baktus skogen no.* Ylva 2;1.17
- (d) *Ikke det e plass te ugla no.* Ylva 2;4.28

Ein del av ytringane som inneheld negasjon er fullt ut forståelege for ein vaksen morsmålsbrukar, men har ikkje ei målspråklik ordstilling, som desse:

- (29) (a) *Har itj kommi Magnus bilde.* Tuva 2;00.20  
 (b) *Ikke dette ned, Dina si.* Tuva 2;03.13<sup>69</sup>

Vidare finst det 16 ytringar som inneheld negasjon, men som ikkje er målspråkslike av ulike årsaker, anten fordi dei ikkje har målspråklik ordstilling, eller fordi dei har andre målspråkmanglar, som til dømes at dei manglar verb, subjekt eller subjunksjon:

- (30) (a) *Nå Ylva litn og kan ikke kaffe.* Ylva 2;1.17  
 (b) *Vil ikke Karius og Baktus på tabletten.* Ylva 2;1.17  
 (c) *Så ikke kan komme rotta og mus inni der.* Idun 2;7.5  
 (d) *Ikke hjælp mæ gjør sånn.* Tuva 2;03.13

Dei fleste ytringane med negasjon viser seg likevel å ha målspråkslik ordstilling, somme med subjektellipse, somme utan, her presentert med elliptiske ytringar først:

- (31) (a) *Klaritj å oppå hytta.* Tuva 2;03.13  
 (b) *Vil ikke grill.* Tuva 2;4.19  
 (c) *Nei nei, har ikke flodhesta.* Idun 2;5.16  
 (d) *Like ikke den derre skalken.* Ylva 2;1.17
- (32) (a) *Æ vil itj vær med, æ.* Tuva 2;3.00  
 (b) *Bestemor har ikke telefon.* Tuva 2;3.00  
 (c) *Æ vil ikke grill.* Tuva 2;4.19  
 (d) *Jeg e ikke ferdig.* Idun 2;4  
 (e) *Vi ser ikke på Newton.* Idun 2;7.5  
 (f) *Den e ikke Ylva sin.* Ylva 2;1.17  
 (g) *Æ bruk'ikke gaffel.* Ylva 2;5.29

Diagram med individuell oversikt over utviklinga av negasjon finst som vedlegg til oppgåva.

### 5.3 Resultat tilhøyrande C-domenet

I kapittel 2.4 og 3.3 synte eg at *kv*-spørsmål, topikalisering og subjunksjonar er kategoriar som gjerne vert rekna med til C-domenet på norsk.

---

<sup>69</sup> Her gjentar Tuva noko som Dina har sagt tidlegare. Det vil seie at det difor er litt uklart om den ikkje-apokoperte forma av *dette* kjem frå Tuva sjølv eller var der opphavleg. Både i imperativ og infinitiv ville dette ordet vore apokopert til *dett* på trøndersk, men spørsmålet er om dette kan vere sagt utan apokope grunna at det har vore overtydeleg barneretta tale, eller at Tuva seier dette som ei austnorsk infinitivsform. Det finst jamt over ein del ord i informantane sine ytringar som er nytta på austnorsk i staden for trøndersk. Vidare skulle ordstillinga vore *Ikke dette ned, sa Dina*, og eg reknar med at hovudverbet skulle vore bøygð i preteritum, ettersom det her er omtale av noko som har hendt tidlegare. Dette kjem eg inn på i kapittel 6.4.3.

### 5.3.1 Kv-spørsmål


For Tuva er det gjort sporadiske opptak fra ho var 1;10.10, for Idun fra 2;4 og for Ylva fra 2;1.9. To av informantane produserer første *kv*-spørsmål ved relativt same alder: Tuva ved 2;4.19 og Idun ved 2;5.16, medan Ylva sitt første er ved 2;1.17. Når det gjeld Ylva sitt andre *kv*-spørsmål er heile ytringa det står i markert med spørsmålsteikn i transkripsjonen, og eg har difor valt å ikkje inkludere denne ytringa her. Det endelege talet på *kv*-spørsmål frå den transkriberte delen av korpuset er dermed som i tabell 3.

Tabell 3

Tuva	2
Idun	6
Ylva	2

Diagram 4 syner korleis førekomensten av *kv*-spørsmål har vore gjennom den perioden det ligg føre transkripsjonar frå. I dette diagrammet er alle typar *kv*-spørsmål sett under eitt, og det syner berre ytringar med synleg *kv*-konstituent. I tabell 4 kan ein sjå korleis førekomensten av synlege *kv*-spørsmål har vore kontra den av ikkje synlege *kv*-spørsmål. I det følgjande vil eg sortere *kv*-spørsmåla og presentere ytringane både tabell 4 og diagram 4 baserer seg på.

Diagram 4<sup>70</sup>



Totalt for informantane er det fire *kva*-spørsmål:

- (33) (a) *ka inni der?* Ylva 2;1.17
- (b) *a har vi?* Tuva 2;4.19
- (c) *a gjörn da?* Tuva 2;07.01
- (d) *ka har du på dæ?* Idun 2;5.16

<sup>70</sup> Merk at diagrammet berre syner ytringar med synleg *kv*-konstituent.

Fem *kor*-spørsmål:

- (34) (a) *kor e larvepuslespillet tenke æ på?* Idun 2;7.5  
 (b) *kor e pappa?* Idun 2;7.5  
 (c) *kor e bilde?* Idun 2;7.5  
 (d) *kor e bilde av vi ta bilde?* Idun 2;7.5  
 (e) *hvor er den andre?* Ylva 2;5.29

Og eitt *hvilken*-spørsmål:

- (35) *hvilken dag i dag?* Idun 2;5.16

I tillegg produserer Tuva og Ylva éi ytring kvar utan synleg *kv*-element der eg, mellom anna ut frå konteksten, meiner at det i målytringa burde vere det. Dette gjeld følgjande ytringar:

- (36) (a) *Tussa da?* Tuva 2;3.00. Mål: Kor e Tussa da?  
 (b) *Va det?* Ylva 2;5.9. Mål: Ka va det?

Ylva stiller her spørsmål om kva det var som lagde lyd, noko ein kan sjå av transkripsjonen. Der står det at det er ein sykkel som lager ein kvinelyd og at ho påfølgjande spør *va det?* Difor meiner eg at det skal vere eit spørjeord her (*kva*). Når det gjeld Tuva, meiner eg at ho spør anten *kva* Tussa (ein hund) gjer, eller *kor* hunden er.

Tabell 4

Med synleg kv-element				Utan synleg kv-element <sup>71</sup>			
Alder	Tuva	Ylva	Idun	Alder	Tuva	Ylva	Idun
1;10	0	0	0	1;10	0	0	0
2;0	0	0	0	2;0	0	0	0
2;1	0	1	0	2;1	0	0	0
2;2	0	0	0	2;2	0	0	0
2;3	0	0	0	2;3	1	0	0
2;4	1	0	0	2;4	0	0	0
2;5	0	1	2	2;5	0	1	0
2;6	0	0	0	2;6	0	0	0
2;7	1	0	4	2;7	0	0	0


### 5.3.2 Topikalisering

Topikalisering hører til C-domenet, som gjennomgått i kapittel 2.4 og 2.4.1. Dette gjeld uavhengig av om ein nyttar ein splitta CP-modell eller ikkje. Diagram 5 gir eit oversyn av kor mange førekomstar kvar av informantane har hatt av topikalisering ved ulike aldrar.

<sup>71</sup> Sjå forklaringa til døma i (36) for kvifor eg meiner at dette er *kv*-spørsmål.

Diagrammet inkluderer ytringar med inversjon, utan inversjon og med usikker inversjon (ein meir detaljert diskusjon om desse typane følgjer i kapittel 5.3.2.1 og 5.3.2.2, med vidare utdjuping i 6.5). Nedanfor presenterer eg ytringane som er inkluderte i tala i diagrammet.

Diagram 5



#### 5.3.2.1 Med inversjon

Idun har produsert tolv ytringar med topikalisering og inversjon av verb og subjekt, medan Tuva har produsert fire, der berre éi er klart invertert og dei andre tre ikkje kan plasserast med sikkerheit. Ylva har produsert heile 48 slike ytringar, der brorparten byrjar med *der*. Det syner seg ved nærmere ettersyn at eit fleirtal av desse er ekspletivar og at ho seier *der* i staden for *det*. Ein indikasjon på dette er at mor hennar spør: *Kæm som har lært dæ brannman Sam-sangen?* Og Ylva svarer: *Der e Herman* (2;5.29). Difor vel eg å sjå bort frå alle ytringane eg meiner eigentleg er ekspletivar, og sit då att med at Ylva har produsert ti topikaliserte ytringar med inversjon og to som ikkje har verb og difor ikkje gir noko indikasjon på om dei er inverterte (*j* og *m*). Éi av dei ekskluderte er eit sitat frå ei barnebok, og er fjerna av den grunn.

Dei ytringane som er inkluderte, er dei følgjande:

- (37) (a) *Her Tuva xxx Magnus.* Tuva 2;00.20
- (b) *Her Magnus.* Tuva 2;00.20
- (c) *Og så den attme døra, den vil æ ha med.* Tuva 2;07.01.
- (d) *Da bli det barne-tv.* Idun 2;4.
- (e) *Da slo sæ i hodet så datt hu ned fra dompa.* Idun 2;4.22
- (f) *No har xxx (namn) mista hijaben på grusen sin.* Idun 2;5.16
- (g) *Da satt æ på benken og vaska begge fotan mine.* Idun 2;5.16
- (h) *Der e øran te maskina.* Idun 2;7.5
- (i) *Nå er jul.* Ylva 2;1.17
- (j) *Nå Ylva litn og kan ikke kaffe.* Ylva 2;1.17
- (k) *Her e middagen.* Ylva 2;1.17

- (l) *Der va det agurk.* Ylva 2;1.17<sup>72</sup>
- (m) *No ferdig.* Ylva 2;1.17
- (n) *Der stikk ut der e Karius og Baktus hus.* Ylva 2;3.0
- (o) *Da kjøre æ.* Ylva 2;5.29

Av omsyn til den avgrensa plassen i denne oppgåva, har eg utelate somme ytringar i høve der det er fleire liknande, til dømes fleire som byrjar på *da* eller *her*, men alle topikaliseringstypar har ein representant i denne presentasjonen. Resten av ytringane finst i vedlegg 3.

Tabell 5 syner ei detaljert oversikt over kor mange ytringar med topikalisering kvar informant har i det transkriberte korpuset, inndelt i ulike typar, der usikker inversjon viser til ytringar som manglar verb.

Tabell 5

Informant	Med inversjon	Utan inversjon	Usikker inversjon
Tuva	1	1	3
Idun	12	0	0
Ylva	10	0	2

### 5.3.2.2 Utan inversjon

I det transkriberte korpuset er det éi einaste ytring med topikalisering utan inversjon:

- (38) *Tuva, Tuva, her Tuva skli.* Tuva 2;00.20

Grunnen til at denne setninga er inkludert som eit relevant døme er at viss ein tar byrjinga av denne setninga (*Tuva, Tuva*) for å vere ekstraponert, er sjølve setninga berre *Her Tuva skli*. Det er med andre ord topikalisering av adverbial utan inversjon av subjekt og verb. Ein kunne tenkje seg at målsetninga her eigentleg var *Her ska Tuva skli*, men konteksten er at Tuva får sjå eit bilet av seg sjølv som sklir, og det er såleis sannsynleg å tenkje seg at målsetninga er *Her sklir Tuva*.

---

<sup>72</sup> Grunnen til at dømesetning (l) og (n) er inkluderte som topikaliseringar og ikkje er ekskluderte som ekspletivar på lik linje med dei ovannemnde, er at subjektet (*det*) står seinare i setninga, og at dette difor må kunne reknast som eit topikalisert stadsadverbial, og når det gjeld *n* meiner eg at målsetninga er noko slikt som "Der (som) det stikk ut, der e Karius og Baktus sitt hus", og at dette på lik linje med førre setning er topikalisering av stadsadverbial og førekomst av subjekt seinare i setninga. Dette er til skilnad frå dei ekskluderte setningane som ikkje hadde noko synleg subjekt.

### 5.3.3 Underordna setningar

Underordna setningar vert gjerne innleidde av ein subjunksjon, og subjunksjonen står i C-kjernen. Dette er fordi C er ein typeplass som avgjer om setninga me har med å gjere er ei hovudsetning eller ei underordna setning, ut ifrå om det som står i C er eit finitt verb eller ein subjunksjon (Platzack 2010:101), som omtalt i kapittel 2.4. Dei ytringane i korpus som har synleg uttrykt *at* eller *å*, er følgjande (uthevingane har eg lagt til for lesbarheita si skuld):

- (39) (a) *Dina syns at artig sitti attme mæ.* Tuva 2;03.13  
 (b) *Klaritj å oppå hytta.* Tuva 2;03.13  
 (c) *Hu fór å bæsje.* Idun 2;4  
 (d) *Jeg var så treig å kle på mæ.* Idun 2;4.22  
 (e) *Æ kan gi dæ i boksen bare at det e mere kakao og melk og sånn.* Ylva 2;5.29<sup>73</sup>

I tillegg finst denne ytringa: *Ja, at jeg tar den i ovnen, da bli den veldig varm* (Ylva 2;5.29), som eg har valt å ikkje inkludere her fordi det ser ut til at *at* i dette høvet er nytta som ein litt tilfeldig måte å byrje setninga på, og ikkje som ein underordnar.

Somme ytringar er innføydde i form av at dei er relativsetningar med *som*:

- (40) *Det e han som kasta opp i treet.* Idun 2;4<sup>74</sup>

Eller samanliknande setningar med *som*:

- (41) *Sykle på jobb sånn som pappa gjør.* Ylva 2;5.29<sup>75</sup>

Og etter andre inneheld *så* som ein konsekvenstilordnar (kan bytast ut med til dømes ”slik at”, og både desse innleier leddsetningar (Faarlund et al. 1997:1040)), og difor har eg førebels valt å inkludere desse høva som underordna setningar og *så* som subjunksjon<sup>76</sup>:

- (42) (a) *Da slo sæ i hodet så datt hu ned fra dumpa.* Idun 2;4.22<sup>77</sup>  
 (b) *Det e stengt i maskina så ikke kan komme rotta og mus inni der.* Idun 2;7.5

---

<sup>73</sup> I 5.2.2 valde eg å ikkje analysere *bare* i denne ytringa som eit setningsadverbial, og eg mente det var meir sannsynleg at dette var ein slags samansett subjunksjon: *bare at*. Eg vil diskutere dette ytterlegare i 6.6.

<sup>74</sup> Her er det, for ordens skuld, snakk om ein som har kasta noko opp i treet, og ikkje ein som kasta opp i treet. Resten av samtalens rundt denne ytringa er slik (der FAT er far og IDU er Idun): FAT: ser du hva det der er forno som noen har kasta opp i treet? IDU: det e gutt som [/] gutt kasta opp i treet. FAT: som har kasta hva forno? IDU: det [/] e gutt som kasta opp i treet. FAT: ja hva da? IDU: det e han som kasta opp i treet. FAT: ja men hva er det han har kasta opp? IDU: han har kasta oppi buss!

<sup>75</sup> Sjå diskusjon av funksjonen til *som* i denne ytringa i 6.6.

<sup>76</sup> Eg har utelatt setningar som ”Og så dukka æ mæ og så vaska æ fotan” (Idun 2;5.16) fordi *så* her klart fungerer som eit adverbial på lik linje med til dømes *deretter*, og ikkje forklarer noko årsak-verknad-tilhøve.

<sup>77</sup> Så i denne ytringa kan sjå ut til å vere ein slags rekkefølgjemarkør, men det kan òg vere at han markerer ein konsekvens, berre at årsak og verknad kjem med feil kronologi. Dette vil eg diskutere vidare i 6.6.1. Det vil seie at anten er det som vert sagt ”Da datt hu ned fra dumpa og så slo hu sæ i hodet”, ”Da datt hu ned fra dumpa så hu slo sæ i hodet”, eller ”Så datt hu ned fra dumpa og da slo hu sæ i hodet”

Diagram 6




Diagram 6 syner talet på førekommstar av subjunksjonar hjå dei tre informantane, som eg har presentert i døma (39)-(42). Merk at eg diskuterer funna vidare i 6.6, og at dei funna som vert presenterte i dette diagrammet berre er førebels sorterte.

I tillegg til dei underordna ytringane med *synleg* subjunksjon, finst det òg nokre utan eit synleg underordningselement. Ytringar av denne typen har eg berre funne hjå Tuva. Dei første opptrer i denne samtalesekvensen:

- (43) AUN: *tante trur at du bynne å bli litt trøtt, kanskje.*  
 TUV: *bynne trøtt.*  
 AUN: *hæ ?*  
 TUV: *æ bynne trøtt.*  
 AUN: *ja, bynne trøtt ja.*

Tuva 2;00.20

Eg vel her å analysere både *bynne trøtt* og *æ bynne trøtt* som underordna setningar utan subjunksjon, fordi eg meiner målsetninga her er *æ bynne [å bli] trøtt*. Eg vil likevel berre inkludere den eine ytringa ettersom eg konsekvent har ekskludert alle gjentakande, etterfølgjande ytringar.

Vidare hører den allereie omtalte ytringa *Dina syns at artig sitti attme mæ* (Tuva 2;03.13) òg under kategorien underordna setningar utan synleg subjunksjon, ettersom denne ytringa har ein uttrykt subjunksjon og ein som ikkje er synleg, og målytringa sannsynlegvis er *Dina syns at [det e] artig [å] sitti attme mæ*. Her står verbet *sitti* i infinitiv, noko som understøttar antakinga om at infinitivmarkøren er til stades men ikkje synleg.

Den siste ytringa utan synleg subjunksjon er:

- (44) *Mamma hente mæ ut, æ bynne skrik* (Tuva 2;3).

Sannsynlege målytringar her meiner eg er anten *Mamma hente mæ ut når æ bynne å skrik*, *Når æ bynne å skrik, hente mamma mæ ut*, *Når mamma hente mæ ut, bynne æ å skrik* eller *Æ bynne å skrik når mamma hente mæ ut*. Uansett kva for ei som eigentleg er målytringa, manglar den opphavlege ytringa subjunksjonen *når*<sup>78</sup>, og også infinitivsmarkøren *å*.

## 5.4 Individuell utvikling

I det følgjande vil eg presentere utviklinga av alle fenomena eg ser på i kvar enkelt informant. Eg vil gi eit oversyn ved å nytte diagram og etterfølgjande forklare innhaldet i diagramma. Felles for alle diagramma (diagram 7, diagram 8 og diagram 9) er at dei inkluderer berre setningsnegasjonar, og ikkje konstituentnegasjonar, og vidare berre synlege førekommstar av hjelpeverb, subjunksjonar og *kv*-konstituentar, samt både inverterte og uinverterte topikaliseringar.

### 5.4.1 Tuva


Tuva har vore med i prosjektet frå ho var 1;10 og til ho var 2;7. Transkripsjonar frå dataa hennar er gjort ved 1;10, 2;00, 2;3, 2;4 og 2;7. Dei lengste opptaka som er transkriberte er frå 2;0 (16 minutt) og 2;4 (10 minutt) og samanlagt frå 2;3 (20 minutt). Ein kan klart lese ut av diagrammet kva månader det ikkje ligg føre transkripsjonar frå, ettersom desse ikkje har førekomst av nokon av fenomena, med unntak av 1;10, som er transkribert, men som sannsynlegvis har vore for tidleg i språkutviklinga til denne informanten til at relevante språklege fenomen har vore til stades.

Diagrammet syner ein høg førekomst av hjelpeverb, og sjølv om samla transkribert opptakstid frå 2;3 berre er fire minutt meir enn ved 2;0, vert det ytra 13 fleire hjelpeverb i det siste. I tillegg syner diagrammet førekomst av topikalisering berre ved éin alder (2;0), smått med underordna setningar og *kv*-spørsmål, og veldig utstrekkt bruk av negasjon ved 2;3 (frå 2 til 18 førekommstar mellom opptaka ved 2;0 og 2;3).

---


<sup>78</sup> Her meiner eg at *når* er ein adverbiell subjunksjon, og difor kan stå til dømes i SpecCP, som i Nordström (2010).

Diagram 7



#### 5.4.2 Idun

Diagram 8




Idun har vore med i prosjektet frå ho var 2;4 til ho var 2;9. Diagrammet går attende til éin månad før me byrja å gjere opptak av ho og til to månader før opptaka vart avslutta. Transkripsjonar frå opptaka av henne er gjorde ved 2;4, 2;5 og 2;7. Det kjem godt fram i diagrammet at det ikkje er innhenta data (transkribert) frå alderen 2;6, og at siste transkriberingsalder har vore 2;7. Også her dominerer hjelpeverbsførekomensten, som er dobbelt så høg som førekomensten av noko anna fenomen eg undersøker her. Negasjonsbruken

er mykje forsiktigare enn hjelpeverbsbruken, og ligg dermed om lag på same nivå som alle dei andre fenomena. Lengda på alle transkriberte opptak av Idun er nesten lik, dei er alle om lag 13 minutt lange.

### 5.4.3 Ylva

Diagram 9



Ylva har vore med i prosjektet frå ho var 2;1 til ho var 2;8. Som ein kan sjå ut av diagrammet, er det transkribert opptak av ho då ho var 2;1, 2;3, 2;4 og 2;5<sup>79</sup>. Også her er det dominans av hjelpeverb, meir spesifikt ved alderen 2;5. Elles syner diagrammet at negasjon er eitt av dei mest utbreidde fenomena. I likskap med Tuva er det med fire månader mellomrom (hjå Tuva var det tre) ei auking på ni hjelpeverb i transkripsjonen (hjå Tuva auka dette med 13). Her er det i tillegg stor skilnad på lengda av transkriberte opptak: Ved 2;1 er det transkribert 49 minutt, medan det ved 2;5 berre er transkribert 15 minutt. Ved 2;4 er det òg transkribert 15 minutt, og førekomensten av negasjon er nesten like høg i dette opptaket som i det 49 minutt lange. Vidare er førekomensten av topikalisering særskilt høg ved 2;1 her, medan det berre finst nokre få høve av subjunksjon og *kv-spørsmål*.

<sup>79</sup> Eg har skrive i 4.5 at eg har transkribert frå byrjinga, midten og slutten av opptakspersonen til kvar informant (med etterhald om at dette i røynda var fram til alderen 2;7 uansett). Som ein ser her, er ikkje dette høvet for Ylva. Dette er grunna at i den tida eg hadde avsett til transkribering, hadde eg av ulike årsaker ikkje dei siste opptaka av Ylva enno, og for å vere sikker på at nok materiale frå ho ville verte transkribert, valde eg å halde meg til dei faktiske opptaka eg hadde på dåverande tidspunkt.

## 5.5 Samandrag resultatkapittel

Eg byrja resultatkapittelet med å ekskludere ei rekke ytringar som av ulike årsaker ikkje fekk vere ein del av resultata i denne oppgåva. Vidare synte eg ein utstrekkt bruk av hjelpeverb, og at dette for det meste går føre seg målspråklikt. Setningsadverbial finst ikkje i det transkriberte korpuset, medan negasjon vert nytta mykje, både målspråklikt og ikkje. Mellom anna vert negasjon gjerne nytta feilaktig ekstraponert i innleiande posisjon i setninga. Alle dei no nemnde resultata høyrer til T-domenet. *Kv*-spørsmål høyrer til C-domenet, og her syner det seg at *kor* og *kva* er dei mest utbredde spørjeorda i konstituentspørsmål, og elles at det òg er tilfelle av slike spørsmål utan spørjeord. Blant dei topikaliserte ytringane har eg identifisert ein del som berre tilsynelatande var topikaliseringar, men som faktisk var subjektsinitiale, som i Ylva si ytring *Der e Herman* (2;5.29), der den faktiske målytringa var *Det e Herman*. I heile det transkriberte korpuset finst det éi uinvertert topikalisert ytring. Vedkomande underordning har eg funne førekommst både av *at*, *å*, *som* og *så*, samt ein somme høve av urealisert subjunksjon. Til slutt har eg synt den individuelle utviklinga til informantane, og her har eg sett mellom anna at hjelpeverb og negasjon er fenomen med høg frekvens hjå alle tre.

## 6 Analyse og diskusjon

Både modningshypotesen og framhaldshypotesen har eit breitt spenn av teoretikarar og antakingar, noko som fører til at det finst punkt der dei overlappar, altså at dei kan fungere som forklaringsmodellar for akkurat det same. Dette gjer at det kan vere vanskeleg å nytte desse to hypotesane til å forklare produksjonssida av språket aleine, og at det kunne vore betre å nytte dei til å sjå på forståing. Eit døme på dette er følgjande: I motsetnad til modningshypotesen, som er deterministisk, reknar framhaldshypotesen med hypotesetesting og at enkle grammatiske strukturar vil vike plass for målstrukturar etter kvart, som synt i 3.1 og 3.2. Det er grunna at ein og ein paradigmemedlem frå eit verbparadigme vert tileigna, og at det dermed vil finnast utbygde bøyingsformer samstundes som rotformer utan bøyingsmorphologi (Borer & Rohrbacher 2002:137). Dette skal altså stå i motsetnad til modningshypotesen, men Borer og Wexler (1987:163) skriv i samband med modningshypotesen at: "We assume that the forms [...] disappear gradually, as the child realizes that there are other forms in the language (and utilizing the same root) which have the same meaning". Det vil seie at dette på overflata vil gi same resultat som det ovannemnde frå framhaldshypotesen, trass at dei to hypotesane har vidt forskjellige forklaringar på resultatet. Dette er berre eitt døme på kvifor det er vanskeleg å nytte desse to hypotesane til å forklare produksjonssida av språket.

Den mest grunnleggjande skilnaden på dei to hypotesane er kva dei går ut frå er dei underliggende mekanismane til språket. Der ein i modningshypotesen ser føre seg at språket er tett knytt til andre kognitive kapasitetar, tenkjer ein seg med framhaldshypotesen at språket er ein meir sjølvstendig modul. For å kunne gi eit meir fullstendig bilet av korleis hypotesane forklarer språkutviklinga, kunne ein til dømes setje språkutviklinga i samband med den kognitive utviklinga elles, ettersom ein ifølgje modningshypotesen då ville sjå korrelasjon mellom språkutviklinga og den generelle kognitive utviklinga. Her kunne ein då teste kognitive kapasitetar som hukommelse, prosessering, motoriske ferdigheter og persepsjon<sup>80</sup>. Gjennom å berre sjå på produksjonssida av språket vil det vere vanskeleg å seie noko inngåande om dei underliggende mekanismane, og difor meiner eg det ville vore betre å nytte desse hypotesane til å teste forståing.

Det er nettopp grunna problema med å skilje hypotesane frå kvarandre at eg har utkrystallisert to klare prediksjonar, sjølv om desse prediksjonane i somme omsyn kan framstå som litt lettvinde eller urettferdige mot enkelte syn innanfor hypotesane.

---

<sup>80</sup> Sjå til dømes Pinker (1995:474) for ei kort oversikt av kva *kognitive kapasitetar* kan innebere.

Prediksjonane eg vil nytte i den følgjande analysen er at modningshypotesen, der ein har eit deterministisk syn på språkinnlæring og ei meining om at biologiske triggjarar set i gang ulike trinn av språktileigninga, vil spå ei lineær utvikling av språkstrukturen. Med framhaldshypotesen, der ein heller reknar med at førestillinga om syntaksen finst frå før, treng ein ikkje å gå ut frå at alt må byggast på kvarandre. Ein kan heller rekne med at dei ulike delane vert plasserte gjennom hypotesetesting i ein struktur som språkbrukaren allereie har ei vag førestilling om. Dermed spår ein med framhaldshypotesen at ei meir ikkje-lineær utvikling er plausibel.

## 6.1 Problem med hypotesane

Det finst fleire grunnleggjande forklaringsproblem ved begge hypotesane. Det kanskje største problemet til framhaldshypotesen er det såkalla *trigger*-problemet, altså at han ikkje har noko forklaring på kvifor det tar tid mellom at barnet høyrer noko i input og at denne konstruksjonen kjem til syne i språkproduksjonen til barnet. Dette kan modningshypotesen forklare gjennom at den aktuelle konstruksjonen på input-tidspunktet er for komplisert eller at det heng saman med at til dømes arbeidsminnet eller hukommelsen ikkje har modna så mykje at konstruksjonen kan verte prosessert enno. På den andre sida har ikkje modningshypotesen noko forklaring på korleis *den grammatiske kartlegginga* (*the grammatical mapping*, mi omsetjing) går føre seg, fordi barnet i dette paradigmet ikkje har noko førestilling om dei grammatiske kategoriane som enno ikkje er modna. Innan framhaldshypotesen meiner ein at barnet nettopp har ei slags førestilling om dei grammatiske kategoriane, og deretter plasserer den språklege inputen det får på sine respektive stader i setningsstrukturen gjennom hypotesetesting. Det ser ut til at sistnemnde er den grunnleggjande skilnaden på dei to hypotesane, altså om førestillinga om syntaksen er til stades eller ikkje frå før av.

I tillegg meiner eg det er eit problem at det er uklart kva som eigentleg utgjer prov mot nokre av prediksjonane til framhaldshypotesen, spesielt prediksjonen som går ut på at fråvære av realisert bøyingsmorfologi og flytting gir prov for at barnet kjenner til den syntaktiske strukturen (fordi at ved tvil om korrekt bruk av bøyning, form eller flytting, unngår barnet det elementet som utgjer tvilshøvet, sjå kapittel 3.1) (Borer & Rohrbacher 2002:136). Problemet er at det omtrent er umogleg å finne eit motprov til dette, fordi det er snakk om element som ikkje er realiserte, og ein kan dermed ikkje påvise at strukturen som ikkje er synleg, finst, og med det falsifisere prediksjonen.

## 6.2 Prediksjonar

Framhaldshypotesen reknar med at barnet heile vegen har ei forestilling om funksjonelle kategoriar. Denne hypotesen ser på mangel av synlege funksjonelle kategoriar som eit prov *for* at dei finst, og spår at dei ikkje vil verte nytta, eller ikkje vil vere synlege, før barnet veit kor dei skal stå i setningsstrukturen. Eventuelt nyttar det både ikkje-bøygde eller minimalt bøygde verbformer samstundes som det nyttar fullt ut spesifiserte verbformer, fordi det tileignar seg den språkspesifikke kunnskapen om éin paradigmemedlem i gongen (Borer & Rohrbacher 2002). Overfører ein dette til funksjonelle kategoriar, vil det seie at barnespråket vil innehalde bruk av spesifiserte funksjonelle kategoriar samstundes som at slike kategoriar ikkje er realiserte i andre høve. Borer og Rohrbacher (2002:141) forklarer paradigmemedlem som ein fonologisk representasjon av éi bøyingsform av ei gitt verb-rot. Det vil seie at alle moglege realiseringar av ei verb-rot<sup>81</sup> til saman er eit heilt paradigme, medan éi av desse bøyingsformene er den enkelte paradigmemedlemmen. I den følgjande analysen vil eg nytte omgrepet paradigmemedlem både i tråd med denne opphavlege definisjonen, men òg i analogi med han og litt utover det området han kanskje er meint å dekke. I høve der eg nyttar omgrepet på meir utradisjonelt vis, vil eg nemne det.

Modningshypotesen spår på den andre sida at eitt og eitt fenomen vert modna, der fenomen mellom anna kan bety projeksjonar, kategoriar, trekk, type flyttingar eller prinsipp. Det er, som nemnt, store skilnader i kva ulike teoretikarar innan same teori meiner om dette, og i det følgjande vil eg halde meg til å undersøke dei prediksjonane ved modningshypotesen som går ut på ei gradvis utvikling av syntaktiske projeksjonar. Ut frå dette vil eg òg rekne med at det ikkje kan finnast noko C-domene utan eit T-domene, ettersom C bygger på T, og at T-domenet difor må kome først i utviklinga.

I det følgjande vil eg altså sjå i kva grad dataa mine støtter framhaldshypotesen ved at tileigninga ser ut til å gå ikkje-lineært føre seg, og i kva grad dei ser ut til å støtte modningshypotesen ved at tileigninga er lineær. Dette vil vere mest klart i oppsummeringa av alle kategoriane i 6.8, men eg vil i tillegg, i den grad det er fruktbart, freiste å samanlikne linearitetten i dei enkelte kategoriane. Den typen linearitet det her er snakk om, er linearitet i den syntaktiske strukturen, altså om sjølve setningsstrukturen vert tileigna i rekkefølgja nedanfrå og opp (frå VP via TP til CP) eller om rekkefølgja er meir tilfeldig. Det vil altså seie at eg ikkje analyserer frekvensen til eit enkelt fenomen over tid, og det er dermed ikkje

---

<sup>81</sup> Verbrota kan til dømes vere *sykl*, og dei moglege realiseringane i bøyingsparadigmet for nynorsk vil då vere *sykl|e*, *sykl|ar*, *sykl|a* og *sykl|ande*. Kvar bøyingsform er ein paradigmemedlem.

linearitet i førekomstmønsteret eg vil ta føre meg her<sup>82</sup>. Vidare vil eg diskutere andre interessante funn ved kvart fenomen og drøfte dette anten i lys av ein av hypotesane eller anna barnespråksdata.

## 6.3 Hjelpeverb

Hjelpeverb er eitt av dei fenomena som opptrer tidlegast i dataa frå alle informantane. I tillegg er bruken utstrakt og, som eg skal syne under, ser han ut til å vere målspråklik. Det er likevel somme høve der hjelpeverba ikkje førekjem i målspråklike omstende. I det følgjande skal eg drøfte utfordringar ved hjelpeverb i underordna setningar, samt eit høve av det som moglegvis er ein *valfri infinitiv*.

Som vist i resultatkapittelet, har Tuva og Idun førekomstar av ytringar med manglande hjelpeverb som sameksisterer med ytringar med synleg hjelpeverb. Eg nemner ikkje Ylva i denne delen av analysen fordi ho ikkje produserer nokon ytringar med manglande hjelpeverb, og det difor ikkje er noko å analysere utover å slå fast at hjelpeverb ser ut til å vere ein integrert og målspråklik del av språket hennar. Ved å følgje det eg har skrive om tileigning av ein paradigmemedlem i gongen, kunne ein tenkje seg at barnet i analogi med dette tileignar seg anten ei bøyning av eitt hjelpeverb i gongen, eller at det tileignar seg paradigmet til eit hjelpeverb i gongen, og at dette er årsaka til at realiserte og ikkje-realiserete former sameksisterer.

### 6.3.1 Idun – med og utan *har*

I ytringa der Idun manglar hjelpeverb, er det *har* som manglar: *Det e gutt som [har] kasta opp i treet* (Idun 2;4). Ho har likevel to førekomstar av *har* som hjelpeverb ved akkurat same alder, så å påstå at ho ikkje har tileigna seg *har*, er altså ikkje haldbart. At ho ikkje har tileigna seg funksjonelle kategoriar utanfor dette, kan heller ikkje stemme, fordi den aktuelle ytringa inneheld ei relativsetning og synleg subjunksjon: *Det e gutt som kasta opp i treet*. Målytringa her er eigentleg *Det e en gutt/gutten som har kasta en buss opp i treet*<sup>83</sup>. Denne ytringa syner

---

<sup>82</sup>Linearitet eller ikkje-linearitet i førekomstmønsteret er det ein ser på mellom anna i Pinker (1984), når det er snakk om *U-shaped development*, altså ei utvikling som gir ein U-liknande graf, som i dette tilfellet kan syne produksjon av eit visst fenomen ved tidleg alder, så eit fall i førekomsten før fenomenet igjen vert produsert, denne gongen produktivt etter eit fast system (Pinker 1991).

<sup>83</sup>Dette seier eg med relativt stor sikkerheit fordi den påfølgjande ytringa er *Han har kasta oppi buss*, og eg meiner difor at den første ytringa ikkje står i preteritum men perfektum.

både nærvære og fråvære av funksjonelle kategoriar. Ho inneheld DP-en *det*, men manglar DP i *gutten/en gutt* og i tillegg sjølve innhaldsordet (*en*) *buss*.

Vidare inneheld ytringa subjunksjon, men manglar hjelpeverb. Den påfølgjande ytringa til denne er *Han har kasta oppi buss*, så, som eg allereie har påpeikt, nyttar informanten hjelpeverbet *har*. Ei mogleg forklaring på denne kontrasten kan likevel vere at ho ikkje har tileigna seg bruken av hjelpeverb/hjelpeverbet *har* i underordna setningar. Dette er ikkje noko eg kan konkludere med her, ettersom dette er den einaste underordna setninga som opptrer i samband med hjelpeverb på denne alderen<sup>84</sup>, men det kan vere ei nærliggjande forklaring.

### 6.3.2 Tuva – valfri infinitiv eller modaldropp?

Når det gjeld Tuva si ytring utan synleg hjelpeverb (*Tuva hoppe mere sånn*. Tuva 2;00.20), vil eg påstå at det er vanskeleg å seie om dette eigentleg er ei setning med manglande hjelpeverb (Til dømes *Tuva [ska/vil] hoppe mere sånn*) eller om det synlege verbet står i presens<sup>85</sup>. Grunna kontekstkrava til hjelpeverba, skal det verbet som følgjer etter *vil* stå i infinitiv (Åfarli & Eide 2003:134, 141), og den trønderske infinitivsforma av *hoppe* er apokopert til *hopp*. Det vil seie at verbet her har trøndersk presensform. Merk at både foreldra til Tuva er trøndarar. Likevel vil eg ikkje automatisk rekne verbet her som presens, fordi eg fleire gongar i transkripsjonane har sett at dei trønderske informantane nyttar austlandsk dialekt på somme verbformer (og i tillegg på mellom anna enkelte pronomener), og dersom dette er eit av dei høva, kan det stemme at *hoppe* står i infinitiv og dermed at det finst eit usynleg hjelpeverb som må finnast fordi det nettopp er hjelpeverbet som gir infinitivsforma til hovudverbet via styring (ibid.).

Denne ytringa kan med denne analysen vere eit tilfelle av det Poeppel og Wexler (1993:15) kallar *modal-drop hypothesis*. Modal-dropp-hypotesen går rett og slett ut på at barnet utelet det modale hjelpeverbet, og at det hovudverbet som står att, dermed har infinitivsform<sup>86</sup>.

<sup>84</sup> Neste underordna setning Idun produserer med hjelpeverb, er *Så ikke kan komme rotta og mus inni der* (2;7.5). Her er altså både subjunksjon og hjelpeverb til stades, men dette vert altså produsert ved ein seinare alder og kan ikkje bidra verken til å støtte oppunder eller til å falsifisere denne hypotesen. Her er det dessutan òg tilfelle at det manglar ekspletiv, men dette vil eg ikkje ta til innlekt for noko, berre gjere merksam på det.

<sup>85</sup> Konteksten til ytringa er viktig for å forstå ho riktig. Først seier tanta *Ska du hopp?*, og Tuva svarer *Tuva hoppe mere sånn*. Dette er altså ei intendert handling og ikkje ei som er pågående.

<sup>86</sup> Framhaldshypotesen har problem med å forklare kvifor barnet utelet det modale hjelpeverbet, men Poeppel og Wexler (1993:15-16) meiner det kan hende at infinitivar utan modalverb ikkje er grammatiske for barnet, men at dei likevel vert uteletne i output.

Eventuelt kan dette vere *valfri infinitiv* (*optional infinitive*). I så fall er det ikkje noko usynleg hjelpeverb i nemnte ytring, fordi denne teorien freistar å gi ei forklaring på kvifor barn ofte utelet verbböying eller nyttar "feil" böying på hovudverb (Wexler 1994:305). Valfri infinitiv førekjem gjerne før 3-årsalderen og går ut på at barnet har kjennskap til kjerneflytting, spesielt verbflytting, samstundes som det veit at kjerneflytting er naudsynt i eit finitt høve og kjenner til prinsippet for økonomisering som seier at infinitivar ikkje flyttar, men likevel ikkje veit at hovudverb *må* vere finitte i finitte kontekstar<sup>87</sup> (Wexler 1994:312). For å inkorporere dette postulatet i framhaldshypotesen, seier Poeppel og Wexler (1993:18) at born har ein standardmodell av vaksengrammatikk med unntak av at dei tillèt infinitivar i "finitte hovudsetningar", noko som vil seie at finitte verb berre finst som V2 medan ikkje-finitte verb berre finst i final-posisjon<sup>88</sup>. Infinitivane vert altså nytta i målspråklik posisjon i setninga (Hoekstra & Hyams 1998:83).

### 6.3.3 Samandrag

I det føregåande har eg presentert éi ytring frå Idun og éi ytring frå Tuva, der eg meiner målytringa inneheld hjelpeverb. Dette kan eg sjølvsagt ikkje vere heilt sikker på, men eg har ovanfor argumentert for kvifor eg trur det er slik. Ved Idun si ytring har eg stilt eit ope spørsmål om i kva grad underordning har noko påverknad på vanskegraden for tileigning av hjelpeverb. Når det gjeld Tuva si ytring har eg sett at denne anten kan innehalde eit ikkje synleg hjelpeverb (modal-dropp-hypotesen), eller at det er eit høve av valfri infinitiv, som òg er diskutert i barnespråksliteraturen tidlegare. Informantane er svært kompetente på denne delen av T-domenet, og det er få tilfelle av ikkje målspråklik bruk av hjelpeverb. Den høge frekvensen av målspråkslike hjelpeverbytringar gir lite informasjon om utviklingstrenden, og dei to ytringane eg har drøfta ovanfor gir difor lite evidens for både framhalds- og modningshypotesen.

## 6.4 Negasjon

Funna av negasjonsutvikling er mange og komplekse, og denne oppgåva vil ikkje ha rom for å ta føre seg alle. Eg meiner elles at dette vil vere av interesse for vidare forsking, fordi sjølve fenomenet med tileigning av negasjon er så omfattande. Det eg kjem til å kommentere i det

<sup>87</sup> Dette gjeld verb som vert nytta for å skildre det Wexler (1994:311) kallar *ongoing activity*, altså verb som skal ha presensform, men ikkje perifrastiske verbformer som perfektum.

<sup>88</sup> Dei spesifiserer her at det gjeld tysk grammatikk, ettersom dataa deira kjem frå tyske born.

følgjande er at negasjonsbruken hjå informantane mine ser ut til å skilje seg frå dei andre fenomena eg ser på, grunna at sjølve negasjonselementet vert plassert "feil", noko eg ikkje finn er tilhøvet med dei andre fenomena. Mellom anna vert negasjonen fronta på ein måte som ikkje er målspråklik. Vidare skal eg vise at dataa mine ikkje syner ei negasjonstileigning som kan delast inn i klare stadium. I tillegg skal eg undersøke om det kan vere negasjon + eit anna element, her: hjelpeverb, som i kombinasjon spelar inn på den ikkje målspråklike bruken av negasjon.

I 5.2.3 viste eg at informantane nyttar negasjon både målspråklikt og ikkje-målspråklikt. Ikkje-målspråklikt er eit relativt vidt omgrep her; det inkluderer at sjølve negasjonen vert plassert "feil", at ytringa har uklar tyding eller at heile ordstillinga er ikkje-målspråklik.

Tuva produserer 9 målspråklike ytringar i eit opptak frå 2;3, og i eit opptak frå 2;3.13 produserer ho 5 målspråklike ytringar og 2 ytringar der negasjonen "uriktig" er stilt fremst (45a) og (45b). Idun har berre målspråkslike negasjonssytringar og Ylva har i sitt første opptak frå 2;1.17 5 målspråkslike ytringar og éi ytring der negasjonen "uriktig" er stilt fremst (45c). Ho har vidare eit parallelt løp med målspråklik og ikkje-målspråklik nytting av negasjon.

- (45) (a) *Ikke øe kakk dæm.* Tuva 2;3.13
- (b) *Ikke scooter sitti på øe.* Tuva 2;3.13
- (c) *Ikke Karius og Baktus skogen no.* Ylva 2;1.17
- (d) *Ikke det e plass te ugla no.* Ylva 2;4.28

Det ser altså ut til at negasjon skil seg noko frå resten av fenomena eg ser på<sup>89</sup>: Funna mine kan ikkje forklarast med framhaldshypotesen sin prediksjon om at funksjonelle element ikkje vert nytta før dei vert nytta målspråklikt. Dei andre fenomena eg ser på i denne oppgåva, er ofte anten synlege eller ikkje synlege, og ikkje feilplasserte som negasjonen altså er.

#### **6.4.1 Tre stadium av negasjon**

Meisel (1997) omtalar tileigninga av negasjonssyntaks i førstespråk<sup>90</sup>, og forklrarar utviklinga som eit mønster med tre stadium<sup>91</sup>: Det første stadiet innehold berre eittordsnegasjonar, altså

---

<sup>89</sup> Dette er ein observasjon fleire har gjort. Sjå til dømes Bentzen (2007), som syner at negasjon oppfører seg spesielt i høve med verbflytting.

<sup>90</sup> Her nyttar han det rammeverket som hører til modningshypotesen (Meisel 1997:234-235), og føyer seg inn i ein tradisjon etter mellom anna Radford (1988) og Radford (1990).

<sup>91</sup> Meisel har om lag same inndeling av utviklinga av negasjonssyntaks som Klma og Bellugi (1966:190-197). Dei meiner òg at negasjonen er setningsekstern i fase éin, at negasjonen i fase to kan byrje å opptre saman med hjelpeverb, og i tredje og siste fase at negasjonen opptrer i tilnærma målspråklike ytringar.

eittordsytringar med *nei* og *ikkje*<sup>92</sup>, det neste stadiet er eit multiordstadium der negasjonen som oftast er plassert eksternt i innleiande posisjon, og stadium tre er setningsintern negasjon der negasjonen tidvis kan vere plassert feil (ibid:236). Han meiner det er vanskeleg å seie om negasjonen er adjungert til VP før alderen mellom 2;3 og 2;6, men påpeiker at på dette tidspunktet har barnet allereie tilgang til funksjonelle kategoriar, og difor vil syntaksen generelt vere meir vaksenlik (ibid.). Ifølgje Meisel vert negasjonen plassert setningsinternt så snart ein finn prov for produktive finitheitsformer. Produktive finitheitsformer indikerer at subjektet og det finitte verbet har vore løfta til målposisjonane sine og ut av VP (ibid.:239), og at negasjonen ikkje lenger vert adjungert på toppen av VP, men inn i strukturen.

Den utviklinga som Meisel her skisserer, og som dessutan er i tråd med det eg allereie har nemnt om modningshypotesen sine prediksjonar om linearitet, er klart ikkje kompatibel med dataa mine, ettersom mine informantar allereie har utstrakt bruk av målspråklik negasjon før dei produserer nokre få negasjonar som "uriktig" står fremst<sup>93</sup>, og dermed ikkje har ei lineær utvikling. Ein kan sjølv sagt argumentere for at eg ikkje har data frå språket tidleg nok og at dei allereie har passert stadiet med adjungert ekstern negasjon, men modningshypotesen og Meisel kan likevel ikkje forklare kvifor borna då er på stadium to eller tre over ein lenger periode før dei hoppar attende til stadium éin i eit par ytringar.

#### 6.4.2 Éin og éin paradigmemedlem

Det er vanskeleg å seie at negasjon er ein paradigmemedlem, men ein kunne seie at éin slags paradigmemedlem i dette høvet er negasjon i kombinasjon med eit anna element, og at negasjon pluss dette andre elementet anten er tileigna eller ikkje. Til dømes kunne dette vere negasjon + hjelpeverb, spesielt ved å følgje Klima og Bellugi (1966) sin negasjonsfase nummer to (sjå fotnote 91). I to av dei fire ytringane i (45) meiner eg nemleg at det manglar eit hjelpeverb, fordi eg tenkjer at målytringane er følgjande:

- (46) (a) *Ikke øe kakk dæm.* Mål: *Æ ska ikke kakk dæm.*  
 (b) *Ikke scooter sitti på øe.* Mål: *Æ fikk/kunn ikke sitti på scooter øe.*

<sup>92</sup> *Ikkje* er i følgje Powers (2001) eitt av to ord som fungerer som ein *pivot*, eit sentralt ord, i barnespråket, saman med *meir*. Powers meiner at den syntaktiske kategorien komplementet til *ikkje* eller *meir* har, ikkje spelar ei stor rolle, men at det er semantikken til komplementet som er viktig. I og med at desse er så sentrale ord, vert dei gjerne nyitta med ei breiare tyding enn i vaksenspråk, spesielt når det gjeld *ikkje* (engelsk *no*) (ibid:99).

<sup>93</sup> Både Tuva og Ylva produserer somme ytringar som kan tilsvare dei nemnte ytringane med ekstern negasjon, som til dømes *Ikke balln, ikke* (Tuva 2;00.20), *ja ikke kaffe* (Ylva 2;1.17) og *Ikke duck* (Ylva 2;4.28). Ettersom desse førekjem i sameksistens med målspråklike setningar med tilhøyrande målspråklik bruk av negasjon, vel eg å sjå dette som evidens mot ei slik klar stadiuminndeling som Meisel reknar med, fordi informantane mine produserer ytringar med negasjon på fleire av dei nemnte stadia samstundes.

Både desse ytringane er Tuva sine, og ho har på denne alderen andre ytringar som inneholder både *få* og *kunne + negasjon*, medan det er usikkert om ho har nytta *skulle*, fordi den einaste ytringa der *skulle* opptrer saman med negasjon er merka med spørsmålsteikn<sup>94</sup>, og er dermed forkasta. Dette vil seie at negasjon + eit bestemt hjelpeverb (som i dette høvet utgjer det eg kollar ein paradigmemedlem) eksisterer med visse hjelpeverb og ikkje med andre. Det passar difor ikkje med framhaldshypotesen sin prediksjon om at ein og ein paradigmemedlem utviklar seg om gongen. Det finst difor sannsynlegvis ei anna forklaring som passar betre enn at det er eitt og eitt spesifikt hjelpeverb som saman med negasjon vert tileigna.

#### 6.4.3 Valfri infinitiv

I kapittel 6.3.2 drøfta eg ei av ytringane til Tuva som eg meinte kunne innehalde ein valfri infinitiv (Wexler 1994:305). Også blant ytringane med negasjon har Tuva det som sannsynlegvis er ein valfri infinitiv:

- (47) *Ikke dette ned, Dina si.* Tuva 2;03.13

Som nemnt i 5.2.3 refererer denne ytringa til noko som har vorte gjort, og eg meiner difor målytringa her er *Ikke dett(e) ned, sa Dina*. Det vil seie at Tuva her har hovudverbet i infinitiv, og det ser òg ut til å stå i V, nett som hypotesen om valfri infinitiv spår (Hoekstra & Hyams 1998:83).

#### 6.4.4 Samandrag

Dersom bruken av negasjon speglar tilegningsprosessen hjå desse tre borna, kan ikkje tileigninga delast så klart inn i stadium som Meisel (1997) foreslår, fordi den målspråklike bruken og den ikkje målspråklike bruken av negasjon går føre seg samstundes og om kvarandre. Dermed er ikkje dette ei lineær utvikling slik modningshypotesen skisserer, men ei utvikling i meir tilfeldig rekkefølgje, som er i tråd med framhaldshypotesen.

---

<sup>94</sup> Når ei ytring er merka med spørsmålsteikn er det fordi det har vore vanskeleg å høyre kva som vart sagt, og at transkribøren er usikker på om det han/ho har skrive er korrekt.

## 6.5 Topikalisering

Som eg skal syne nedanfor, ser topikalisering ut til å kunne hengje saman med eit skilje barnet gjer mellom kopulaverb og andre hjelpeverb, noko som òg er synt i tidlegare forsking på engelsk barnespråk: *vere (be)* som kopulaverb ser ut til å verte tidlegare tileigna og opptrer i ein mykje høgare frekvens enn same verb som hjelpeverb (Becker 2000:145; Brown 1973a)<sup>95</sup>. I tillegg gir bruken av topikalisering, og denne bruken i samband med til dømes valfri infinitiv, indikasjonar på ein ikkje-linearitet, som altså støttar framhaldshypotesen.

Fenomenet topikalisering har første opptreden ved 2;0.20 hjå Tuva, 2;4 hjå Idun (altså hennar første opptak) og 2;1.17 hjå Ylva. Når det gjeld Idun, har ho berre målspråklige topikaliseringar heile vegen, og det er difor ikkje så interessant å analysere ytringane hennar utover å berre slå fast at ho har dette fenomenet på plass målspråklikt frå 2;4. Det vil kunne gi fleire svar å sjå på ytringane med uklar inversjon hjå Tuva og Ylva, samt Tuva si uinverterte ytring.

### 6.5.1 Ylva

Ylva har altså to ytringar der det ikkje går tydeleg fram om dei er inverterte eller ikkje, nemleg desse:

- (48) (a) *Nå Ylva litn og kan ikke kaffe.* Ylva 2;1.17  
(b) *No ferdig.* Ylva 2;1.17

Desse er produserte i same opptak som nesten alle dei topikaliserte ytringane til Ylva; ho har ti i dette opptaket og ei topikalisert ytring i kvar av to seinare opptak. I alle dei andre topikaliserte ytringane i opptaket frå 2;1.17, har ho invertering og uttrykt verb, og det er difor ikkje usannsynleg at ytringane i (48) ville vore inverterte med verb. Det verbet både desse ytringane manglar, meiner eg er *vere*, og det er med andre ord to høve av kopuladropp me har med å gjere. Kopuladropp førekjem ofte hjå alle informantane, og er relativt utbreidd<sup>96</sup>.

Alle topikaliserte ytringar i opptaka av Ylva frå 2;1.17 og 2;3, har topikalisering + kopula (ikkje synleg kopula i to av høva, synleg i resten). Det er først ved 2;5.9 at topikalisering opptrer med eit anna verb (*No kjøre æ*). Viss ein tenkjer på paradigmemedlem som eitt verb i kombinasjon med topikalisering, kan forklaringa vere at éin og éin slik

<sup>95</sup> Informantane i denne studien produserer i gjennomsnitt 72.4% synlege kopulaverb (*be*) mot 36.2% synlege hjelpeverb (*be*) i progressive setningar som *John is running*. Alderen på borna på utrekningstidspunktet går ikkje fram av tabellen (Becker 2000:145).

<sup>96</sup> Eg har ikkje rekna ut førekomsten av kopuladropp til denne oppgåva, berre observert det gjennom transkripsjon.

kombinasjon kjem på plass, og at paradigmemedlem då vil vere til dømes *topikalisering* + *kopula*, *topikalisering* + *kjøre* og *topikalisering* + *andre verb*, eller at det kan vere enno enklare, nemleg *topikalisering* + *kopula* og deretter *topikalisering* + *alle andre verb*. Dette liknar funna Westergaard (2009:1039) gjer i dataa samla inn frå engelsk av Roger Brown; at grammatikken til engelske born ser ut til å skilje mellom hjelpeverb og kopulaverbet *be*<sup>97</sup>, i det at *kv-spørsmål* som inneholder kopula er inverterte, og at dei ofte ikkje er inverterte med hjelpeverb. Dette er ikkje det same som dataa mine syner om topikalisering, fordi det her berre er eitt døme på ei ytring med eit anna verb enn kopula, men det understrekar ytterlegare at det er skilnad på kopula og andre verb. Vidare finn Westergaard at dataa frå tre norske born syner at det er få høve der verbet manglar, men at når det først gjer det, er det kopulaverbet som manglar (*ibid.*:17). Westergaard sine funn dreier seg altså om *kv-setningar*, men eg meiner dette kan overførast til topikalisering òg.

### 6.5.2 Tuva – topikalisering med kopulamangel

Det er vanskeleg å seie om Tuva har den same utviklinga som Ylva; ho har totalt berre fire ytringar med topikalisering, og tre av desse er utan verb (sannsynlegvis kopuladropp) ved 2;0, og ho har éi ikkje-invertert ytring ved same alder, der verbet er *skli*. Den topikaliserete ytringa med verb (og som elles er målspråklik) vert produsert mykje seinare, ved 2;7. Dei tre kopuladropp-ytringane er følgjande:

- (49) (a) *Her Tuva xxx Magnus.* Tuva 2;00.20
- (b) *Her Magnus.* Tuva 2;00.20
- (c) *Der Magnus.* Tuva 2;00.20

Ein kan ikkje seie sikkert om desse ytringane ville vore inverterte eller ikkje dersom verbet var synleg. Den uinverterte topikaliserete ytringa som vert produsert ved same alder (sjå neste kapittel, 6.5.3), kan sjølv sagt gi ein peikepinn og ein kunne slutta ut frå denne at Tuva ikkje har tileigna seg topikalisering med inversjon. På den andre sida har eg synt i 6.5.1 at det sannsynlegvis er skilnad på kopula og andre verb. Difor er det ikkje sikkert det same gjeld for ytringane i (49) (dersom det er kopula som manglar), som for den andre uinverterte ytringa med topikalisering, som har eit leksikalsk hovudverb. Eg vil difor ikkje freiste å gi noko endeleg svar på om ytringane i (49) er inverterte eller ikkje.

---

<sup>97</sup> Dette skiljet er spesielt interessant fordi kopula skal ifølge Platzack (2010:210-211) analyserast like eins som hjelpeverb, og difor er det å rekne som ein funksjonell kategori, i motsetnad til verb som høyrer til den leksikalske gruppa.

Vidare kan det hende Tuva ikkje har tileigna seg *topikalisering + kopula*, men at ho har tileigna seg *topikalisering + andre verb* ( $\div$ *inversjon*), men det må nemnast at kopuladropp gjerne er gjort på ein selektiv måte, og difor er såpass gjennomført at ein ikkje kan avskrive det som "ikkje tileigna". Til dømes har Becker (2000) funne at engelske barn har ein selektiv måte å droppe kopula på, der dei har høgfrekvent kopuladropp dersom predikatet er ein (lokativ) PP, men ein mykje mindre førekomst av kopuladropp dersom predikatet er ein DP. Akkurat i dette høvet er faktisk predikatet ein PP i alle ytringane i (49), og det stemmer difor godt med Becker (2000) sine funn.

### 6.5.3 Tuva – topikalisering utan inversjon

Vidare er det Tuva si ikkje-inverterte ytring med topikalisering: *Tuva, Tuva, her Tuva skli*. Tuva 2;0.20, som eg har valt å analysere som *Her Tuva skli*, der målytringa (sannsynlegvis) er *Her sklir Tuva*<sup>98</sup>. Denne ytringa inneholder altså både topikalisering og eit verb utan tempus, så det kan anten vere adjungering av tema over VP-en, eller det kan vere ein C-projeksjon til stades for topikaliseringa sjølv om verbet ikkje har flytta ut av VP. Dette kan moglegvis forklarast av teorien om valfri infinitiv, som er omtalt i 6.3.2.

Bruken av dei valfrie infinitivane har vorte forsøkt inndelt etter kva semantisk type verb dei er, og eit forslag er at hovudsetningsverb i infinitiv ser ut til å oppstre når verbet skildrar aktivitetar, altså hendingar (Hoekstra & Hyams 1998:89). Når det syner seg at det faktisk er eit system i kva typar verb som vert "feilaktig" nytta som infinitivar, som i Wexler (1994) og Hoekstra og Hyams (1998), kan dette verte nytta som evidens mot lineariteten som modningshypotesen og til dømes Radford (1990) ser føre seg, altså at tempus (som hører til T-domenet) burde vere på plass før topikalisering (som hører til C-domenet). Dette er fordi det kan hende topikalisering med inversjon og finitt verb av ein spesifikk type eksisterer samstundes som topikalisering utan inversjon og infinit verb av ein annan spesifikk type. Det vil seie at setningar av den førstnemnde typen provar projiseringar både opp til T- og C-domenet, og at desse eventuelt sameksisterer med den andre setningstypen, som ikkje kan prove flytting opp til C-domenet. Altså ser det ut til å vere berre finitte verb som triggar inversjon og flytting til C-domenet. Ein slik sameksistens av liknande konstruksjonar må

---

<sup>98</sup> Det er fleire moglegeheter når det gjeld kva målytringa er. Til dømes kunne det vere *Her [sjer vi] Tuva skli*, ettersom konteksten er at informanten ser eit bilet av seg sjølv som leiker. Eg trur likevel ikkje denne målytrina er like sannsynleg som den eo har valt, fordi denne ytringa er unaudig komplisert, og ikkje liknar på nokon andre ytringar eg har sett i korpuset. Eg trur difor målytringa er *Her sklir Tuva*, fordi informanten snakkar om ein pågåande aktivitet.

forklarast av eit postulat om ikkje-linearitet, altså kan det forklarast av framhaldshypotesen. Dette støttar altså ikkje modningshypotesen og ein tanke om lineær utvikling.

#### 6.5.4 Samandrag

To av informantane kan i dette høvet verte nytta til å seie noko om linearitet og ikkje-linearitet, medan den tredje, som nemnt, allereie var forbi utviklingsstadiet til topikaliseringstileigning ved første opptakstidspunkt. Hjå den eine informanten, Ylva, er det klare indikasjonar på at fenomenet topikalisering utviklar seg med målspråklike ytringar i sameksistens med ikkje-målspråklike ytringar, og dermed gir dette støtte til framhaldshypotesen. Dette er meir usikkert hjå Tuva, som eg har synt ved totalt manglande kopulaverb i topikaliseringsytringane hennar. Dersom det stemmer at infinitivar vert nytta som presens-hovudverb i spesielle samband der verbet skildrar aktivitetar, passar dette med den uinverterte ytringa til Tuva som eg har diskutert i 6.5.3. Evidensen dette gir for framhaldshypotesen, er likevel ikkje eintydig ettersom ho ikkje har produsert noko ytring i topikaliseringshøve med eit finitt verb som ikkje er eit hendingsverb.

Jamt over vil eg likevel påstå at dataa mine frå topikalisering gir meir støtte til ikkje-lineariteten spådd av framhaldshypotesen enn dei gir til modningshypotesen. Vidare må det vere slik at dersom C-domenet ikkje finst i tidleg barnespråk, som modningshypotesen gjerne hevdar, må dette vere før barnet er om lag 2 år, ettersom topikalisering med inversjon er eit prov for at C-domenet eksisterer, og eg har data som syner dette frå 2;1.

### 6.6 Underordning

I det følgjande skal eg syne at underordning ser ut til å vere noko problematisk hjå alle informantane. Underordning eksisterer i det transkriberte korpuset, men det opptrer ikkje alltid med synleg subjunksjon, og i mange høve manglar det andre typar element i anten den overordna eller underordna setninga for å oppnå målspråklikskap. Mangel på desse andre elementa er ikkje naudsynleg ei direkte følgje av underordninga, men eg vil drøfte det likevel. Eg skal òg sjå på at det kan vere skilnad på ulike subjunksjonar, og at meir og mindre utvikla variantar av underordning vert nytta samstundes.

I resultatkapittelet syntet det seg at det ikkje vert produsert spesielt mange ytringar med underordning i det transkriberte korpuset, anten det er med synleg underordnar eller ikkje. I tillegg er det veldig få heilt målspråklike underordna setningar. Ylva produserer to setningar

eg i 5.3.3 omtalte som underordna, men som eg skal syne at i realiteten ikkje treng å vere underordna. Uansett produserer ho desse to ytringane seinare enn alle dei fenomena eg allereie har omtalt; ho produserer dei "underordna" setningane ved 2;5, medan debuttidspunktet hennar for topikalisering, kv-spørsmål, negasjon og hjelpeverb er ved 2;1. Dersom ein vil analysere funna her som prov for underordning, er det likt resultatet som Friedmann og Lavi (2006:211-212) finn: "relative clauses, **for example**, appear from around age 2;6 in production " (mi uthaving). Dei meiner dette har å gjere med at den typen flytting som trengst for å lage ei slik setning vert modna seint.

Ytringa i (50) har eg diskutert både i samband med adverbial og med underordning. Eg har vurdert det slik at *bare* ikkje fungerer som eit adverbial her, og eg meinte at *bare at* høyrd saman i ei samansett eining, moglegvis ein subjunksjon. Likevel, dersom denne eininga skal svare til engelske *except*, kan ein analyere det, som nemnt i 5.2.2 anten som preposisjon eller konjunksjon, og ikkje som subjunksjon. I tillegg syner ei akseptabilitetsvurdering eg har gjort blant eit lite utval vaksne at det ikkje er noko eintydig svar på om den såkalla underordna setninga her ville hatt leddsetningsoppbygging dersom ein nytta eit adverb som til dømes *ikkje* eller *aldri* (altså ville den underordna setninga vore "...*bare at det aldri/ikke e mere kakao...*" og ei overordna setning ville vore slik: "*bare at det e aldri/ikke mere kakao*")<sup>99</sup>. Altså meiner eg at indisia for at dette er ei underordna setning ikkje er tilstrekkelege til at denne ytringa kan nyttast som eit bidrag når eg skal sjå på om dataa mine støttar den eine eller andre hypotesen.

(50) *Æ kan gi dæ i boksen bare at det e mere kakao og melk og sånn.* Ylva 2;5.29

Den andre setninga eg sorterte som ein underordna struktur, var (51):

(51) *Sykle på jobb sånn som pappa gjør.* Ylva 2;5.29

Dette er ikkje ei relativsetning, fordi fellesleddet i relativsetningar skal ha nominal funksjon (Faarlund et al. 1997:1054), men det kan anten vere ei samanliknande setning, der *som* sin funksjon er å samanlikne to ledd, eller *som* kan fungere som underordnar for ei leddsetning. Dersom det er ei samanliknande setning, fungerer *som* som preposisjon, i tråd med NRG (Faarlund et al. 1997:1075), og dersom setninga er ei leddsetning, fungerer *som* som subjunksjon. Eg meiner dette må vere ei underordna setning grunna det finitte verbet *gjør*.

---

<sup>99</sup> Blant dei spurde meinte alle at "bare at" var ein konstruksjon dei sjølve nytta, og eg spurde ikkje berre om akseptabiliteten til dei to setningsvariantane til denne setninga, men òg tilsvarande setningar som passar betre inn i vaksenspråket.

Dersom dette var ei preposisjonsfrase, ville setninga inneholdt to finitte verb (sykle og gjør), og ei norsk setning skal berre innehalde eitt finitt verb. I tillegg har eg tidlegare skrive om at C-posisjonen anten inneholder ein subjunksjon eller eit finitt verb, og i denne setninga ser det ut til at *som* okkuperer C-kjernen medan *gjør* står lenger nede i trestrukturen i T-kjernen, ettersom det har tempus. Eit ytterlegare argument for at dette er ei underordna setning er at dersom ein set inn eit adverbial i setninga, er det med leddsetningsstruktur dette vert mest akseptabelt: "...sånn som pappa alltid gjør" og ikkje med hovudsetningsstruktur: "...sånn som pappa gjør alltid". Difor meiner eg denne setninga fungerer som evidens for underordning. Det tyder at Ylva produserer to ytringar som ser ut til å vere underordna, men der berre den eine faktisk er det.

### 6.6.1 Idun

Idun sine underordna setningar er følgjande:

- (52) (a) *Hu fór å bæsje.* Idun 2;4
- (b) *Jeg var så treig å kle på mæ.* Idun 2;4.22
- (c) *Det e han som kasta opp i treet.* Idun 2;4
- (d) *Da slo sæ i hodet så datt hu ned fra dumpa.* Idun 2;4.22
- (e) *Det e stengt i maskina så ikke kan komme rotta og mus inni der.* Idun 2;7.5

Så i ytringa i (52d) kan sjå ut til å vere ein slags rekkefølgjemarkør, men eg trur det er meir sannsynleg at han fungerer som ein subjunksjon og markerer ein konsekvens, berre at årsak og verknad har feil kronologi. Det vil seie at anten er det som vert sagt "Da datt hu ned fra dumpa og så slo hu sæ i hodet" eller "Da datt hu ned fra dumpa så hu slo sæ i hodet". Eventuelt kan det hende målytringa er "Så datt hu ned fra dumpa og da slo hu sæ i hodet". Eg meiner det er meir som peiker mot at denne ytringa ikkje er underordna enn at ho er det viss ein tar dei sannsynlege målytringane i omsyn, og eg vil difor ikkje rekne ho som evidens for underordning.

Når det gjeld ytring (52a), så er årsaka til at denne er sortert som infinitiv med infinitivmarkør, morfologien på verbet *bæsje*. Det ser likevel ut til å kunne vere ein pseudokoordinasjon<sup>100</sup>, der både verba refererer til ei og same hending (Lødrup 2014:12), og det første verbet er eit rørsleverb (fare) (Lødrup 2014:2). Pseudokoordinasjonar oppfører seg

---

<sup>100</sup> Eg skriv "likevel" fordi ein pseudokoordinasjon eigentleg skal ha same morfologi/tempus på både verba, men eg meiner det er sannsynleg at Idun her meiner å uttrykke seg i preteritum viss ein ser resten av samtaljen: *IDU: hu for å bæsje. MOT: nei. IDU: å tisse. MOT: for a å bæsja? IDU: hu for og tissa* (Idun 2;4). Idun forandrar tempus etter å ha fått input frå mor, og eg vel difor å tru at den opphavlege ytringa underliggjande er ein pseudokoordinasjon med to preteritumsverb.

som oftast som underordna setningar (ibid.:27), og difor vil eg rekne ytring (52a) som evidens for underordning.

Ytring (52b) er nesten målspråklik, men manglar moglegvis ein preposisjon, anten *med* eller *til*: *Jeg var så treig [med|til] å kle på mæ*<sup>101</sup>. Framhaldshypotesen vil forklare dette ved at fråveret av preposisjonen som funksjonelt element er prov for at barnet veit at det skal finnast men berre ikkje har leksikalisert det enno, medan modningshypotesen vil kunne forklare det med at preposisjonar eller denne preposisjonen ikkje har modna enno.

Ytring (52c) manglar eit heilt argument, nemleg (*en*) *buss*. Eg gjentar delar av samtalen rundt:

- (53) IDU: det e han som kasta opp i treet.  
FAT: ja men hva er det han har kasta opp?  
IDU: han har kasta oppi buss!

Argumentet manglar altså den første gongen ho seier setninga, i det høvet ho presenterer det som ei relativsetning, men når ho uttrykker det som ei deklarativsetning får ho argumentet med, men vel og merkje ikkje artikkelen *en buss*. Ein kan dermed ikkje seie at relativsetningar ikkje har modna enno, eller at argumentutdelinga ikkje har modna enno, fordi både tydelegvis har modna og er på plass, berre ikkje i same ytring. Derimot kan dette forklarast med at deklarativsetningar (no er det berre tale om dette eine høvet i (53)) er på plass, medan relativsetningar enno ikkje er målspråklike, og moglegvis undergår hypotesetesting.

Setningane i (52d) og (52e) manglar eitt element kvar: *Da slo [hu] sæ i hodet så datt hu ned fra dumpa*, *Det e stengt i maskina så [det] ikke kan komme rotta og mus inni der*, altså manglar dei kvar sin DP. Samla sett for Idun vil dette seie at ho har underordna setningar, og alle setningane av den typen ho produserer har òg synleg subjunksjon eller underordningselement. Alle ytringane har likevel enkelte manglar som gjer at dei ikkje er heilt målspråklike, og som tyder på at underordna setningar utgjer eit problemområde for ho. Anten har ikkje denne setningstypen modna heilt enno, eller så utelet ho visse element "med vilje" fordi ho ikkje kjenner til korleis dei skal plasserast eller fungere i dette høvet.

---

<sup>101</sup> Denne ytringa vert vurdert som uakseptabel utan preposisjon av størsteparten av alle trønderar som er spurte, og uakseptabel utan preposisjon av alle austlendingar som er spurte. Ettersom Idun er oppvachsen i Trøndelag med mor som pratar trønder og far som pratar austlending (og elles har gått i barnehage i Trøndelag), vil eg sjå det som mest sannsynleg at denne ytringa må innehalde preposisjon for å vere akseptabel.

## 6.6.2 Tuva

Tuva har to underordna ytringar med synleg subjunksjon:

- (54) (a) *Dina syns at artig sitti attme mæ.* Tuva 2;03.13  
(b) *Klaritj å oppå hytta.* Tuva 2;03.13.

Ytring (54b) manglar openbert eit verb, men konstruksjonar av denne typen er vanleg også hjå vaksne i Trøndelag, og difor vil eg seie at ho godt kan vere målspråklik. Ytring (54a) har synleg *at*, men manglar infinitivsmarkør framfor *sitti*. Ho manglar i tillegg *det* og *e*, men dette vil eg ikkje handsame utover å slå fast at det har synt seg å vere vanleg i fleire andre ytringar hjå alle informantane å ha kopuladropp og å utelate ekspletivsubjekt.

Vidare manglar Tuva infinitivsmarkør i alle infinitivkonstruksjonane sine med unntak av i (54b). Som vist i resultatkapittelet seier ho òg:

- (55) (a) *æ bynne [å bli] trøtt.* 2;0.20  
(b) *mamma hente mæ ut, æ bynne [å] skrik.* 2;3.13

Tatt i omsyn at ho i (54a) har synleg *at* men ikkje synleg *å*, i tillegg til ytringane i (55), kan det sjå ut som infinitivsmarkøren har ein spesiell status og moglegvis tar lenger tid å tilegne seg enn andre subjunksjonar.

At *å bli* er utelate frå ytringa i (55), kan ha samanheng med kopuladropp og treng ikkje naudsynleg å ha med infinitivsmarkøren å gjere. Eg har tidlegare vore inne på at informantane har mykje kopuladropp, og meiner difor at dette kan vere på lik linje med dei andre høva, sjølv om dette vel og merke er den einaste ytringa med kopuladropp der kopulaverbet er bli<sup>102</sup>. Elles er det ei moglegheit at ho har analysert infinitivsmerket her som ein del av kopulaverbet, og at heile konstruksjonen dermed er utelaten.

Viss ein ser bort frå setninga i (55), produserer Tuva to ytringar med manglande infinitivsmarkør og éi ytring med synleg infinitivsmarkør (men utan verb) ved same alder (2;3). Dette peikar dermed på sameksistens av to fenomen i motsetnad til linearitet, og gir difor støtte til framhaldshypotesen.

Uansett kan eg slå fast at dei ytringane Tuva produserer med underordning, ikkje er målspråklike, og at *at*-setningar ser ut til å vere på plass tidlegare enn infinitivkonstruksjonar, og at det difor kan vere skilnad på subjunksjonar.

---

<sup>102</sup> *Vere* er det mest nøytrale og meningstomme kopulaverbet, men *bli/verte* er òg eit kopulaverb som tar predikativ av same slag som *vere* (Faarlund et al. 1997:734).

### 6.6.3 Samandrag

Ylva produserer éi underordna setning sjølv om det såg ut til å vere to. Idun og Tuva har problem med å produsere målspråklike underordna setningar; det er nesten alltid minst eitt element som manglar i setninga. Samstundes finst det underordna setningar med manglar i same dialog som den tilsvarende setninga utan desse manglane, men likevel utan underordninga (6.6.1), og dette meiner eg er evidens mot ei lineær utvikling. I staden ser det ut som dette fenomenet undergår hypotesetesting der barnet prøver seg fram. Dataa frå Tuva peikar på at subjunksjonar er ulike; spesielt ser infinitivsmerket ut til å skilje seg frå *at* og vere vanskelegare enn dei andre subjunksjonane eg har omtalt.

## 6.7 Kv-spørsmål

Det kan hende ein ikkje bør sjå *kv*-spørsmål under eitt. Nedanfor skal eg syne at det kan vere skilnad på *kv*-konstituentane, anten semantisk eller fonologisk, eller både semantisk og fonologisk. I tillegg skal eg drøfte det som ser ut som ei ikkje-lineær utvikling av nettopp desse orda og konstituentespørsmål generelt.

To av informantane, Tuva og Ylva, produserer *kv*-spørsmål utan synleg *kv*-frase. Tuva gjer dette ein månad før ho produserer ei ytring med synleg *kv*-element. Ved 2;3 spør ho [Kor *e*] *Tussa da?* og ved 2;4.19 [K]a *har vi?*. Ved å nytte den lineære forklaringa, kan ein seie at det synlege *kv*-elementet kjem på plass seint fordi det står høg(s)t i setningsstrukturen. Alternativet er at elementet er i C allereie, men ikkje er uttrykt, som framhaldshypotesen ville spå.

### 6.7.1 Ikkje-lineær produksjon

Modningshypotesen kan ikkje forklare Ylva sin ikkje-lineære produksjon av *kv*-spørsmål der det første opptrer, med synleg spørjeord, allereie ved 2;1.17: *Ka inni der?*, og at ho ved 2.5.9 produserer [K]a *va det?*, altså utan synleg spørjeord. Det tredje og siste *kv*-spørsmålet som finst i hennar transkripsjon er *Hvor er den andre?* (2;5.29)<sup>103</sup>. Ein kunne såleis tenkje seg at det er skilnad på modninga eller tileigninga av til dømes pronominale (som *kva*) og adverbielle (som *kor*) *kv*-element. Problemet er berre at her er det akkurat same spørjeord, *kva*, ho først produserer målspråklikt (med unntak av kopuladropp), og fire månader seinare produserer ikkje målspråklikt.

<sup>103</sup>Merk at denne ytringa ikkje er normalisert under transkripsjonen, men ytra slik opphavleg. Her nyttar altså informanten eitt (eller fleire) ord på austlandsk, slik eg har påpekt er høvet fleire stader i transkripsjonane.

### **6.7.2 Ulike typar *kv*-ord**

Westergaard og Vangsnæs (2005:118) skildrar ein skilnad på *kv*-ord mellom korte, vanlegvis einstavingsord, og lengre *kv*-konstituentar. Denne skilnaden handlar ikkje om tileigningstidspunkt av dei ulike orda, men om V2 og V3. Likevel meiner eg det godt kunne vere denne skilnaden som ligg til grunn for variasjonen i dataa mine òg: Viss det er ein skilnad på når ein tileignar seg korte og lange *kv*-ord, er det mest opplagt at dei korte vert tileigna først, både grunna at dette burde krevje mindre kapasitet i arbeidsminnet og i tillegg at dei sannsynlegvis er lettare å oppfatte og produsere fonologisk sett. Det som mest openbert ikkje kan forklarast av dette, er synleg og deretter ikkje synleg førekomenst av *kv*-ordet *kva*, nettopp fordi dette er same ord.

Hjå informanten Idun er det elles skilnad på tidspunktet for den første førekomensten av lange og korte *kv*-ord. Det første *kv*-spørsmålet Idun stillar er eit *hvilken*-spørsmål: *hvilken dag i dag?* 2;5.16, altså med langt spørjeord, og først to månader seinare opptrer det korte spørjeordet *kor* fem gongar ved 2;7.5. Likevel skil dette funnet seg frå dei to andre informantane, som berre har førekomenst av korte *kv*-ord i transkripsjonane, og difor mistenker eg at Idun i dette høvet har kome så langt i tileigninga at det ikkje vil vere fruktbart å analysere dataa frå henne. Dette kan seiast å berre vere individuelle skilnader, men også i dei andre kategoriene har Idun synt seg å vere på eit stadium der ho allereie har tileigna seg dei respektive fenomena, og dette kan vere tilfelle med *kv*-spørsmål òg. Ved å berre ta omsyn til dataa frå Tuva og Ylva, kan det sjå ut til at dei tileignar seg korte einstavings-*kv*-ord, her *kor* og *kva*, tidlegare enn lange *kv*-ord, og at det dermed er ein skilnad mellom dei to typane, som i Westergaard og Vangsnæs (2005).

Det kan vidare hende det er spørjeorda si semantiske tilhøyrslle som skil tileigninga av dei. Ylva produserer først eit pronominelt spørjeord, deretter eit adverbialt, Idun sin første førekomenst av *kv*-ord er det determinative *hvilken*, og dersom Tuva si ytring [*Kor e*] *Tussa da?* er tolka riktig, er hennar første *kv*-ord adverbialt. Ei mogleg feilkjelde her er at sistnemnde ytring kunne vore meint som [*Ka gjør*] *Tussa da?*, og i så fall kunne dette tyde på at pronominelle spørjeord vert tileigna før adverbialle. Heller ikkje her tar eg omsyn til Idun sin produksjon fordi eg meiner den har kome for langt til å kunne nyttast i denne diskusjonen.

### **6.7.3 Samandrag**


Igjen er det vanskeleg å nytte Idun sine data for å seie noko om linearitet, ettersom ho har kome såpass langt i språkutviklinga. Ylva sine data tyder elles på ei ikkje-lineær utvikling av

*kv*-spørsmål, og støtter såleis framhaldshypotesen. Tuva si utvikling med ikkje synleg og deretter synleg *kv*-konstituent, kan syne lineær utvikling, og dermed underbygge modningshypotesen sin prediksjon. Eg vil elles legge til at dei særstakta førekomstane av *kv*-spørsmål hjå Tuva og Ylva (høvesvis to og tre) gjer det lite fruktbart å seie noko om utviklinga. Likevel kan ein i større grad sjå eit utviklingsmønster med Ylva sine tre ytringar enn det ein kan med Tuva sine to førekomstar. Dei to førekomstane står meir som enkelthøve enn som eit utviklingsmønster.

## 6.8 Samla utvikling av alle fenomena

Her vil eg freiste å sjå om dei C-dominale kategoriane utviklar seg lineært dersom ein set dei inn i ein splitta CP-modell, og eg skal syne at dette vanskeleg lar seg gjere. Vidare skal eg syne at det ser ut til at hjelpeverb og negasjon, som hører til T-domenet, er på plass tidlegare enn fleire av C-domene-fenomena, men at eg samla sett likevel finn mest evidens for ei ikkje-lineær utvikling, som predikert av framhaldshypotesen.

Diagram 10



Grafen i diagram 10 syner utviklinga av alle dei omtalte fenomena for alle informantane. Det ein kan sjå i denne er at hjelpeverb, topikalisering og negasjon kjem til syne ved 2;0. Vidare ved 2;1 er alle desse til stades i tillegg til *kv*-spørsmål. Ved 2;4 debuterer

det siste fenomenet: subjunksjon. Det er ingen transkriberte opptak av nokon av informantane frå 2;2, og 2;6, og difor heller ingen resultat på dette tidspunktet.

Den individuelle utviklinga er synt i tabell 6.

Tabell 6

Alder i år;mnd	Tuva	Idun	Ylva
1;10			
2;0	negasjon, topikalisering, hjelpeverb		
2;1			negasjon, hjelpeverb, topikalisering, kv-spørsmål
2;2			
2;3	subjunksjon		
2;4	kv-spørsmål	subjunksjon, negasjon, hjelpeverb, topikalisering	
2;5		kv-spørsmål	subjunksjon
2;6			
2;7			

Det første opptaket av Idun er, som nemnt, gjort først ved 2;4, og difor vil eg ikkje leggje like stor vekt på debutførekommstane hjå henne. Eg reknar det som plausibelt at den reelle debuten av dei ulike fenomena har vore langt tidlegare, ettersom dette er tilhøvet hjå dei to andre informantane. Det ser i alle fall ut til å vere tre fenomen som gjennomgåande opptrer først, nemleg negasjon, hjelpeverb og topikalisering. Etterpå ser det ut til å vere noko tilfeldig om det er subjunksjon eller *kv-spørsmål* som opptrer først, og hjå både Idun og Tuva er det éin månad som skil den første førekommsten av subjunksjon og *kv-spørsmål*, medan hjå Ylva er det fire månader skilnad mellom første førekommst av dei to fenomena. Det er altså noko klart mønster i rekkefølgja på tileigninga av desse to, men merk at dette også kan henge saman med at det ikkje ligg føre transkripsjonar for kvar månad.

Ved å følgje prediksjonen til modningshypotesen om linearitet, skulle ein nettopp vente at det var ei klar rekkefølgje i debuten til ulike fenomen, og dataa mine gir jamt over ikkje støtte til at dette er tilhøvet. Likevel er det, som synt, tre fenomen som ser ut til å vere dei første på plass. Negasjon og hjelpeverb høyrer båe til T-domenet, og er dermed med modningshypotesen sin prediksjon forventa å opptre før dei C-dominale kategoriene. På dette

punktet støttar dataa altså modningshypotesen. Under skal eg sjå nærmare på ein eventuell linearitet i ein splitta CP-modell.

### 6.8.1 Linearitetsspørsmålet i ein splitta CP-modell

Med modningshypotesen sin prediksjon om lineær utvikling, kunne ein rekne med at også ein splitta CP ville verte tileigna stegvis, medan framhaldshypotesen ville spå at tileigninga av dei ulike C-projeksjonane var meir tilfeldig.

I kapittel 2.4 skreiv eg at Rizzi (1997) tenkjer seg at CP er splitta slik:

- (56) [CP [Force<sub>P</sub> Force [Top<sub>P</sub> Topic [Foc<sub>P</sub> Focus [Top<sub>P</sub> Topic [Fin<sub>P</sub> Finiteness [IP .....]]]]]]]

*Force* er altså den kjernen som spesifiserer setningstypen, *topic* inneheld topikaliseringar, *focus* er vertskjerne for *kv*-frasar, *topic* nummer to inneheld òg topikaliseringar og *finiteness* markerer altså finitheit (Hagstrom 2001:1). Når det gjeld *kv*-ord, må desse delast inn i relative *kv*-ord og interrogative *kv*-ord. Dei relative *kv*-orda skal stå framføre *Topic*, medan dei interrogative *kv*-orda skal følgje etter *Topic* (*ibid*:3).<sup>104</sup>

Den oppdaterte CP-en fra Rizzi (2001) ser slik ut (dei nye projeksjonane er markerte med grått):

- (57) [CP [Force<sub>P</sub>Force [Top<sub>P</sub>Topic [Int<sub>P</sub>Interrogative [Top<sub>P</sub>Topic [Foc<sub>P</sub>Focus [Top<sub>P</sub>Topic [Fin<sub>P</sub>Finiteness [IP .....]]]]]]]]]]]

Her meiner han at *kv*-element i overordna setningar har plass i spesifikatoren til *Foc*, medan det i underordna setningar har ein lågare posisjon (Rizzi 2001:291).

Dei C-projeksjonane Westergaard og Vangsnæs (2005) reknar med for norsk er følgjande (og for ordens skuld: *wh*-kjernen høyrer, hjå dei, til *Focus*-området, noko som er inspirert av posisjonen til den "låge" *kv*-en i (Rizzi 2001:291), som står under spesifikatoren til *Focus* i underordna *kv*-spørsmål):

- (58) [CPInt(errogative) Top(ic) Foc(us) Wh Fin(iteness) [IP...]

(Westergaard & Vangsnæs 2005:129)

---

<sup>104</sup> Dei interrogative *kv*-orda på norsk er *kven* for å spørje etter ei menneskeleg eller personifisert vesen, og *kva* for å spørje etter noko allment eller uspesifisert (Faarlund et al. 1997:342). Interrogative pronomen kan òg nyttast til å innleie visse typar relativsetningar (*ibid*.).

Ettersom eg ikkje har sett på finitheit i denne oppgåva, vil eg ikkje analysere førekomensten av finitheit hjå mine informantar, men heller nemne det der det vert relevant. Eg har heller ikkje sett på *kv*-spørsmål i underordna setningar eller fokalisering, men derimot topikalisering. Topikalisering er altså det første C-dominale fenomenet som opptrer hjå informantane, og den nedste av dei aktuelle projeksjonane. Etter dette er det ulike debuttidspunkt og ulik rekkefølgje på førekomensten av *kv*-spørsmål og subjunksjon.

Dersom det skulle stemme at borna tileignar seg desse fenomena lineært i rekkefølgja til analysen av splitta CP for norsk som i (58), ville det vore finitheit først, deretter *kv*-spørsmål, og etterfølgjande fokus, topikalisering og til slutt ulike setningstypar som interrogativ og underordna setningar, herunder subjunksjonar. Dette er i store trekk likt som i Rizzi sin modell. I resultata mine var det ikkje denne rekkefølgja eg fann, og prediksjonen frå modningshypotesen er dermed ikkje kompatibel med modellen for splitta CP for norsk. Framhaldshypotesen tilbyr dermed ein betre forklaringsmodell med ein meir tilfeldig første førekomst av fenomena, viss ein skal nytte den norske splitta CP-modellen.

Det ser heller ikkje ut til at Rizzi sin splitta CP-modell, verken den opphavlege eller den oppdaterte, er kompatibel med ei lineær tileigning av dei omtalte fenomena: Nullhypotesen i ein splitta CP-modell er at subjunksjonen står i *Force*-kjernen i skandinavisk (Salvesen 2013:151), og som nemnt meiner Rizzi (2001:291) at *kv*-element i overordna setningar har plass i spesifikatoren til *Foc*, medan det i underordna setningar har ein lågare posisjon. Ved å følgje ei lineær utvikling med denne modellen, ville topikalisering debutert først, noko som stemmer med dataa mine. Men ein linearitet utover dette passar heller ikkje med denne modellen, og igjen er det framhaldshypotesen sin prediksjon om tilfeldig førekomst av fenomena som gir den mest dekkande forklaringa.

## 6.9 C-domenet

Både Platzack (2001) og Hamann et al. (2001) skriv om språkbrukargrupper som har problem med C-domenet, men som meistrar T-domenet heilt perfekt (målspråklikt). Hamann et al. spesifiserer at dette òg inneber at dei produserer negasjon og setningsadverbial målspråklikt. Det er altså naudsynt å kartlegge korleis T-domenet er, før ein kan seie noko om C-domenet, og eg har, som tidlegare synt, ikkje funne nokon setningsadverbial i materialet mitt. Derimot har eg sett at negasjon ikkje vert produsert målspråklikt. Negasjon høyrer som nemnt til T-domenet, og informantane produserer ikkje-målspråklike ytringar med negasjon også etter førekomensten av element som topikalisering, *kv*-spørsmål og subjunksjon. For det første står

funna mine i motsetnad til Platzack (2001) og Hamann et al. (2001) sine funn, og for det andre syner funna mine eit brot på lineariteten, og dei støttar dermed ikkje modningshypotesen: Dataa mine underbygger ikkje påstanden om at T-domenet inkludert negasjon er heilt målspråklikt medan C-domenet ikkje er det, fordi "uriktig" brukt negasjon sameksisterer med målspråklik produksjon av C-dominale element i materialet mitt<sup>105</sup>.

Vidare høyrer også hjelpeverb til T-domenet, og hjelpeverba opptrer tidleg og har ein høgare frekvens enn dei andre fenomena, som vist i diagram 10. Som synt i 5.2.1 er ein stor del av setningane med hjelpeverb målspråklike, men det er også mange døme på ytringar der hjelpeverbet ikkje er synleg, og elles ytringar som av andre grunnar enn hjelpeverbpasseringa ikkje er målspråklike. Hjelpeverba ser ut til å vere produserte i riktig posisjon, så desse høyrer nok heime under klassifiseringa målspråklikt T-domene.

Ifølgje Platzack (2001:365) er språkproduksjonen målspråklik viss det er maksimum 2% feil på ordrekkefølgja. Dette er eit veldig strengt mål, og om ein skal følgje dette, vert resultatet at Tuva har 69% ikkje målspråklike ytringar som involverer C-dominale element, Ylva har 50% og for Idun er talet 45%<sup>106</sup>. Eg meiner dette er ein for smal måte å sjå det på, fordi i dei fleste tilfella står det aktuelle C-dominale elementet på riktig plass, medan det er heilt andre ting i ytringa som gjer at ho ikkje er målspråklik, som til dømes manglar i ei preposisjonsfrase. Dersom ein vurderer det slik at målspråklike C-domene-ytringar er dei som har det aktuelle elementet på riktig stad (heilt framme i setninga), og likevel har manglar eller feil i resten av ordstillinga, vert resultatet noko heilt anna. Då har Tuva 38.5% ikkje målspråklike ytringar, medan Idun berre har 4% ikkje målspråklikskap i C-dominale ytringar og talet for Ylva sine ytringar er 5.5% feil.

Platzack (2001) konsentrerer seg mykje om V2 og V2-feil, samt nullsubjekt. Dette er fenomen eg ikkje handsamar i denne oppgåva, men han skriv òg om ikkje målspråklike *kv*-konstruksjonar. Her omtalar han to born, Sara og Harry, sine førekomstar av brot på framførestilt, synleg *kv*-element. Sara utelet *kv*-elementet i 54% av tilhøva medan Harry gjer det same i 10.7% av tilhøva<sup>107</sup>. I mitt materiale er det berre to av informantane som

<sup>105</sup> Tuva produserer "uriktig" framførestilt negasjon heilt til 2;3, og andre ytringar med negasjon som ikkje er målspråklike fram til 2;7, medan ho produserer målspråklike ytringar med *kv*-spørsmål frå 2;4, nyttar topikalisering frå 2;0 og subjunksjon frå 2;3. Ylva produserer ytringar med ikkje målspråklik framførestilt negasjon og andre ytringar med negasjon som ikkje er målspråklike fram til 2;4, medan ho produserer *kv*-spørsmål og topikalisering frå 2;1. Idun produserer berre målspråklike ytringar med negasjon.

<sup>106</sup> I denne sorteringa har eg sett alle setningar som anten manglar ord eller har feil ordstilling på noko måte som ikkje målspråklike. Tuva har då 4 målspråklike setningar, og 9 ikkje målspråklike. Ylva har 9 målspråklike og 9 ikkje målspråklike, medan Idun har 12 målspråklike og 10 ikkje målspråklike.

<sup>107</sup> Tala er rekna ut frå opptak som er gjort av Sara mellom 1;11 og 2;11, og Harry mellom 1;6 og 3;1 (Platzack 2001:369).

produserer *kv*-ytringar utan fronta *kv*-element: Både Ylva og Tuva produserer éi av totalt tre *kv*-ytringar kvar utan synleg *kv*-element, altså 33% prosent kvar. Likevel meiner eg det vert feil å snakke om prosent her fordi det totale talet er så lågt, medan hjå Sara og Harry er det snakk om fleire titals ytringar.

Det dataa mine i alle fall stadfester, er at det same gjeld for mine informantar som for dei Platzack omtalar; dei er ikkje stødige i produksjonen av element som høyrer heime i C-domenet. Platzack (2001:369-370) kallar små born på eit tidleg stadium av L1-tileigning *C-gruppa*. Denne gruppa produserer syntaks på nivåa under C-domenet i tråd med målspråket, men dei oppfyller ikkje målspråkstrukturen<sup>108</sup> i C-domenet. Dette impliserer altså at T-domenet skal vere på nivå med målspråket, noko eg har sett at det ikkje er hjå mine informantar dersom negasjon òg skal reknast med her.

### 6.9.1 Samandrag

Ovanfor har eg altså vurdert det slik at Platzack (2001) moglegvis har for strenge krav til kva som er målspråklikt og ikkje (2% feilmargin). I tillegg meiner eg at han burde vore klarare på korleis dette skal reknast ut, for, som synt, gir utrekningskriteria store utslag på resultatet. Eg har uansett sett at mine informantar, i likskap med Platzack sine, har enkelte problem med C-dominale element, og dermed ikkje er heilt stødige i produksjonen av dette området. Spørsmålet er likevel om dei eigentleg høyrer heime i den såkalla *C-gruppa*, fordi dei jo også har problem med negasjonen, og denne ikkje høyrer til i C-domenet, men vert rekna som ein del av T-domenet (og for ordens skuld må eg poengtere at hjelpeverb, som òg høyrer til T-domenet, ikkje ser ut til å vere eit problem).

## 6.10 Feilkjelder

Eg omtalte i kapittel 6.1 ulike problem ved dei to hovudhypotesane, og i tillegg til problema eg nemnde der, finst det fleire feilkjelder både ved hypotesane og ved oppgåva elles. Det er ei mogleg feilkjelde at ”absence of evidence for some category does not constitute evidence for its absence” (Poeppel & Wexler 1993:20). Det vil seie at eg ikkje kan slå fast funna mine spesielt sterkt ettersom feilmarginen er stor, og eg meiner vidare at ein komplementær metode med å sjå på både produksjon (ved spontan tale) og eit eksperimentelt design moglegvis ville vore meir optimal for å teste desse teoriane, spesielt fordi hypotesane i såpass stor grad

---

<sup>108</sup> Ein målspråklik språkproduksjon vert her, igjen, definert som at ein har maksimum 2% feil på ordrekkefølgje i målspråket (Platzack 2001:365).

handlar om skilnaden på underliggende mekanismar. Ved å nytte eksperiment ville eg ha moglegheita til anten å teste språklege fenomen eg var usikker på om barnet beherska, eller som nemnt ovanfor, andre kognitive kapasitetar.

Det kunne kanskje vore meir fruktbart å dele inn dei grunnleggjande hypotesane på andre måtar. Til dømes deler Weissenborn et al. (1992:5) inn dei viktigaste hypotesane i tre: den sterke framhaldshypotesen, den svake framhaldshypotesen og avbrothhypotesen (*strong continuity hypothesis*, *weak continuity hypothesis* og *discontinuity hypothesis*). Her fordeler teoretikarane seg litt annleis enn i inndelinga i denne oppgåva. Til dømes vil Radford sin argumentasjon for eit tidleg stadium utan funksjonelle projeksjonar vere ein del av avbrothhypotesen, medan han ikkje naudsynleg høyrer saman med Borer og Wexler (1987) sin argumentasjon, sjølv om dei bære argumenterer for modning som ein språktileigningsmekanisme (Weissenborn et al. 1992:5-6).

Med andre ord er det ein del faktorar inne i biletet her som gjer at det er vanskeleg å seie noko sikkert om resultata mine, og i det følgjande vil eg sjå på korleis ein hypotese burde vere for å kunne forklare resultata på best mogleg måte.

## 6.11 Ein optimal hypotese

Gjennom analysen har eg synt at det tidvis er vanskeleg å avgjere kva hypotese som best forklarer dataa, og eg vil difor påpeike kva ein optimal hypotese måtte vere i stand til for å forklare dataa mine på ein best mogleg måte. Ein slik gunstig hypotese må vere i stand til å forklare kvifor førekomsten av negasjon og hjelpeverb er særstak samanlikna med dei andre fenomena (jamfør diagram 10), og dermed også kvifor førekomsten av T-dominale fenomen er så mykje høgare enn C-dominale. Vidare må hypotesen kunne forklare kvifor spesifikke fenomen ser ut til å vere dei første som dukkar opp (jamfør tabell 6). I tillegg krevst det ei forklaring av kvifor kopuladropp er så utbreidd, korleis det kan ha seg at fenomena vert nytta målspråklikt før dei etterfølgjande vert nytta ikkje-målspråklikt, kvifor å ser ut til å vere ein vanskelegare subjunksjon å nytte enn *at* og også kvifor det – med unntak av negasjon – ser ut til å vere ein høgare feilprosent gjeldande fenomen som høyrer heime i C-domenet kontra fenomen som høyrer heime i T-domenet.

Mykje av det ovannemnde peiker mot at C-domenet er eit svakare ledd i setningsstrukturen enn T-domenet, ettersom det oftare vert gjort feil her, førekomsten av C-dominale element er mindre utbreidd og T-dominale element dukkar opp tidlegare. Dette vil eg ta til inntekt for det eg i denne oppgåva har trekt ut av modningshypotesen, nemleg at det

er ein viss linearitet i språktileigninga. Det vil seie at den optimale hypotesen må predikere linearitet i språktileigninga- og utviklinga på den måten at det som først vert tileigna er det mest stabile, og at stabiliteten vert bygt frå botnen av setningsstrukturen og oppover. I tillegg har eg synt at tre fenomen gjennomgåande dukkar opp først (negasjon, topikalisering og hjelpeverb), og at andre element opptrer etter individuell utvikling. Dette kan også verte attribuert til den genetiske koplinga av kognitive fenomen som modningshypotesen nyttar som forklaringsmodell, at språket vert "kopla inn" på bestemte tidspunkt på same måte som til dømes kjønnsmodning eller andre biologiske fenomen (sjå kapittel 3.2). I dette høvet er det i så fall negasjon, topikalisering og hjelpeverb som vert genetisk "kopla inn", og dette må då vere med i ein god hypotese.

Som nemnt må også den optimale hypotesen kunne forklare kopuladropp og sameksistens av meir og mindre utvikla fenomen. Dette meiner eg framhaldshypotesen vil kunne forklare; her meiner ein at fråvære av kategoriar provar eksistensen av dei, og dette må seiast å kunne vere sant for kopuladropp. Trass alt kan ikkje kopula *ikkje* vere tileigna, i og med at han ofte vert nytta i tillegg til at han vert droppa. Slik er det også for dei andre fenomena, som til dømes konstituentspørsmål med realisert og ikkje-realisiert *kv*-element. Ifølgje framhaldshypotesen vil dette vere hypotesetesting og ein sameksistens der den ikkje-målspråklike delen etter kvart vil verte forkasta.

For å summere opp, vil dette seie at ein optimal hypotese for dataa i denne oppgåva ville ha rom for at språkbrukaren både har *a priori*-kunnskap om språkstrukturen og samstundes at modning spelar ei rolle for utviklinga. Denne hypotesen ville dermed kunne spå at dei nedste delane av setningsstrukturen er dei mest stabile og hyppigast brukte fordi dei kognitive mekanismane som tillét dei høgareståande konstituentane ikkje har modna enno, samstundes som han, ved å ikkje vere for deterministisk, ville ha forklaringspotensiale for den ikkje-lineære utviklinga som går føre seg.



## 7 Konklusjon

Det overordna målet i denne oppgåva var å karakterisere språktilleigninga- og utviklinga til dei tre informantane mellom 24 og 30 månader, og å sjå kva hypotese, av to generelle, som best kunne forklare funna. Vel så viktig var det også å få samla inn eit norsk barnespråkskorpus, ettersom det finst lite av slikt frå før av. I teorikapittelet presenterte eg to store hypotesar, modningshypotesen og framhaldshypotesen, som skulle kunne gi ei forklaring på den generelle utviklinga i barnespråket, samt ein hypotese som gjekk meir spesifikt på C-domenet i språkstrukturen. I analysekapittelet har eg vidare nytta dei to store hypotesane for å sjå kva som best kunne forklare dataa mine, før eg til slutt har presentert analysen som nytta hypotesen om det sårbare C-domenet for seg sjølv.

Som eg har vore inne på gjennom oppgåva, har det synt seg å vere noko problematisk å nytte modningshypotesen og framhaldshypotesen som forklaringsmodellar for funna mine, spesielt fordi dei egnar seg betre til å forklare forståing heller enn produksjon av språk, og eg presenterer difor konklusjonen med atterhald om at det kan vere store feilmarginar her.

I resultatkapittelet presenterte eg fem fenomen: negasjon og hjelpeverb, som eg har rekna som delar av T-domenet, og *kv*-spørsmål, underordning og topikalisering, som eg har rekna som delar av C-domenet. For å få eit klart skilje mellom dei to hypotesane eg nytta i analysen av desse, har eg gått ut frå at den eine har predikert linearitet (modningshypotesen) og at den andre har predikert ikkje-linearitet (framhaldshypotesen). Det eg fann var noko av både, men aller mest ikkje-linearitet. Mellom anna har eg i den individuelle utviklinga til informantane sett at det ser ut til å vere ei viss rekkefølgje, som dessutan vil kunne vere lineær, når det gjeld kva fenomen dei produserer (nemleg at det er negasjon, hjelpeverb og topikalisering som er dei første). Ved å gå gjennom fenomen for fenomen, samstundes som eg har sett på om dei har vore målspråklikt nytta eller ikkje, fann eg likevel at det var sameksistens av målspråklike former og ikkje målspråklike former, noko som kan forklarast ved at språktilleigninga nettopp ikkje er lineær fordi barnet ikkje treng å ha fullført tileigninga av eitt fenomen for å kunne bygge eit fenomen høgare i setningsstrukturen på dette. Samstundes har eg funne at det er høgare og tidlegare førekomst av dei fenomena som høyrer til T-domenet, altså det lågaste domenet eg har sett på, samt topikalisering, som i ein splitta CP-modell vil vere den nedste projeksjonen av dei eg har sett på. I tillegg har eg funne at det er lågare førekomst av dei elementa som skal stå høgst i setningsstrukturen. Vidare har eg sett at informantane mine har litt problem med C-domenet, men at dette òg er høve for negasjon.

Det vil seie at dette kan vere noko prov for at den lineære forklaringa i alle fall ikkje kan forkastast.

Dette gjer at eg ikkje kan konkludere med at nokon av dei hypotesane eg har nytta i denne oppgåva kan forklare utviklinga eg har sett hjå dei tre informantane mine, men i og med at eg har sett ei rekke sameksisterande former og at det er meir evidens for ikkje-lineær utvikling enn lineær utvikling, meiner eg funna mine gir meir støtte til framhaldshypotesen enn modningshypotesen.

## 7.1 Svakheiter ved oppgåva og grunnlag for vidare forsking

Ei svakheit ved denne studien er det låge talet på relevante ytringar eg har hatt å analysere. Dette er sjølv sagt tett knytt til at det transkriberte materialet er lite og at informantane er få. Ideelt sett burde meir av materialet vore transkribert og det burde vore fleire informantar. Ikkje minst burde eg hatt gutar som informantar. Eg meiner så få ytringar lett kan gi misvisande analysar fordi ein kan kome til å generalisere for mykje ut i frå eit par ytringar, eller til og med berre éi ytring. Samstundes meiner eg at kopplinga mellom to så omfattande samt litt lite konkrete hypotesar og så lite data å analysere, utgjer ei svakheit. Eg skulle difor gjerne valt nokre hypotesar å arbeide med som var litt meir konkrete og lettare å finne støtte for i eit prosjekt med desse rammene.

I tillegg meiner eg det kan gi opphav til forvirring at eg ikkje har transkribert opptak for kvart barn kvar månad, men likevel har presentert resultata som ei utvikling frå månad til månad. Dette vil kunne gi feil i analysen ved at ein kan analysere førekomensten av eit fenomen som tilstadeverande eller skyhøg ein månad, og så tru at fenomenet ikkje opptrer neste månad, medan det i røynda er transkripsjonen av denne månaden som ikkje ligg føre. I eit meir omfattande prosjekt ville det vere mogleg å transkribere og dermed å analysere utviklinga for kvar informant kvar månad, men ettersom det ikkje har vore ei moglegheit i dette prosjektet, må eg ta høgde for feil her.

Barnespråksdataa som er samla inn til dette prosjektet utgjer elles eit solid fundament for vidare forsking, og dersom ein i tillegg hadde fått eit par gutar som informantar og transkribert meir materiale (moglegvis med fleire transkribørar som kunne sjekke kvarandre sitt arbeid), meiner eg korpuset er særskilt godt eigna for vidare forsking på den grammatiske utviklinga hjå norske born.

## Litteraturliste

- Adger, D. (2003). *Core syntax. A Minimalist Approach*. Oxford: Oxford University Press.
- Anderssen, M. (2005). *The Acquisition of Compositional Definiteness in Norwegian*. Tromsø: University of Tromsø, Department of Language & Linguistics/CASTL.
- Becker, M. K. (2000). *The Development of the Copula in Child English: The lightness of Be*: UCLA.
- Behrens, H. (2008). Corpora in language acquisition research: history, methods, perspectives. I: Behrens, H. (red.) b. vol. 6 *Corpora in language acquisition research: history, methods, perspectives*, s. XXX, 234 s. : ill. Amsterdam: John Benjamins.
- Bentzen, K. (2007). The degree of verb movement in embedded clauses in three varieties of Norwegian. *Nordlyd*, 34: 125-144.
- Bianchi, V. & Frascarelli, M. (2010). Is Topic a Root Phenomenon? *IBERIA: An International Journal of Theoretical Linguistics*, 2 (1): 43-88.
- Boeckx, C. (2006). *Linguistic Minimalism. Origins, concepts, methods and aims*. New York: Oxford University Press Inc.
- Borer, H. & Wexler, K. (1987). The maturation of syntax. I: Roeper, T. & Williams, E. (red.) *Parameter Setting*. Dordrecht, Holland: D. Reidel Publishing Company.
- Borer, H. & Rohrbacher, B. (2002). Minding the Absent: Arguments for the Full Competence Hypothesis. *Language Acquisition*, 10 (2): 123-175.
- Brown, R. (1973a). *A first language: the early stages*. London: George Allen Unwin Ltd. XX, 437 s. : ill. s.
- Brown, R. (1973b). The Study of Adam, Eve and Sarah. I: Lust, B. C. o. C. F. (red.) *First language acquisition*. UK: Blackwell Publishing.
- Chomsky, N. (1965). *Aspects of the theory of syntax*. Cambridge, MA: The MIT Press.
- Chomsky, N. (1980). *Rules and representations*. New York: Columbia University Press.
- Chomsky, N. (1986a). *Barriers*. Cambridge, Mass.: MIT Press. 102 s. s.
- Chomsky, N. (1986b). *Knowledge of language*. New York: Praeger.
- Chomsky, N. (1993). A Minimalist Program for Linguistic Theory. I: Hale, K. L., Keyser, S. J. & Bromberger, S. (red.) *The View from building 20: essays in linguistics in honor of Sylvain Bromberger*, s. XI, 273 s. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Chomsky, N. (1993 [1981]). *Lectures on Government and Binding*. Berlin/New York: Mouton de Guyter.
- Chomsky, N. (1995). *The Minimalist Program*. Cambridge, Massachusetts. London, England. : Massachusetts Institute of Technology.
- Chomsky, N. (2002). *On Nature and Language*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Clahsen, H. (1991). Constraints on Parameter Setting: A Grammatical Analysis of Some Acquisition Stages in German Child Language. *Language Acquisition* (1): 361-391.
- Corver, N. & van Riemsdijk, H. (2001). Semi-lexical categories. I: Corver, N. o. v. R. H. (red.) *Semi-lexical Categories. The Function of Content Words and the Content of Function Words*. Berlin/New York: Mouton de Gruyter.
- Crain, S. & Thornton, R. (1998). *Investigations in universal grammar: a guide to experiments on the acquisition of syntax and semantics*. Cambridge, Mass.: MIT Press. IX, 342 s. : ill. s.
- Croft, W. & Cruse, D. A. (2004). *Cognitive Linguistics*. Cambridge Textbooks in Linguistics. Cambridge: Cambridge University Press.
- den Besten, H. (1983). On the interaction of root transformations and lexical deletive rules. I: Abraham, W. (red.) *On the formal syntax of the Westgermania: papers*

- from the "3rd Groningen Grammar Talks" Groningen, January 1981*, s. 242 s. : ill.  
 Amsterdam: John Benjamin.
- Eide, K. M. (2005). *Norwegian modals*. Berlin: Mouton de Gruyter. XII, 457 s. : ill. s.
- Eide, K. M. & Sollid, H. (2007). Om verbplassering og så-konstruksjonen i to språkmøter.  
*NOA. Norsk som andrespråk*, 23 (2): 5-32.
- Eide, K. M. (2011). Norwegian (non-V2) declaratives, resumptive elements, and the  
 Wackernagel position. *Nordic Journal of Linguistics*, 34 (02): 179-213.
- Eide, K. M. (2013). Why English isn't Norwegian: Finiteness, inflection, and the syntax  
 your morphology can afford. *Manuskript*.
- Evans, V. & Green, M. (2006). *Cognitive Linguistics. An Introduction*. Edinburgh:  
 Edinburgh University Press.
- Fodor, J. A. (1983). *The modularity of mind: an essay on faculty psychology*. Cambridge,  
 Mass.: MIT Press. 145 s. s.
- Friedmann, N. & Lavi, H. (2006). On the order of acquisition of A-movement, Wh-  
 movement and V-C Movement. I: Belletti, A., Bennati, E., Chesi, C., Di Domenico, E.  
 & Ferrari, I. (red.) *Language acquisition and development*  
 . Cambridge, UK: Cambridge Scholars Press/CSP.
- Faarlund, J. T., Lie, S. & Vannebo, K. I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo:  
 Universitetsforlaget AS.
- Faarlund, J. T. (2005). *Revolusjon i lingvistikken. Noam Chomskys språkteori*. Oslo: Det  
 Norske Samlaget.
- Gretsch, P. (2006). Functions of Finiteness in Child Language. I: Geenhoven, V. v. (red.)  
*Semantics in Acquisition*. Dordrecht: Springer Netherlands.
- Gretsch, P. & Perdue, C. (2007). Finiteness in first and second language acquisition. I:  
 Nikolaeva, I. (red.) *Finiteness*, s. 432-484. Oxford: Oxford University Press.
- Guasti, M. T. (2002). *Language acquisition. The growth of grammar*. Cambridge,  
 Massachussets,  
 London, England: The MIT Press.
- Hagoort, P. (2006). On Broca, brain and binding. I: Grodzinsky, Y. & Amunts, K. (red.)  
*Broca's region* s. 240-251. Oxford: Oxford University Press.
- Hagstrom, P. (2001, February 6, 2001). *Rizzi, Luigi (1997). The fine structure of the left  
 periphery*. CAS LX 523 Syntax II, Boston University.  
[http://www.bu.edu/linguistics/UG/course/lx523-  
 s01/handouts/SyntaxII.4.CP.Rizzi.pdf](http://www.bu.edu/linguistics/UG/course/lx523-s01/handouts/SyntaxII.4.CP.Rizzi.pdf).
- Hamann, C., Lindner, K. & Penner, Z. (2001). Tense, Reference Time and Language  
 Impairment in German Children. I: Féry, C. & Sternefeld, W. (red.) b. 52 *Audiatur  
 vox sapientiae: a festschrift for Arnim von Stechow*, s. 182-213. Berlin: Akademie-  
 Verlag.
- Hoekstra, T. & Hyams, N. (1998). Aspects of root infinitives. *Lingua* 106: 81-112.
- Hoff, E., Laursen, B. & Bridges, K. (2012). Measurement and Model Building in Studying  
 the Influence of Socioeconomic Status on Child Development. I: Mayes, L. & Lewis,  
 M. (red.) *The Cambridge Handbook of Environment in Human Development*, s. 1  
 online resource (744 s.) : digital, PDF file(s). Cambridge: Cambridge University  
 Press.
- Holmberg, A. & Platzack, C. (1995). *The role of inflection in Scandinavian syntax*. New  
 York: Oxford University Press. IX, 253 s. : fig. s.
- Hornstein, N., Nunes, J. & Grohmann, K. K. (2005). *Understanding minimalism*.  
 Cambridge: Cambridge University Press. XVI, 405 s. : ill. s.

- Johannessen, J. B. (2003). Innsamling av språklige data: Informanter, introspeksjon og korpus. I: Johannessen, J. B. (red.) *På språkjakt - problemer og utfordringer i språkvitenskapelig datainnsamling*. Oslo: Unipub forlag.
- Johannessen, J. B., Hagen, K., Håberg, L., Laake, S., Søfteland, Å. & Vangsnæs, Ø. (2009). Transkripsjonsrettleiring for ScanDiaSyn. (lest 15.12.13).
- Karmiloff, K. & Karmiloff-Smith, A. (2001). *Pathways to language. From fetus to adolescent*. USA: First Harvard University Press
- Kedar, Y. (2007). *Functional categories in early language acquisition: The case of determiners*.  
[http://dspace.library.cornell.edu/bitstream/1813/7831/1/Yarden\\_Kedar\\_Disseration.pdf](http://dspace.library.cornell.edu/bitstream/1813/7831/1/Yarden_Kedar_Disseration.pdf) [16.07.13]. Cornell University.
- Klima, E. S. & Bellugi, U. (1966). Syntactic regularities in children's speech. I: J., L. & R., W. (red.) *Psycholinguistics papers: the proceedings of the 1966 Edinburgh Conference*. Edinburgh, Scotland: Edinburgh University Press.
- Kristoffersen, K. E. & Simonsen, H. G. (2012). *Tidlig språkutvikling hos norske barn. MacArthur-Bates foreldrerapport for kommunikativ utvikling*. Oslo: Novus forlag.
- Lasnik, H., Stepanov, A. & Depiante, M. (2000). *Syntactic structures revisited: contemporary lectures on classic transformational theory*. Cambridge, Mass.: MIT Press. IX, 210 s. : fig. s.
- Lasnik, H. & Lohndal, T. (2013). Brief overview of the history of generative syntax. I: den Dikken, M. (red.) *The Cambridge handbook of generative syntax*, s. X, 1153 s. : ill. Cambridge: Cambridge University Press.
- Lewis, D. (1979). Languages and language. I: Gunderson, K. (red.) *Language, Mind and Knowledge*. Minneapolis: University of Minnesota Press.
- Lind, M., Uri, H., Moen, I. & Bjerkan, K. M. (2000). *Ord som ikke vil. Innføring i språkpatologi*. Oslo: Novus forlag.
- Lohndal, T. (2009). Comp-t effects: Variation in the position and features of C. *Studia Linguistica*, 63: 204-232.
- Lust, B. C. (2006). *Child Language. Acquisition and Growth*. Cambridge Textbooks in Linguistics. Cambridge: Cambridge University Press.
- Lødrup, H. (2014). *There is no reanalysis in Norwegian pseudocoordinations (except when there is)*. Upublisert manuskript, Universitetet i Oslo. [http://folk.uio.no/helgelo/\[19.02.14\]](http://folk.uio.no/helgelo/[19.02.14]).
- MacWhinney, B. (2000a). *The CHILDES Project: Tools for analyzing talk*. 3. utg. Mahwah, NJ: Lawrence Erlbaum Associates
- MacWhinney, B. (2000b). Introduction [to the CHILDES project]. I: Trott, K., Dobbins, S. & Griffiths, P. (red.) *The child language reader*. USA/Canada: Routledge.
- MacWhinney, B. (2007). The TalkBank Project. I: Beal, J., Corrigan, K. & Moisl, L. (red.) b. 1 *Creating and Digitizing Language Corpora: Synchronic Databases*. Hounds-mills, Basingstoke, Hampshire: Palgrave-Macmillan.
- Meisel, J. (1991). The acquisition of the syntax of negation in French and German: contrasting first and second language development I: Eubank, L. (red.) *Point counterpoint: universal grammar in the second language*, s. ix, 439 s. : ill. Amsterdam: J. Benjamins Pub Co.
- Meisel, J. & Müller, N. (1992). Finiteness and Verb Placement in Early Child Grammar: Evidence From Simultaneous Acquisition of French and German in Bilinguals. I: J., M. (red.) *The Acquisition of Verb Placement*. Dordrecht, The Netherlands: Kluwer.

- Meisel, J. (2011). *First and Second language acquisition*. Cambridge, UK: Cambridge University Press.
- Meisel, J. M. (1997). The acquisition of the syntax of negation in French and German: contrasting first and second language development. *Second Language Research*, 13 (3): 227-263.
- NESH. (mars 2006). Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi.
- The New Shorter Oxford English Dictionary On Historical Principles*. (1993). Brown, L. (red.). The New Shorter Oxford English Dictionary On Historical Principles, 1 A-M. Oxford: Clarendon Press.
- Nordström, J. (2010). *Modality and subordinators*. Amsterdam: Benjamins. XVII, 341 s. s.
- Nygård, M. (2013). *Discourse ellipsis in spontaneously spoken Norwegian: clausal architecture and licensing conditions*, b. 2013:115. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Pinker, S. (1984). *Language learnability and language development*. Cambridge, Mass.: Harvard University Press.
- Pinker, S. (1991). Rules of language. *Science*, 253: 530-535.
- Pinker, S. (1995). *The language instinct*. Great Britain: The Penguin Press.
- Pinker, S. (1996 [1984]). *Language learnability and language development*. Cambridge, Massachusetts/London, England: Harvard University Press.
- Platzack, C. (2001). The Vulnerable C-domain. *Brain and Language*, 77: 364-377.
- Platzack, C. (2010). *Den fantastiska grammatiken*. Finland: Nordstedts.
- Poeppel, D. & Wexler, K. (1993). The Full Competence Hypothesis of Clause Structure in Early German. *Language*, 69 (1): 1-33.
- Pollock, J.-Y. (1989). Verb Movement, Universal Grammar and the Structure of IP. *Linguistic Inquiry*, 20 (3, Sommer 1989): 365-424.
- Powers, S. (2001). Children's semi-lexical heads. I: Corver, N. o. v. R. H. (red.) *Semi-lexical Categories. The Function of Content Words and the Content of Function Words*. Berlin/New York: Mouton de Gruyter.
- Radford, A. (1988). Small children's small clauses. *Transactions of the Philological Society*, 86 (1): 1-43.
- Radford, A. (1990). *Syntactic Theory and the Acquisition of English Syntax*. Oxford: Basil Blackwell Ltd.
- Rizzi, L. (1997). The fine structure of the left periphery. I: Haegeman, L. (red.) *Elements of Grammar. Handbook of Generative Syntax*. Dordrecht, The Netherlands: Kluwer Academic Publishers.
- Rizzi, L. (2001). On the Position "Int(errogative)" in the Left Periphery of the Clause'. I: Cinque, G. & Salvi, G. (red.) *Current studies in Italian syntax: essays offered to Lorenzo Renzi*, s. 287-296. Amsterdam: Elsevier.
- Roeper, T. (1999). Universal Biligualism.  
[http://people.umass.edu/roeper/egg2004/acquisition/Universal bilingualism June\\_99 final.pdf](http://people.umass.edu/roeper/egg2004/acquisition/Universal bilingualism June_99 final.pdf) [24.09.13].
- Rowland, F. C., Fletcher, S. L. & Freudenthal, D. (2008). How big is big enough? Assessing the reliability of data from naturalistic samples I: Behrens, H. (red.) b. vol. 6 *Corpora in language acquisition research: history, methods, perspectives*, s. XXX, 234 s. : ill. Amsterdam: John Benjamins.
- Salvesen, C. M. (2013). Topics and the left periphery: A comparison of Old French and Modern Germanic. I: Lohndal, T. (red.) *In search of universal grammar: from Old Norse to Zoque*, s. VI, 361 s. : ill. Amsterdam: John Benjamins.

- Sampson, G. (2005). *The 'Language instinct' debate*. London/NY: Continuum.
- Shatz, M. (2007). On the Development of the Field of Language Development. I: Hoff, E. & Shatz, M. (red.) *Blackwell handbook of language development*. Malden, Mass.: Blackwell.
- Tomasello, M. & Stahl, D. (2004). Sampling children's spontaneous speech: How much is enough? *Journal of Child Language*, 31: 101-121.
- Tomasello, M. (2009). The usage-based theory of language acquisition. I: Bavin, E. L. (red.) *The Cambridge Handbook of Child Language*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Weinberg, A. (1987). Comments on Borer and Wexler. I: Roeper, T. & Williams, E. (red.) *Parameter Setting*. Dordrecht, Holland: D. Reidel Publishing Company.
- Weissenborn, J., Goodluck, H. & Roeper, T. (1992). *Theoretical issues in language acquisition: continuity and change in development*. Hillsdale, N.J.: Lawrence Erlbaum Associates.
- Westergaard, M. R. & Vangnæs, Ø. (2005). Wh-questions, V2, and the Left Periphery of Three Norwegian Dialect types. *Journal of Comparative Germanic Linguistics*, 8: 117-158.
- Westergaard, M. R. (2009). Item-based vs. Rule-based Learning: The Acquisition of Word Order in Wh-Questions in English and Norwegian. *Journal of Child Language*, 36 (5): 1023-1051.
- Westergaard, M. R. & Bentzen, K. (2010). Word order and finiteness in the acquisition of English and Norwegian wh-questions. I: Franich, K., Iserman, K. M. & Keil, L. L. (red.) b. 2 *Proceedings of the 34th annual Boston University Conference on Language Development*, s. 457-467. Somerville, MA: Cascadilla Press.
- Wexler, K. (1994). Optional infinitives, head movement and the economy of derivations. I: Lightfoot, D. & Hornstein, N. (red.) *Verb movement*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Wexler, K. (1998). Very early parameter setting and the unique checking constraint: A new explanation of the optional infinitive stage. *Lingua*, 106: 23-79.
- Åfarli, T. A. (2000). *Grammatikk - kultur eller natur? Elementær innføring i det generative grammatikkstudiets vitskapsteori*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Åfarli, T. A. & Eide, K. M. (2003). *Norsk generativ syntaks*. Oslo: Novus forlag.



**VEDLEGG**

## Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeskjema til informantar

# FØRESPURNAD OM DELTAKING I MASTERPROSJEKT OM BARNEspråK

Eg er masterstudent i nordisk språkvitskap ved NTNU, og skal no byrje med å samle inn data til masteroppgåva mi. Temaet for oppgåva er barnespråksgrammatikk. Eg skal undersøke kva typar ord born i alderen 24-30 månader brukar når dei pratar.

Meir konkret skal eg sjå om dei har berre leksikalske ord (det vil seie slike ord som me finn i leksikon og som har ei bestemt tyding, som *gutt*, *sykle*, *blå*), eller om dei har grammatiske ord òg (det vil seie språklege element med meir abstrakt tyding, som *finare*, *den bamsen*, *skulle* etc.).

For å finne ut av dette ønskjer eg å gjere opptak av born i den aktuelle alderen. Den beste måten å gjere slike opptak på er at du/de som foreldre/føresette får med ein opptakar heim og gjer opptak i ein vanleg kvardagssituasjon der barnet pratar. Dette vil det vere aktuelt å gjere kvar andre veke i eit halvt år frå desember 2012/januar 2013 og til omkring mai/juni 2013.

I tillegg ønskjer eg at foreldre/føresette kryssar av på eit skjema som handlar om kva ord barnet kan og kva typar setningar barnet har. Dette vert i samband med at de gjer opptak.

Det er frivillig å vere med, og du kan trekke deg og barnet ditt frå prosjektet når som helst undervegs, utan å grunngje det. Opplysingane vert handsama konfidensielt etter retningslinjer frå Personvernombudet for forsking. Ingen enkeltpersonar kan verte kjent att i den ferdige oppgåva.

Viss du trekker deg og barnet ditt undervegs vil alle innsamla data frå dykk verte anonymiserte. *Alle* opplysingar vert anonymiserte når oppgåva er ferdig, uavhengig av om du har fullført heile undersøkinga eller ikkje. Opptaka vert tatt vare på for eventuell vidare forsking.

Viss du har lyst til å vere med på dette prosjektet, er det fint om du skriv under på den vedlagde samtykkeerklæringa og leverer ho til meg.

Har du spørsmål må du gjerne ringe meg på telefon 980 33 802, eller sende ein e-post til [tinall@stud.ntnu.no](mailto:tinall@stud.ntnu.no). Du kan også kontakte rettleiaren min ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap, Kristin M. Eide på tlf. 73550413/95700040 eller e-post [kristin.eide@ntnu.no](mailto:kristin.eide@ntnu.no).

Studien er meldt til Personvernombudet for forsking, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD).

Med venleg helsing  
Tina Louise Ringstad Larsen  
[tinall@stud.ntnu.no](mailto:tinall@stud.ntnu.no)  
tlf: 980 33 802



*Prosjekttittel:* Barnespråksgrammatikk

Eg har lese informasjonsskrivet og er villig til å la min sønn/datter delta i prosjektet.

.....  
Stad

.....  
Dato

.....  
Underskrift

**Vedlegg 2: Skjema utdelt til foreldre/føresatte av informantane med spørsmål om utfyllande opplysingar om informanten**

**A. OPPLYSINGAR OM BARNET**

1. Barnet sitt kjønn:  Gut  Jente

2. Barnet sin fødselsdato og -år:   /   -20   
Dag Mnd År

3. Barnet sin noverande bustad:

Postnummer: \_\_\_\_\_ Stad: \_\_\_\_\_

4. Kor har barnet budd inntil i dag?

Heile sitt liv på same bustad

Har tidlegare budd ein annan stad (i minst 6 månader)

5. Viss det er satt kryss i "Har tidlegare budd ein annan stad", før opp postnummer og stad:

Postnummer: \_\_\_\_\_ Stad: \_\_\_\_\_

**B. OPPLYSINGAR OM BARNET SIN FAMILIE**

1. Kor mange born er det i alt i familien? \_\_\_\_\_

2. Kva nummer i søskjenflokkene er barnet? \_\_\_\_\_

3. Viss barnet har søsken, oppgje kjønn og alder.

- a.  Gut  Jente Alder: \_\_\_\_\_ år
- b.  Gut  Jente Alder: \_\_\_\_\_ år
- c.  Gut  Jente Alder: \_\_\_\_\_ år

**C. ANDRE OPPLYSINGAR OM BARNET**

1a. Er barnet i regelbunden kontakt med andre språk enn norsk?

Ingen kontakt

Noko kontakt (t.d. regelbundne besøk av slekting med anna morsmål enn norsk)

Hyppig kontakt (eit anna språk enn norsk blir brukt regelbunde i heimen)

1b. Viss det er kryssa av for "Noko kontakt" eller "Hyppig kontakt" under 1a, vær vennleg og oppgje kva språk: \_\_\_\_\_

2. Går barnet i barnehage?  Ja  Nei

Viss det er kryssa av for "ja":

2a. Kor lengje har barnet gått i barnehage? \_\_\_\_\_ år \_\_\_\_\_ mnd

**2b.** Kor gamle er dei borna som barnet ditt omgåast i barnehagen?

**2c.** Kor ofte er barnet i barnehage? \_\_\_\_\_

**4.** Har barnet leikekameratar det leikar med på jamleg basis? \_\_\_\_ Ja \_\_\_\_ Nei  
Viss det er kryssa av for "ja":

**4a.** Kor mange slike leikekameratar har barnet? \_\_\_\_\_

**4b.** Kor gamle er leikekameratane? \_\_\_\_\_

**5.** Er barnet for tidleg født? \_\_\_\_ Ja \_\_\_\_ Nei

Viss det er kryssa av for "ja":

**5a.** Kva svangerskapsuke er barnet født i? \_\_\_\_\_

**6.** Har barnet hatt kronisk ørebetennelse? \_\_\_\_ Ja \_\_\_\_ Nei

**6a.** Har barnet andre problem med øyra eller høyrseLEN? \_\_\_\_ Ja \_\_\_\_ Nei

Viss det er kryssa av for "ja", kan du utdjupe kva problem?

---

## D. OPPLYSINGAR OM MOR

**1.** Mor sin bustad

\_\_\_\_ Same adresse som barnet \_\_\_\_ Anna adressa enn barnet

**2.** Mor sin fødselsdato og -år: \_\_\_\_ / \_\_\_\_ -19 \_\_\_\_  
Dato Mnd År

**3.** Kva land er mor oppvakse i: \_\_\_\_ Noreg \_\_\_\_ Eit anna land

**3a.** Viss det er kryssa av for "Noreg", oppgi kva landsdel mor primært er oppvakse i:

\_\_\_\_ Austlandet \_\_\_\_ Sørlandet \_\_\_\_ Vestlandet \_\_\_\_ Trøndelag \_\_\_\_ Nord-Noreg

**3b.** Viss det er kryssa av for "Eit anna land", oppgi kva for land: \_\_\_\_\_

**4.** Mor sitt utdanningsnivå

\_\_\_\_ Grunnskule

\_\_\_\_ Vidaregåande skule

\_\_\_\_ Universitet- og høgskoleutdanning (lågare grad)

\_\_\_\_ Universitet- og høgskoleutdanning (høgare grad, inkl. Forskarutdanning)

## E. OPPLYSINGAR OM FAR

**1.** Far sin bustad

\_\_\_\_ Same adresse som barnet \_\_\_\_ Anna adressa enn barnet

**2.** Far sin fødselsdato og -år: \_\_\_\_ / \_\_\_\_ -19 \_\_\_\_  
Dato Mnd År

**3.** Kva land er far oppvakse i:  Noreg  Eit anna land

**3a.** Viss det er kryssa av for "Noreg", oppgi kva landsdel far primært er oppvakse i:

Austlandet  Sørlandet  Vestlandet  Trøndelag  Nord-Noreg

**3b.** Viss det er kryssa av for "Eit anna land", oppgi kva for land: \_\_\_\_\_

**4.** Far sitt utdanningsnivå

Grunnskule

Vidaregåande skule

Universitet- og høgskoleutdanning (lågare grad)

Universitet- og høgskoleutdanning (høgare grad, inkl. Forskarutdanning)

## Vedlegg 3: Ytringar nytta i oppgåva og som utgjer dei samla resultata

### Hjelpeverb

#### Synlege

##### Tuva

2;00.20 - tante xxx vil kom  
2;00.20 - ska gå xxx (æ ska gå xxx)  
2;00.20 - har itj kommi Magnus bilde  
2;00.20 - å vil kåmmå (hu vil kåmmå)  
2;00.20 - æ må ikke [//] må sjå den  
2;3.00 - han må ha på bovva han (han må ha på lua han)  
2;3.00 - nei æ vil les i den først  
2;3.00 - Tussa skull ikke det  
2;3.00 - nei æ vil ikke sjå den  
2;3.00 - ja bare ungan vil ha på derre dress  
2;3.00 -nei vil ikke ha på  
2;3.00 -nei æ vil ikke ha på den no  
2;3.00 - nei æ vil xxx  
2;3.00 - æ vil itj vær med æ  
2;3.00 -æ treng ikke ha på  
2;3.00 -nei æ vil ikke ha på mæ det  
2;03.13 -æ vil ha den  
2;03.13 -Dina måtta hjelp mæ  
2;03.13 -vi kan ikke sitti på  
2;03.13 -vi kan itj det  
2;03.13 - æ vil gå opp opp hytta  
2;03.13 -ja æ vil det  
2;03.13 -kan itj drikk  
2;4.19 -vil ikke grill  
2;4.19 -æ vil ikke ha den  
2;07.01 - æ har sitti der da

##### Idun

2;4 - jeg skal bla siste sida  
2;4 - han har kasta oppi buss  
2;4 - hu ska trille trillebår  
2;4 - jeg har spist to tre fire fem  
2;4 - da ska vi kos oss  
2;4 - vi ska kos oss på...  
2;4 - vi ska gå på mormors  
2;4 - æ vil [//] æ ferdig  
2;4 - æ villa spis opp i magen min  
2;4 - æ vil trykk på'n  
2;4.22 - vi ska se på lesexxx  
2;5.16 - æ vil [//]

2;5.16 - kan få se på?  
2;5.16 - æ har faktisk +...  
2;5.16 - no har xxx mista xxx på grusen sin  
2;5.16 - har du gjømt dæ?  
2;5.16 - du har bada  
2;5.16 - æ har bada jeg også  
2;5.16 - da må vi klipp dæm  
2;5.16 - han villa gå opp på lekeplassen  
2;5.16 - æ vil ikk, æ vil ikke  
2;7.5 - æ ska [//] æ ska gå i barnehagen  
2;7.5 - æ har [//] æ får ikke te  
2;7.5 - så ikke kan komme rotta og mus inni der  
2;7.5 - du må tråkke på hekken  
2;7.5 - ska vi springe uten sko?  
2;7.5 - ska vi på banen?  
2;7.5 - ska vi synge dine ører henger ned  
kan du ta dem å spise med  
2;7.5 - vi kan syng den no?  
2;7.5 - æ kunne den  
2;7.5 - kan vi synge hei tomtegubben?  
2;7.5 - du kan [//] du kan syng'e'n for meg

##### Ylva

2;1.17 - æ vil ha mer  
2;1.17 - æ vil ha knekkebrød  
2;1.17 - vil ikke  
2;1.17 - æ vil ikke  
2;1.17 - vil ha sko ute  
2;1.17 - nå Ylva litn og kan ikke kaffe  
2;1.17 - vil ikke ha det sånn i munnen  
2;4.28 - æ vil ha den og den  
2;4.28 - æ vil ha sjiraffen etterpå  
2;4.28 - Har du vært i Heggstadmoen?  
2;5.29 - æ kan gi dæ i boksen bare at det er  
mere kakao og melk sånn  
2;5.29 - jeg vil ha hårstrikket æ stor jente  
2;5.29 - jeg skal ha den  
2;5.29 - ja, jeg skal bake litt oppi  
2;5.29 - jeg skal bake bolla te deg  
2;5.29 - jeg kan smake herra

2;5.29 - jeg ska gjør det etterpå  
2;5.29 - vil du bli med her?  
2;5.29 - jeg ska sitte på her  
2;5.29 - jeg kan ha på sekken  
2;5.29 - æ vil ha de på  
2;5.29- jeg ska sykle til london  
2;5.29 - vil du bli med mæ til London?  
2;5.29 - vi ska læke litt i london  
2;5.29 - vi skal kjøre brannbil og  
2;5.29 - jeg ska kjøre brannxxx

### Ikkje synlege

#### Tuva

2;00.20 - Tuva hoppe mer sånn

#### Idun

2;4 - det e gutt som kasta opp i treet

### Negasjon

#### Setningsnegasjon

#### Tuva

2;00.20 - nei ikke hæp  
2;00.20 - Har itj kommi Magnus bilde  
2;00.20 - ikke ta den !  
2;00.20 - ikke balln ikke !  
2;00.20 - ikke sjå  
2;00.20 - Æ må ikke [//] må sjå den!  
2;3.00 - æ vil itj vær med æ  
2;3.00 - Du har ikke på fonefone dine  
2;3.00 - Bestemor har ikke telefon  
2;3.00 - nei, vil ikke ha på  
2;3.00 - Nei æ vil ikke ha på den no  
2;3.00 - ja æ vil ikke ha på  
2;3.00 - æ treng ikke ha på  
2;3.00 - nei æ vikke ha <på mæ det> [?]  
2;3.00 - Tussa <skull>[?] ikke det  
2;3.00 - nei, æ vilke sjå den  
2;03.13 - ikke hjæp mæ  
2;03.13 - ikke hjæp mæ gjør sånn  
2;03.13 - Ikke æ kakk dæm  
2;03.13 - klaritj å oppå hytta  
2;03.13 - vi kan ikke sitti på  
2;03.13 - vi kan itj det  
2;03.13 - Ikke dette ned, Dina si  
2;03.13 - Ikke siker sitti på æ  
2;03.13 - kan itj drikk  
2;4.19 - nei ikke grill  
2;4.19 - vil ikke grill

2;4.19 - æ vil ikke grill  
2;07.01 - Ne-ei, æ klarikke det .  
2;07.01 - Æ sjer ikke handa  
2;07.01 - to, en, to, fire, fem, seks, sju, åtte, ni, sånn klarikke æ .  
2;07.01 - Æ klarikke den æ

#### Idun

2;4 - jeg e ikke ferdig  
2;4 - jeg liker ikke buksa mi  
2;4 - jeg liker ikke så veldig stor bukse  
2;4 - æ liker ikke litn bukse  
2;5.16 - nei nei har ikke flodhesta  
2;5.16 - æ vil ikk, æ vil ikk  
2;7.5 - æ har [//] æ får ikke te  
2;7.5 - nei vi ser ikke barne-tv xxx  
2;7.5 - vi ser ikke på Newton  
2;7.5 - så ikke kan komme rotta og mus inni der

#### Ylva

2;1.17 - Like ikke den derre skalken  
2;1.17 - Ikke Karius og Baktus skogen no  
2;1.17 - Nå Ylva litn og kan ikke kaffe  
2;1.17 - den e ikke Ylva sin  
2;1.17 - likikke den  
2;1.17 - vil ikke  
2;1.17 - æ vil ikke  
2;1.17 - vil ikke Karius og Baktus på talebletten  
2;1.17 - mamma pappa Ylva like ikke sånn  
2;1.17 - ja ikke kaffe  
2;1.17 - pappa ikke xxx  
2;1.17 - ikke xxx ikke vekke ungan  
2;3.0 - den passe ikke  
2;3.0 - der e ikke elv xxx  
2;4.28 - det va ikke nå godt  
2;4.28 - ikke miste brødkiva  
2;4.28 - det ikke plass til ugla  
2;4.28 - den ikke Visjud  
2;4.28 - ikke plass te ugla  
2;4.28 - ikke det e plass te ugla no  
2;4.28 - det ikke pl +//  
2;5.29 - ikke xxx mer kakao  
2;5.29 - æ bruk'ikke gaffel

## Konstituentnegasjon

### Tuva

2;00.20 - Ikke den der  
 2;00.20 - Den ikke artig  
 2;3.00 - Ikke no  
 2;03.13 - Ikke æ  
 2;03.13 - Ikke sånn?  
 2;4.19 - Smør, ikke smør, ost  
 2;4.19 - Ikke syltetøy.

### Ylva

2;1.17 - xxx ikke Ylva  
 2;1.17 - Biola ikke skei  
 2;1.17 - ikke den  
 2;3.0 - ikke den  
 2;3.0 - nei ikke denne  
 2;4.28 - Mia ikke Anne  
 2;4.28 - ikke duck

## **Kv-spørsmål**

### Med synleg kv-ord

### Tuva

2;4.19 - a har vi ?  
 2;07.01 - a gjoorn da ?

### Idun

2;5.16 - hvilken dag i dag ?  
 2;5.16 - ka har du på dæ ?  
 2;7.5 - kor e larvepuslespillet tenke æ på ?  
 2;7.5 - kor e pappa ?  
 2;7.5 - kor e bilde?  
 2;7.5 - kor e bilde av vi ta bilde?

### Ylva

2;1.17 - ka inni der?  
 2;5.29 - hvor er den andre?

### Utan synleg kv-ord

### Tuva

2;3.00 - Tussa da?

### Ylva

2;5.29 - va det ?

## **Topikalisering**

### Med inversjon

### Tuva

2;00.20 - Her Tuva xxx Magnus  
 2;00.20 - Der Magnus  
 2;00.20 - Her Magnus  
 2;07.01 - også den xxx oppi døra[?] den vil  
 æ ha med .

### Idun

2;4 - Da ska vi kos oss  
 2;4 - Da bli det barne-tv  
 2;4.22 - da slo sæ i hodet så datt hu ned fra  
 dompa  
 2;4.22 - da va det så <ferdig> [?] attme  
 Herman .  
 2;5.16 - no har xxx mista xxx på grusen sin  
 2;5.16 - da <satt> [?] æ på benken og  
 vaska begge fotan mine .  
 2;5.16 - da bli de lang  
 2;5.16 - da xxx neddi skoen .  
 2;5.16 -da må vi klipp dæm  
 2;7.5 - da bli det masse bråk inni der  
 2;7.5 - der e øran te maskina  
 2;7.5 - da si det piiiip

### Ylva

2;1.17 - å nå er jul  
 2;1.17 - nå Ylva litn og kan ikke kaffe .  
 2;1.17 - her e middagen  
 2;1.17 - der va det agurk  
 2;1.17 - her e xxx  
 2;1.17 - her e kjøtt  
 2;1.17 - her e bie potet  
 2;1.17 - her e bolle der  
 2;1.17 - her e fiskebolle  
 2;1.17 - no ferdig  
 2;3.0 - der stikk ut der e Karius og Baktus  
 hus  
 2;5.29 - da kjøre æ

### Utan inversjon

### Tuva

2;00.20 - Tuva Tuva, her Tuva skli

## **Underordning**

### Synleg subjunksjon

Tuva

2;03.13 - Dina syns at artig sitti attme mæ !

2;03.13 - kla[//] klaritj å oppå hytta .

Idun

2;4 - det e han som kasta opp i treet .

2;4 - hu for å bæsje .

2;4.22 - da slo sæ i hodet så datt hu ned fra dompa .

2;4.22 - jeg var så treig å kle på mæ .

2;7.5 - det e stengt i maskina . så ikke kan komme rotta og mus inni der .

Ylva

2;5.29 - æ kan gi dæ i boksen bare at det er mere kakao og melk sånn .

(2;5.29 - ja, at, jeg tar den i ovnen da bli den veldig varm.)

2;5.29 - sykle på jobb .sånn som pappa gjør

### Utan synleg subjunksjon


Tuva

2;00.20 - æ bynne trøtt


2;03.13 - Dina syns at artig sitti attme mæ !

**Vedlegg 4: individuell utvikling av målspråklik og ikke målspråklik bruk av setningsnegasjon**


**Tuva, utvikling av negasjon**



**Ylva, utvikling av negasjon**



**Idun, utvikling av negasjon**





## **Samandrag**

Eit viktig område av språkvitskapen tar føre seg korleis born lærer språk. Denne masteroppgåva ser konkret på korleis tre norske born tileignar seg funksjonelle kategoriar, meir spesifikt hjelpeverb, negasjon, topikalisering, *kv*-spørsmål og underordning.

To av hypotesane som er nytta for å undersøke dette er framhaldshypotesen og modningshypotesen. Ut frå både er det utkrystallisert relativt generelle prediksjonar om syntaktisk språkutvikling, og i denne oppgåva er hypotesane primært nytta til å sjå om språkutviklinga til dei tre informantane er lineær eller ikkje lineær, altså i kva rekkefølgje den syntaktiske strukturen kjem til uttrykk gjennom språket deira over tid. Oppgåva har eit spesielt fokus på C-domenet, og analyseverktøyet som er nytta for å undersøke dette er ein hypotese om det sårbare C-domenet og ein syntaktisk modell av ein splitta CP.

Datagrunnlaget som er nytta for å undersøke det ovannemnde er transkripsjonar av nyinnsamla opptak av spontan tale frå tre norske jenter i alderen 24 til 31 månader. Opptaka er gjorde med jamne mellomrom i eit halvt år.

Den språkutviklinga ein finn i dataa som ligg til grunn for oppgåva, gir ikkje eintydig støtte til nokon av dei tre nemnde hypotesane, men ulike element av funna passar med delar av hypotesane. Spesielt syner linearitet seg å vere eit komplekst tema fordi setningsstrukturen på ei side ikkje ser ut til å utvikle seg trinnvis frå botnen og opp, men på ei anna side syner det ein kan kalle eit stabilitetsproblem, der dei høgaste delane av strukturen oftare er ikkje målspråklike enn dei lågare delane. I denne oppgåva vert dette skildra som at setningsstrukturen har meir og mindre stabile komponentar.